



Sikre
kvalitet,
skape tillit

Glimt

2023



Januar

- NOKUT gjennomførte den nasjonale deleksamenen for barnevernsstudium for første gong. 165 studentar deltok.
- NOKUT arrangerte NOKUT-konferansen «Neste trekk». Vi samla sektoren for å diskutere korleis kvalitetssikring i framtida kan bidra til kvalitetsutvikling i høgare utdanning: Korleis sikrar ein kvalitet for å skape tillit?
- NOKUT inviterte til jubileumsfest. I 2023 var det 20 år sidan NOKUT blei oppretta.

Februar

- NOKUT akkrediterte master i rettsvitenskap ved Universitetet i Agder og Universitetet i Stavanger.
- NOKUT presenterte resultatane frå Studiebarometeret for høgare utdanning. [Sjå meir på side 37.](#)

Mars

- NOKUT deltok på sektormøte om studiekvalitet, studentøkonomi og studentvelferd der statsråd Ola Borten Moe samla representantar frå ulike delar av utdanningssektoren for å diskutere korleis studentane har det.

April

- NOKUT vedtok den nye organisasjonsmodellen. Hovudgrepet er at vi har samla kompetanse og verkemiddel for høgare yrkesfagleg utdanning (fagskular) og høgare utdanning (høgskular og universitet) i kvar sin seksjon. I tillegg oppretta vi ei eiga avdeling for regelverk og økonomisk tilsyn.
- NOKUT godkjende det systematiske kvalitetsarbeidet ved Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet, Universitetet i Bergen, Universitetet i Oslo, Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet og Høyskolen for ledelse og teologi.

Mai

- NOKUT gav innspela sine til dei nye krava for å bli akkreditert som eit universitet.
- NOKUT la fram resultatane av ei evaluering av Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring. Der kom det fram at kvalifikasjonsrammeverket har hatt få og små effektar på mobilitet og livslang læring, og at det i stor grad har blitt eit utdanningsrammeverk med regulerande effektar.
- NOKUT arrangerte det første arbeidsmøtet til dei sakkunnige for evalueringa av profesjonsstudiet i medisin. Evalueringa skal vere ferdig til februar 2025.



Juni

- NOKUT blei godkjent etter ei internasjonal evaluering av ENQA, som er ein paraplyorganisasjon for kvalitetssikringsorgan i Europa. Evalueringsrapporten inneheld rosande omtale på fleire område, men også nokre forslag til forbetringar. [Sjå meir på side 22.](#)
- NOKUT godkjende Høgskolen for ledelse og teologi som akkreditert høgskule.
- NOKUT fekk ein grundig rapport frå Riksrevisjonen om kvalitetsarbeidet i norsk høgare utdanning og verksemda vår. [Sjå meir på side 31.](#)

August

- Søknaden frå NOKUT om fornya medlemskap i det europeiske registeret over kvalitetssikringsorgan (EQAR) blei godkjend for fem nye år. [Sjå meir på side 22.](#)

September

- NOKUT akkrediterte fem nye fagområde ved fem ulike fagskular. For tre av dei var det den første fagområdeakkrediteringa deira. Fullmakta gjer at dei raskt kan opprette nye og etterspurde utdanningar på viktige fagområde.
- NOKUT arrangerte eit seminar der kartlegginga av dei praktisk-pedagogiske utdanningane (PPU) blei presentert. Hovudrapporten gav verdifull innsikt i kva både studentar, kandidatar og skuleleiarar meinte gir god kvalitet i PPU for allmenn- og yrkesfag.
- NOKUT presenterte resultatane frå Studiebarometeret for fagskulestudentar, som viste at studentane på eit overordna nivå er nøgde med kvaliteten på utdanninga dei går på. [Sjå meir på side 37.](#)
- NOKUT deltok på årskonferansen for NOQA (Nordic Quality Assurance Network in Higher Education), som er eit nordisk nettverk for kunnskaps-, informasjons- og erfaringsdeling og for å ta initiativ til prosjekt av felles interesse.

Oktober

- NOKUT arrangerte eit seminar om institusjonsakkreditering av fagskular for å involvere sektoren i dette arbeidet.
- NOKUT godkjende det systematiske kvalitetsarbeidet ved Oslo Nye Høgskole, mens Atlantis Medisinske Høgskole, Noroff University College og NSKI Høgskole har manglar i kvalitetsarbeidet sitt som dei må rette opp innanfor ein frist dei har fått av NOKUT.
- NOKUT arrangerte eit erfaringsdelingsseminar om nasjonal deleksamen for matematikklærarar i grunnskulelærarutdanningane.
- NOKUT gjorde endring i søknadsfristar for akkreditering av utdanningar i 2024, slik at det berre vil vere mogleg å søkje om akkreditering av fagskule-, bachelor- og masterutdanningar i august og september.
- NOKUTs administrerande direktør, Kristin Vinje, blei vald inn i styret for den europeiske organisasjonen for kvalitetssikringsorgan i høgare utdanning (ENQA). [Sjå meir på side 22.](#)

November

- NOKUT fekk inn rekordmange søknader om fagområdeakkreditering. Ved søknadsfristen 1. november var det komme inn 20 søknader. [Sjå meir på side 27.](#)

Desember

- NOKUT inviterte til debatt om korleis NOKUT framover bør følgje opp kvalitetsarbeidet ved høgskular og universitet.
- NOKUT flytta inn i nyoppussa lokale på Lysaker.
- NOKUT godkjende det systematiske kvalitetsarbeidet ved Kunsthøgskolen i Oslo (KHiO). Manglane med kvalitetsarbeidet som blei funne i det førre tilsynet, var no retta opp.

Innhald

2023



Melding frå styret 6



Introduksjon til verksemda og hovedtal 10



Årets aktivitetar og resultat 13

Mål 1 18

Mål 2 24

Mål 3 36



Styring og kontroll i verksemda 46



Vurdering av framtidsutsikter 50



Årsrekneskapen 2023 54



Forord

Alle skal oppleve god utdanningskvalitet der dei studerer, anten det er ved eit universitet, ein høgskule eller ein fagskule. I Noreg har vi til saman 10 universitet, 38 høgskular og 61 fagskular, både offentlege og private. Dei varierer i storleik, fullmakter, profil og studentgrupper. Nokre har éin campus, mens andre strekkjer seg over store område.

Felles for alle institusjonane er at dei må følgje krav som skal sikre at dei har eit system for å ta vare på og utvikle kvaliteten i utdanningane sine. Som akkrediterings- og tilsynsstyresmakt har vi i NOKUT ansvaret for at dette skjer, men det er institusjonane sjølve som har ansvaret for å sjå til at det blir arbeidd godt med utdanningskvaliteten på alle nivå. I vår eigen strategi for perioden fram mot 2030 har vi staka ut kursen for korleis NOKUT skal arbeide for å sikre kvalitet og stimulere til utvikling på ein slik måte at samfunnet har tillit til at fagskular, høgskular og universitet leverer gode utdanningar til studentane sine. Studentane fortener å få best mogleg utdanning, samtidig som samfunnet er avhengig av at kandidatane er kompetente når dei kjem ut i arbeidslivet.

Spørsmålet om mastersjuka har igjen komme på dagsordenen. I Noreg er det no rundt 14 prosent av den vaksne befolkninga som har ein mastergrad. Dette ligg på snittet til OECD-landa og under dei andre nordiske landa. Arbeidslivet har stadig behov for kvalifisert arbeidskraft på ulike nivå, og for å løyse komplekse samfunnsutfordringar framover treng vi også fleire folk med kompetanse på mastergradnivå. Vi i NOKUT er opptekne av at fagskulane, høgskulane og universiteta må sjåast i samanheng. Dei har alle ein viktig plass i det tertiære utdanningssystemet. Utdanning med høg kvalitet skal tilbydast på alle nivå.

I 2023 bidrog vi til at 39 nye utdanningar såg dagens lys – rundt om i heile landet. Dette er alt frå fagskuleutdanningane *bar manager* og *vindkraft* og *energilagring* til ei masterutdanning i rettsvitenskap. Samtidig blei dette også eit år med rekordhøge søknadstal for å få akkreditert nye studieprogram og fagområde – heile 144 søknader. På toppen av det fekk vi inn 208 meldingar om endringar i utdanningar ved fagskular. Dette er endringar som NOKUT må godkjenne før dei kan setjast ut i livet.

Vi vil framover fortsetje å tilpasse arbeidsmetodane våre slik at institusjonane opplever dei som nyttige i kvalitetsarbeidet sitt, og slik at dei kan utvikle studieprogramporteføljen sin. NOKUTs eksterne kvalitetssikring skal vere treffsikker og tilpassa eigenarten og dei faglege fullmaktene til institusjonane. Vi skal i større grad stimulere til utvikling. Utgreiingane og analysane våre skal bidra til auka kunnskap om ulike forhold som har innverknad på kvaliteten i studia. I tillegg skal vi sørge for at akkrediteringsprosessane er effektive, slik at fleire studietilbod kjem raskare på plass, og slik at næringslivet får betre tilgang til kandidatar med rett kompetanse.

Arbeidet til NOKUT er internasjonalt forankra, og vi blir også sett i korta med jamne mellomrom. Kvart femte år må NOKUT gjennom ei evaluering av ENQA¹, den europeiske medlemsorganisasjonen for kvalitetssikringsorgana i Europa. Dei evaluerer arbeidet vårt og kontrollerer korleis NOKUT oppfyller dei europeiske standardane for kvalitetssikring. I 2023 stod vi med glans, og det sikra oss vidare medlemskap i både ENQA og medlemsregisteret EQAR². Evalueringspanelet trekte spesielt fram det gode arbeidet NOKUT gjer med metodeutvikling, og at vi har ein god og open dialog med institusjonane. Dei meinte at dette er noko av det som vil bidra til kvalitetsutvikling av sektoren, og som vil sikre at kvalitetsarbeidet ikkje berre skjer gjennom kontroll.

Jobben til NOKUT er å sikre kvalitet for å skape tillit – og i det arbeidet er vi særleg avhengige av mange gode aktørar ved universiteta, høgskulane og fagskulane. På dei neste sidene kan du lese meir om arbeidet vårt i 2023 og kva vi gjer for at samfunnet skal kunne ha tillit til kvaliteten i norsk utdanning. Følg gjerne lenkjene vidare for å lese meir på nettsidene våre.

God lesing!

Kristin Vinje | administrerende direktør

¹ The European Association for Quality Assurance in Higher Education.

² The European Quality Assurance Register.

1

Melding frå styret

I 2023 var det 20 år sidan NOKUT blei etablert. Ved inngangen til året hadde NOKUT ny strategi, ny organisasjonsstruktur og eit samfunnsoppdrag som i endå høgare grad er konsentrert om å sikre og utvikle kvalitet i høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning. Bakgrunnen for endringane var at oppgåvene med å godkjenne utanlandsk utdanning frå 1. januar blei overførte til Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir).

Ein viktig milepåle i jubileumsåret var at NOKUT fekk fornya medlemskapen i European Association for Quality Assurance in Higher Education (ENQA) og vidareført registreringa si i The European Quality Assurance Register for Higher Education (EQAR), noko som stadfestar at arbeidet i NOKUT er av internasjonalt høg kvalitet. NOKUT oppfylte alle dei aktuelle kriteriana i The Standards and Guidelines for Quality Assurance in the European Higher Education Area (ESG), og det blei framheva at organisasjonen har vist vesentleg framgang på fleire av målepunkta sidan førre evaluering i 2018. NOKUT fekk også ros for open dialog med interessentar og for å utvikle nye, innovative metodar.

God måloppnåing

Styret er samla sett godt tilfreds med måloppnåinga til NOKUT i 2023. Trass i mange parallelle prosessar og vekst i dei ordinære oppgåvene, stigande tal på søknader og eit stramt budsjett har NOKUT levert godt og kan vise til god måloppnåing i samsvar med den nye

strategien, NOKUT 2030: Sikre kvalitet, skape tillit. Den store auken i søknader på fagskuleområdet har vore særleg utfordrande. Derfor har det vore viktig å disponere dei samla ressursane effektivt. Gjennom året er det gjort omdisponeringar på tvers av organisasjonen og mellom oppgåver. I tillegg er det teke i bruk nye arbeidsmetodar, og prosessar er forenkla. Styret vil gi honnør til dei tilsette og leiinga i NOKUT for det store arbeidet som er lagt ned.

Sentrale forhold

Den periodiske oppfølginga av det systematiske kvalitetsarbeidet til institusjonane skal bidra til at samfunnet kan ha tillit til at norsk høgare utdanning held eit høgt internasjonalt nivå, og at både NOKUT og utdanningsinstitusjonane følgjer opp forpliktingane sine. NOKUT er no i ferd med å fullføre den tredje oppfølgingsrunden som starta i 2017, og som har vore gjennomført som tilsyn. I 2023 er ti tilsyn ferdigbehandla. Det systematiske kvalitetsarbeidet ved fire universitet og tre høgskular



var tilfredsstillende. To høgskular hadde enkelte manglar ved arbeidet sitt, mens éin høgskule hadde vesentlege manglar. Etter gjennomførte tilsyn rapporterer institusjonane om betre kunnskap om regelverket og større engasjement rundt det systematiske kvalitetsarbeidet. Dette illustrerer at den periodiske oppfølginga sikrar og bidreg til å vidareutvikle utdanningskvaliteten. Gjennom året har det parallelt vore arbeidd med tilnæringsmåten til neste runde av denne periodiske oppfølginga. Styret er nøgd med at ein i dette arbeidet legg vekt på å utvikle endå meir treffsikre framgangsmåtar som både skal vere betre tilpassa eigenarten og dei faglege fullmaktene til dei ulike institusjonane, og som i større grad stimulerer til utvikling.

I 2023 har NOKUT framleis fått inn mange akkrediteringssøknader som gjeld nye utdanningstilbod eller endringar av eksisterande

tilbod. Talet på søknader er stigande. Denne utviklinga har resultert i søknadskvar både i 2023 og året før. Det tek derfor lengre tid før søkjarar får svar på søknaden sin enn kva normalen har vore tidlegare. NOKUT har teke fleire grep for å redusere behandlingstida, særleg innanfor saksbehandling av akkrediteringssøknader frå fagskular. Eigne prioriteringar og effektiviseringstiltak saman med tilførte midlar i revidert nasjonalbudsjett bidrog til at NOKUT totalt sett kunne behandle langt fleire søknader om akkreditering av fagskuleutdanningar enn det var planlagt for i 2023. Akkreditering av fagområde har vore prioritert, og i desember fekk fem fagskular akkreditert kvart sitt område: tre innanfor helsefagområdet og to innanfor fagområdet økonomi og administrasjon.

Erfaringa frå behandling av akkrediteringssøknader er at mange fagskular har stort

behov for rettleiing, og at det er behov for å auke nivået på det systematiske kvalitetsarbeidet. NOKUT bidreg i arbeidet som Kunnskapsdepartementet har sett i gang med å utvikle eit system for institusjonsakkreditering. Saman med anna arbeid NOKUT gjer med system for oppfølging av kvalitet, er dette viktig for vidare utvikling i sektoren.

Studiebarometeret, nasjonal deleksamen og evalueringar skaffar fram kunnskap som blir nytta til å vidareutvikle kvaliteten ved institusjonane og til styring og politikkutforming. I 2023 har NOKUT fullført evalueringa av praktisk-pedagogisk utdanning og sett i gang evaluering av medisinstudninga og dei to grunnskulelærarutdanningane. Tilbakemeldingane frå dei gjennomførte evalueringane viser at NOKUT lykkast med å følgje opp intensjonane om å leggje til rette for læring, kartleggje utfordringar og gi råd om

tiltak for å utvikle kvalitet. Slik representerer evalueringane andre inngangar til arbeid med kvalitetsutvikling enn tilsyn, og dei gir dermed NOKUT eit breiare utval av verkemiddel.

Styret er nøgd med at NOKUT ser mogleghetene i teknologien og tek del i den digitale omstillinga. Dette gjeld digitalisering i saksbehandling, men også bruk av maskinlæring og tilrettelegging for deling av ulike data som blir samla inn. Å bruke til dømes kunstig intelligens i arbeidet med å samanfatte og systematisere tilgjengeleg kunnskap vil styrkje arbeidet med kunnskapsdeling og rettleiing.

Arbeidet som regelverksforvaltar er også ein sentral del av måten NOKUT fyller myndighetsrolla si på. NOKUT gjennomfører regelverks- og kontrolloppgåver på vegner av Kunnskapsdepartementet. I 2023 er det mellom anna levert på fem oppdrag frå KD om regelverksutvikling: rapportering i lys av tillitsreforma, tilskotsordninga for private høgskular, personalforskrifta for universitet og høgskular, bidrag i ekspertgruppa for akkreditering og utgreiing av rammer og vilkår for institusjonsakkreditering av fagskular. Dette er døme på at regelverksoppdrag bidreg til å styrkje grunnlaget for kjerneaktivitetane til NOKUT innanfor sikring og utvikling av kvalitet.

NOKUT har gode system for styring av verksemda. Som ledd i arbeidet med mål- og resultatstyring har styret jamleg gjennomgang av risikobilete for måloppnåing, vurdering av økonomiske konsekvensar og omprioriteringar om det er nødvendig. I 2023 har styret

også hatt strategiske diskusjonar om arbeid med kvalitetsutvikling i fagskulesektoren, framtidsbilete til NOKUT, oppfølging av ENQA-evalueringa, bruk av kunnskapsbaserte verkemiddel, utvikling av Studiebarometeret og fjerde runde med periodisk oppfølging av kvalitetsarbeid.

Prioritering framover

Verksemda til NOKUT skal bidra til at samfunnet har tillit til kvaliteten i norsk høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning. Ambisjonen til NOKUT er å vere eit moderne og framtidsretta kvalitetssikringsorgan som løyser samfunnsoppdraget om å sikre og bidra til å utvikle utdanningskvalitet på ein utviklingsorientert måte. Gjennom systematisk arbeid med samfunnsoppdraget svarer NOKUT også på krava i dei europeiske standardane (ESG) om at kvalitetssikring og kvalitetsutvikling er gjensidig avhengig av kvarandre og nødvendige for å bygge ein god kvalitetskultur. NOKUT har allereie ein solid posisjon blant dei europeiske kvalitetssikringsorganane. Dette er ein posisjon styret er oppteke av at NOKUT skal utvikle vidare i åra som kjem.

Arbeidet med å utvikle neste runde med periodisk oppfølging av institusjonar innanfor høgare utdanning og arbeid med å bidra til å styrkje kvalitet i fagskuleutdanningane er prioriterte oppgåver framover. NOKUT vil også arbeide systematisk for at verkemidla for ekstern kvalitetssikring blir endå meir treffsikre og bidreg til utvikling. NOKUT har summert opp samfunnsoppdraget gjennom ei skildring av tre roller: myndighetsrolla,

kunnskapsrolla og pådrivarrolla. Styret meiner den nye strategien støttar opp under arbeidet med samfunnsoppdraget og dei ulike rollene på ein god måte, og at strategien vil vere eit godt utgangspunkt for årlege prioriteringar.

Stramme økonomiske rammer kombinert med eit etterslep av søknader gir mindre handlingsrom enn ønskjeleg. Derfor kan det framleis ta noko tid før NOKUT kan levere kjerneoppgåver innanfor det tidsaspektet styret og samfunnet har ønske om. Styret er bekymra for kva langsiktige konsekvensar dette kan ha for kvalitetsutviklinga, for slitasten på dei tilsette og for mogleg omdømmetap. Styret vil derfor halde fram med jamlege gjennomgangar av risikobilete for måloppnåing og vurdering av økonomiske konsekvensar, gjere prioriteringar og bidra til å setje ulike former for effektivisering på agendaen, slik at dei stramme økonomiske rammene kan nyttast best mogleg.

Om NOKUT-styret

I 2023 har styret hatt følgjande samansetning: professor Lise Iversen Kulbrandstad (leiar), administrerande direktør Øystein Eriksen Søreide (nestleiar), avdelingssjef Saira Basit, dosent Cecilia Christersson, seniorrådgjevar Mads Danbolt (representant frå dei tilsette), professor Dag Husebø, direktør Vegard Iversen (frå 1. august 2023), rektor Sonja H. Wiik (møtande vara til 31. juli 2023), student Tommy Raaen (student Mathias Hillgren, vara), student Oline Marie Sæther (til 30. juni 2023) og student Eilif H. Finnseth (møtande vara frå 1. juli 2023).

Lysaker 14. februar 2024

Lise Kulbrandstad
Styreleder

Saira Basit

Øystein E. Søreide

Dag Husebø

Mads Danbolt

Vegard Iversen

Eilif H. Finnseth

Cecilia Christersson



Styret er samla sett godt tilfreds med måloppnåinga til NOKUT i 2023. Trass i mange parallelle prosessar og vekst i dei ordinære oppgåvene, stigande tal på søknader og eit stramt budsjett har NOKUT levert godt og kan vise til god måloppnåing i samsvar med den nye strategien, NOKUT 2030: Sikre kvalitet, skape tillit. Den store auken i søknader på fagskuleområdet har vore særleg utfordrande. Derfor har det vore viktig å disponere dei samla ressursane effektivt.

Introduksjon til verksemda og hovudtal

2

NOKUT skal bidra til at samfunnet har tillit til kvaliteten i norsk høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning. Gjennom arbeidet vårt skal NOKUT søkje å hjelpe institusjonane i kvalitetsarbeidet deira.

Formålet med verksemda til NOKUT er å føre tilsyn med kvaliteten i høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning, og å stimulere til kvalitetsutvikling som sikrar eit høgt internasjonalt nivå i utdanningstilboda ved institusjonane.

NOKUTs ambisjon er å sikre og bidra til å utvikle norsk utdanningskvalitet gjennom å vere eit framtidsretta og internasjonalt leiande kvalitetssikringsorgan for høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning.

Internasjonal forankring

Arbeidet til NOKUT er internasjonalt forankra i det europeiske utdanningsområdet. Gjennom dette legg vi til

grunn dei europeiske standardane for kvalitetssikring av høgare utdanning, Standards and Guidelines for Quality Assurance in the European Higher Education Area (ESG), i kvalitetssikringsarbeidet vårt. Heilt sentralt for desse standardane er den tette koplinga mellom kontroll og utvikling.

NOKUT er medlem av The European Association for Quality Assurance in Higher Education (ENQA) og er registrert i The European Quality Assurance Register for Higher Education (EQAR), som er eit offisielt register over kvalitetssikringsorgan som oppfyller krava i ESG.

NOKUTs roller

NOKUT skildrar samfunnsoppdraget gjennom tre roller:

MYNDIGHEITSROLLA

NOKUT forvaltar regelverk og utøver myndigheit gjennom å akkreditere og føre tilsyn.

KUNNSKAPSROLLA

NOKUT bringar fram, stiller saman, analyserer og formidlar kunnskap om kvaliteten i norsk høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning.

PÅDRIVARROLLA

NOKUT er pådrivar for kvalitet i utdanning. Pådrivarrolla handlar om å bruke kunnskapen NOKUT bringar fram, til å setje kvalitetsutfordringar, gode praksisar og andre viktige tema på dagsordenen og å gi fagpolitiske råd.



NOKUT – Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga – er eit statleg forvaltningsorgan som er fagleg uavhengig i dei oppgåvene som er definerte i universitets- og høgskulelova. I tillegg utfører NOKUT forvaltningsoppgåver som er delegerte frå Kunnskapsdepartementet. Vi har lokale i Drammensveien 288 på Lysaker.



NOKUT blir leia av eit styre som har det overordna ansvaret for verksemda og dei avgjerdene som NOKUT treffer. Styret blir oppnemnt av departementet og består av ni medlemmar.




NOKUT hadde 95 tilsette per 31.12.2023. I tillegg bruker vi sakkunnige i akkrediteringar, tilsyn, evalueringar og prosjekt.



NOKUT hadde i 2023 løyvingar og andre inntekter på totalt 131,9 millionar kroner.


F1 Organisasjonskart



Organisasjonskartet etter omorganiseringa i april 2023.


F2

Fordeling tilsette folkeregistrerte kjønn i 2023



F3

Tilsette og årsverk etter verksemdsområde i 2023



F4

Inntekter 2020-2023 (i 1 000 kroner per år)

Nøkkeltal	2020	2021	2022	2023
Ordinær løyving frå KD inkl. overføringar	183 173	180 233	176 343	123 180
Øremerkte midlar fra KD	3 510	6 510	9 600	7 906
Andre inntekter	2 467	3 853	1 849	810
Sum løyving og andre inntekter	189 150	190 596	187 792	131 896

3

Vi bidreg til å sikre, utvikle og informere om kvalitet i utdanninga

Årets aktiviteter og resultat

Ved inngangen til 2023 markerer NOKUT sitt 20-årsjubileum og stakar ut kursen mot 2030 med ein ny strategi: «Sikre kvalitet, skape tillit». Oppgåvene med godkjenning av utanlandsk utdanning, som NOKUT har hatt ansvar for sidan skipinga i 2003, blei flytte til HK-dir ved årsskiftet, og talet på tilsette blei redusert frå 150 til 100 medarbeidarar. Framover skal NOKUTs arbeid konsentrere seg om å sikre god utdanningskvalitet ved fagskulane, høgskulane og universiteta i landet, slik at samfunnet kan ha tillit til at dei leverer gode utdanningar.

Sikre kvalitet, skape tillit

Eit gjennomgåande trekk i [den nye strategien](#) er at vi ønskjer å tilpasse arbeidsmetodane våre slik at dei blir opplevde som nyttige for utdanningsinstitusjonane i deira eige kvalitetsarbeid. NOKUTs eksterne kvalitetssikring skal vere treffsikker og føre til at kontroll og utvikling er saumlaust knytt saman. Dette prinsippet, som også er ein del av [dei europeiske standardane for kvalitetssikring av høgare utdanning](#), er grunnleggjande for NOKUTs arbeid.

Utdanningsinstitusjonane og samfunnet må oppleve at det vi gjer, er formålstenleg og bidreg til kvalitetsutvikling. Det inneber også at NOKUTs prosessar skal vere transparente og gjennomførast utan unødig ressursbruk.

Arbeidet vårt er samla i tre mål:

- **Mål 1:** Norsk høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning har god kvalitet.
- **Mål 2:** NOKUTs verkemiddel for ekstern kvalitetssikring er treffsikre og bidreg til utvikling.
- **Mål 3:** Samfunnet er godt informert om kvaliteten i norsk høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning.

NOKUT sikrar og bidreg til å utvikle norsk utdanningskvalitet som organisasjon ved å vere utviklingsorientert, arbeide kunnskapsbasert og samhandle godt eksternt og internt.



God utdanningskvalitet

Sjølv om det er institusjonane sjølve som har ansvar for å forvalte faglege fullmakter og for å sikre og utvikle kvaliteten i utdanningane dei tilbyr, sikrar NOKUTs arbeid at institusjonane driv godt kvalitetsarbeid og stimulerer til vidareutvikling av utdanningskvaliteten. Det må likevel vere ein god balanse mellom ansvaret til utdanningsinstitusjonane for kvalitet i utdanningane og vår eiga rolle som ekstern kvalitetssikrar.

Dialog med institusjonane i forkant og undervegs i arbeidet vårt gjer at mange institusjonar rettar større merksemd mot eige kvalitetsarbeid og aukar kunnskapen om regelverket. Nye

moglegheiter innan digitalisering og kunstig intelligens gjer at institusjonane må tilpassast eit meir dynamisk landskap, og NOKUT må innrette verkemidla til dette framtidssbiletet.

Treffsikre verkemiddel

Samfunnsoppdraget, rollene og strategiane til høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning og dei ulike institusjonane og utdanningstypene varierer. Fleire utdanningsinstitusjonar har vide faglege fullmakter, samtidig som mange er små og har avgrensa faglege fullmakter.

Arbeidsmetodane våre skal vere tilpassa eigenarten til utdanningsinstitusjonane og typene. Det som kan ha god effekt på ein

mindre høgskule, treffer kanskje ikkje like godt på eit stort universitet, og vice versa. Enkelte institusjonar er avhengige av tettare oppfølging, mens andre er meir sjølvgåande. Nokre må søkje NOKUT om å opprette alle studietilbod, mens andre har eigne fullmakter. Institusjonsakkreditering for høgskular og akkreditering av fagområde ved fagskulane er to måtar å få utvida fullmakter på. Institusjonane får dermed større ansvar for å sikre kvaliteten i utdanningane sine sjølve.

I arbeidet med både tilsyn og akkrediteringar skal NOKUT kontrollere at institusjonane følgjer lover og forskrifter og bidra til å styrkje utviklinga av utdanningsinstitusjonane sin eigen

kvalitet. Det same gjeld for evalueringane og undersøkingane våre. Dette gjer vi ved å setje tydelege rammer og gi rettleiing om kvalitets-sikring og utvikling av studietilbod. Dette bidreg til at utdanningsinstitusjonane og samfunnet lettare kan handtere den endringa som vi ser kjem med spreining av digitale, desentraliserte og fleksible utdanningsløp og kortare, meir spissa studietilbod som svarer på spesifikke behov for kompetanseutvikling.

Når NOKUT gjennomfører tilsyn, kontrollerer vi om regelverket blir følgt, og gir pålegg om oppretting av dei manglane vi finn. Vi følgjer med på kvalitetstilstanden i sektoren, og vi kan ved behov føre tilsyn med akkrediteringa til studietilbod ved alle institusjonar eller med akkrediteringa til ein utdanningsinstitusjon eller eit fagområde. Vi er også ansvarlege for å føre økonomisk tilsyn med studentsamskipnader og private høgskular og fagskular – med og utan statstilskot. Alle årsrekneskapar og årsrapportar for desse institusjonane blir gjennomgått av oss årleg, og vurderingane blir rapporterte til KD.

NOKUT får søknader om akkreditering av studietilbod frå høgskular og fagskular som ikkje har eigne faglege fullmakter til sjølve å akkreditere det aktuelle studietilbodet. Gjennom ei akkreditering av eit studietilbod viser institusjonane at dei oppfyller minstekrava for å opprette eit studietilbod. I tillegg gir dei sakkunnige tilrådingar til vidareutvikling. Effekten av godt akkrediteringsarbeid er at studentar, sektorar og samfunnet elles kan ha tillit til at utdanningane held høg kvalitet, og at samfunnet kan rekne med at utdanningane vil gi det forventa læringsutbyttet.

Fagskulane kan søkje om akkreditering for fagområde. Det gir fagskulen fullmakter til å akkreditere eigne fagskuleutdanningar innanfor det akkrediterte fagområdet. Det er ei positiv utvikling at fagskulane jobbar strategisk og langsiktig med mål om å oppnå fagområdeakkrediteringar. Dette gir spennande moglegheiter for tverrfaglege, arbeidslivsrelevante utdanningar på tvers av etablerte fag- og yrkesfelt.

Tilsvarande kan høgskular gjennom institusjonsakkreditering søkje om å bli akkreditert som høgskule, vitskapeleg høgskule eller universitet. Får dei eit positivt vedtak om institusjonsakkreditering og innvilga endring i institusjonskategori, får institusjonane utvida fullmakter til å akkreditere studietilbod sjølve. Vi vil i åra framover jobbe for at dei kvalifiserte institusjonane kan få slike utvida fullmakter.

NOKUT gjennomfører ulike typar evalueringar, utgreiingar og analysar. Dette gjer vi for å bidra til å auka kunnskap om ulike forhold innanfor høgare utdanning og fagskuleutdanning som har innverknad på kvaliteten i studia. Vi har starta opp nye evalueringar for å vurdere kvalitet, arbeid med systemevalueringar,

gjennomført nasjonale deleksamener og større undersøkingar blant studentar og undervisarar. Alle er viktige kunnskapsgrunnlag for NOKUT, men vi ser også tydeleg kva verdi dataa våre har for sektoren når vi legg til rette for deling og gjenbruk av dei på tvers av offentlege og private aktørar.

Informere samfunnet

Gjennom å formidle relevant og oppdatert kunnskap og informasjon om kvalitet bidreg NOKUT til at samfunnet har tillit til kvaliteten i høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning. Kunnskap frå NOKUTs tilsyn og akkrediteringar, evalueringar, undersøkingar, analysar og andre tilgjengelege data utgjer i stor grad kunnskapsgrunnlaget for kvalitetsarbeid ved institusjonane, i den offentlege debatten og i fagpolitiske avgjerder.

Vi samanfatar og systematiserer tilgjengeleg kunnskap og bruker han til å skape merksemd om gode praksisar, kvalitetsutfordringar og andre relevante tema. Denne kunnskapen er lett tilgjengeleg på nettsidene våre: nokut.no og Studiebarometeret.no. Vi spreier han også på ulike arrangement og møteplassar, til dømes NOKUT-frukost, der vi diskuterer og deler erfaringar på ein slik måte at han er til nytte for institusjonane, andre styresmakter og samfunnet. Vi skaper også jamleg merksemd om vår kunnskap gjennom publikasjonar i relevante medium.

Oppgåvene våre

NOKUTs ambisjon er å sikre og bidra til å utvikle norsk utdanningskvalitet gjennom å vere eit framtidssretta og internasjonalt leiande kvalitetssikringsorgan for høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning.

Som uavhengig forvaltningsorgan er oppgåvene våre

- å akkreditere og føre tilsyn med studietilbod, fagområde og institusjonar
- å føre tilsyn med det systematiske kvalitetsarbeidet til institusjonane
- å evaluere utdanningar for å kunne vurdere kvaliteten
- å hjelpe institusjonane i kvalitetsarbeidet deira og stimulere til kvalitetsutvikling

I tillegg har KD delegert oppgåver til oss. Dei omfattar

- regelverksforvaltning
- nasjonale undersøkingar og eksamenar
- økonomisk tilsyn ved private institusjonar og studentsamskipnader, og dessutan kontrolloppgåver ved statlege institusjonar og verksemdar

Overordna måloppnåing

NOKUT er ei sentral og viktig brikke i det norske utdanningssystemet, og kvalitetssikring av høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning er viktig for landet si evne til å skape

verdiar og sikre velferd. Med ein ny strategi på plass, som stakar ut kursen fram mot 2030, har NOKUT fått eit meir fokusert mandat som dreier seg om kvalitetssikring opp mot institusjonar innanfor høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning. NOKUT har i 2023 vore prega av organisatoriske endringar, stor arbeidsbelastning og stram økonomi. Totalt sett har vi oppnådd tilfredsstillande måloppnåing gjennom god styring og kontroll.

NOKUT har i 2023 sikra vidare medlemskap i den europeiske paraplyorganisasjonen for nasjonale kvalitetsorgan, ENQA (European Association for Quality Assurance in Higher Education) og registrering i det europeiske registeret over kvalitetssikringsorgan, EQAR (The European Quality Assurance Register for Higher Education). ENQA-komiteen som gjennomførte evalueringa, konkluderte med at NOKUT oppfylte alle kriteria, og framheva at vi har vist ein monaleg framgang på fleire av ESG-standardane. Eit vidare medlemskap i ENQA bidreg til å sikre den internasjonale forankringa av NOKUTs bidrag til utdanningskvaliteten.

2023 blei eit hektisk år med mange innkomne akkrediteringssøknader. Det har vore ein kraftig auke i talet på studieplassar i høgare yrkesfagleg utdanning dei siste åra, og det er no meir enn 30 000 fagskulestudentar, dobbelt så mange som i 2016. Særleg talet på søknader om akkreditering av fagskuleutdanningar har auka dei siste åra, og det same har omfanget av meldingar om endringar i noverande høgare yrkesfaglege utdanningar. Det tek no lengre tid før søkjarar får svar på søknaden sin enn det som har vore normalen tidlegare. Det er ikkje ein situasjon NOKUT ønskjer å vere i.

Det har også vore ein kraftig auke i fagskular som ønskjer å få akkreditert fagområde. Talet på søknader som NOKUT har fått inn, er nærmast dobla frå 2022 til 2023. NOKUT har stimulert fagskulane til å søkje fagområdeakkreditering og valt å prioritere søknader som gir fagskulane auka faglege fullmakter og med det større moglegheit til sjølve å akkreditere eigne utdanningar.

NOKUT fekk midlar i revidert nasjonalbudsjett, som mellom anna skulle gå til arbeidet med å etablere institusjonsakkreditering i høgare yrkesfagleg utdanning, handtere etterslepet av søknader om akkreditering av nye fagskuleutdanningar og dekkje omstillingskostnader i verksemda for å unngå utilsikta redusert aktivitet. Midlane har bidrege til at NOKUT har teke fleire grep for å redusere saksbehandlings-tida. Vi har mellom anna styrkt kapasiteten og effektivisert våre eigne prosessar og rutinar for saksbehandling. Ved årsslutt ser vi at grepa vi har teke, har effekt, og at vi totalt sett har kunna behandle mange fleire søknader om akkreditering av fagskuleutdanningar enn vi hadde planlagt i 2023.

MÅL 1

Norsk høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning har god kvalitet

Styringsparameter	SP #1: Kvalitetsarbeid ved institusjonane som sikrar kvalitet, og vidareutviklar kvaliteten mot eit høgt nasjonalt og internasjonalt nivå	SP #2: God tilgang til kunnskap om kvalitet igjennom rettleiing og erfaringsdeling
-------------------	---	--

MÅL 2

NOKUTs verkemiddel for ekstern kvalitetssikring er treffsikre og bidrar til utvikling

Styringsparameter	SP #3: Kvalitetskontroll igjennom regelmessig tilsyn og føreseieleg system for akkreditering	SP #4: Institusjonane si erfaring med systemet for ekstern kvalitetssikring	SP #5: Etterleving av regelverk og forskrifter som NOKUT forvaltar
-------------------	--	---	--

MÅL 3

Samfunnet er godt informert om kvaliteten i norsk høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning

Styringsparameter	SP #6: Kunnskap om kvalitet blir formidla til og blir brukt av sektor og samfunn	SP #7: Kunnskap om kvalitet blir brukt i fagpolitisk utvikling	SP #8: Gode arenaar og plattformer for kunnskapsspreiing til ulike målgrupper
-------------------	--	--	---

Kunnskapsdepartementet har sett i gang arbeidet med institusjonsakkreditering for fagskular. Når dette blir innført, vil det medføre større fullmakter til institusjonane og på sikt kunne bidra til at NOKUT får inn færre søknader. Ein akkrediteringsprosess bidreg også til at institusjonane utviklar kvaliteten på utdanningane og strekkjer seg mot eit høgt nivå på standard og kriterium.

Frå høgskulane og universiteta får vi søknader om akkreditering av bachelor-, master- og ph.d.-utdanningar. I tillegg behandlar vi søknader om endring av institusjonskategori. Ph.d.-utdanningar og endring av institusjonskategoriar er omfattande og ressurskrevjande prosessar, og det er avgrensa kor mange slike søknader vi har kapasitet til å behandle i løpet av eit år. I 2024 vil NOKUT derfor framleis oppleve kapasitetsutfordringar som gjer at saksbehandlingstida blir lengre enn det vi er vande med.

NOKUT har i 2023 gjennomført fleire tilsyn, erfaringsdeling og rettleiing og bidrege til betre og meir effektivt kvalitetsarbeid ved alle universitet, høgskular og fagskular. NOKUT er lovpålagt å følgje opp kvalitetsarbeidet ved alle

universitet og høgskular minst kvart åttande år. Den første runden med oppfølging starta vi i 2003, og NOKUT er no i ferd med å fullføre den tredje runden. Denne starta i 2017 og har vore gjennomført som tilsyn.

Når runden er ferdig, har totalt 48 universitet og høgskular vore gjennom tilsyn med det systematiske kvalitetsarbeidet. Vi har då sjekka at institusjonane har kvalitetssikringssystem og eit kvalitetsarbeid som både sikrar og bidreg til å vidareutvikle kvaliteten i studia dei tilbyr, slik ESG¹-standardar og det norske regelverket krev. Vi er særleg fornøgde med at både fagskular, universitet og høgskular kan dokumentere at dei rettar opp feil og manglar etter tilsyn, og at dei rapporterer om betre kunnskap om regelverket og større engasjement rundt det systematiske kvalitetsarbeidet etter tilsyna. Dette viser at tilsyna har god effekt på utdanningskvaliteten. Regelverket må vere forståeleg og mogleg å etterleve for utdanningane og institusjonane. Det er ein føresetnad for at dei skal kunne bruke det til å sikre og vidareutvikle utdanningskvaliteten og kvalitetsarbeidet. I 2023 har NOKUT bidrege til at universitet, høgskular, fagskular og studentsamskipnader forstår og etterlever regelverket, særleg gjennom regelverksutvikling

på oppdrag frå KD og kontroll med etterleving av regelverket på områda økonomi og samfunnstryggleik. Vi har også bidrege med erfaringsoppsummeringar og vurderingar til den regjeringsoppnemnde ekspertgruppa som har vurdert krava til universitetsakkreditering.

NOKUTs undersøkingar, evalueringar, utgreiingar, analysar og formidlingsaktivitetar har hjelpt til med å halde sektoren og samfunnet godt informerte om kvalitetstilstanden ved universitet, høgskular og fagskular. Dei nasjonale deleksamene NOKUT heldt i 2023, har gitt einsarta målingar og verdifull informasjon om studentanes prestasjonar i dei aktuelle faga. Med digital gjennomføring får vi dessutan auka moglegheit for vidare analysar og samanlikningar.

Gjennom evalueringane av grunnskulelærar- og medisinstuderingane ønskjer NOKUT å leggje til rette for læring, kartleggje utfordringar og gi råd om tiltak.

I tillegg bringa evalueringa vår av Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (NKR) fram ny kunnskap om kva funksjonar og effektar NKR har i dag. Evalueringa kom med eit sett med

¹ The Standards and guidelines for quality assurance in the European Higher Education Area.



tilrådingar til KDs arbeid med vidareutvikling av NKR.

NOKUT har gjennomført to nasjonale studentundersøkingar (Studiebarometeret for universitet og høgskular og Studiebarometeret for fagskular). Resultata frå denne undersøkinga gir eit nyttig kunnskapsgrunnlag for våre eigne analysar, for resten av sektoren og for samfunnet, og særleg for utdanningsinstitusjonane og studieprogramma som nyttar informasjonen frå Studiebarometeret i kvalitetsarbeidet sitt. Resultata frå NOKUTs

undersøkingar, evalueringar og analysar blei lagde fram og diskuterte på frukostmøte og andre fagseminar, delte på nettsidene og formidla til interessentar.

Vurdering av ressursbruken

I NOKUT disponerer vi ressursane slik at vi kan oppfylle samfunnsoppdraget vårt og nå dei måla som er sette for verksemda. I løpet av året har vi omdisponert ressursar på tvers i organisasjonen eller mellom oppgåver, for å få best mogleg måloppnåing på kjerneoppgåvene. Det har medført færre årsverk på

arbeidet med høgare utdanning enn planlagt. Arbeidet med høgare yrkesfagleg utdanning har kunna auke ressursbruken, blant anna som følge av løyving over revidert nasjonalbudsjett. Etter omstruktureringa av NOKUT har både stabseininga for kommunikasjon og samfunnskontakt og avdeling for fellestenester redusert sin ressursbruk for å prioritere kjerneoppgåver, og aktivitetsnivået er tilpassa den nye organisasjonen. Til saman har NOKUT brukt 78 årsverk til å dekkje arbeidsoppgåvene i 2023. Dette er noko lågare enn NOKUT opphavleg la til grunn i planane for året.

F7 Nøkkeltal for NOKUTs verksemd i 2023



15

Gjennomførte tilsyn



39

Vedtak om akkreditering av norske utdanningstilbod



208

Endringar om utdanningar ved norske fagskular



31

Talet på fagpolitiske innspel

MÅL 1



Norsk høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning har god kvalitet

Vi vurderer at NOKUT har god måloppnåing for arbeidet som ligg under mål 1 i 2023.

Vi har i 2023 arbeidd vidare med tilsyn av kvalitetsarbeidet til institusjonane. Vi har innført fleire tiltak for å forbetre tilgangen til informasjon og for å bidra til å auke kunnskapsdelinga mellom utdanningsinstitusjonane. Gjennom tilgang til kunnskap om kvalitet og kvalitetsarbeid bidreg NOKUT til at institusjonane kan arbeide systematisk med å vidareutvikle rammer, kulturar, standardar og ordningar som

stimulerer til kvalitet, og til å kunne strekkje seg ut over minimumskrava. På denne måten meiner vi at vi legg godt til rette for at norsk høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning har god kvalitet, og at NOKUT sikrar ein god balanse mellom institusjonane sitt eige ansvar og NOKUTs rolle som ekstern kvalitetssikrar.

Kvalitetsarbeid ved institusjonane som sikrar kvalitet og vidareutviklar kvaliteten mot eit høgt nasjonalt og internasjonalt nivå

Institusjonslandskapet i norsk høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning er heterogent. Fleire institusjonar har vide faglege fullmakter, samtidig som mange er små og har avgrensa faglege fullmakter. Samfunnsoppdraget, rollene, strategiane og regelverket for høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning og dei ulike institusjonane og utdanningstypene varierer.

NOKUTs viktigaste verkemiddel for å følgje opp eksisterande institusjonar er å føre tilsyn med det systematiske kvalitetsarbeidet ved institusjonane, som både skal sikre og bidra til å vidareutvikle utdanningskvaliteten. NOKUTs eksterne kvalitetssikring skal vere tilpassa eigenarten og utdanningstypene til institusjonane og bidra til at samfunnet kan ha tillit til norsk høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning.

Utvikling av NOKUTs periodiske oppfølging av høgare utdanning

Innanfor høgare utdanning er arbeidet vårt forankra i dei europeiske standardane for kvalitetssikring, Standards and Guidelines for Quality Assurance in the European Higher Education Area (ESG). Gjennom deltaking i internasjonale nettverk for kvalitetssikringsorgan følgjer NOKUT tett med på utviklinga av kvalitetssikring internasjonalt og skal også bidra med egne erfaringar til denne utviklinga.

Vi skal også passe på at institusjonane innanfor høgare utdanning følgjer krava i ESG og det norske regelverket. Dette gjer vi gjennom NOKUTs periodiske oppfølging av det systematiske kvalitetsarbeidet kvart sjette til åttande år. NOKUT har over 20 års erfaring som ekstern kvalitetssikrar av høgare utdanning, og i alle desse åra har NOKUTs periodiske oppfølging vore hovudpilaren i NOKUTs arbeid med ekstern kvalitetssikring.

Dei periodiske oppfølgingane har utvikla seg for kvar «runde», og både innhald og metodikk har blitt justert frå første runde til den tredje runden, som blir avslutta i 2024. Det har heile tida vore vektlagt at institusjonane har opplevd oppfølginga som nyttig for si eiga vidare utvikling, og at tilrådingane blei tekne med i det vidare kvalitetsarbeidet hos institusjonane. Det er ei klar oppleving av at NOKUTs periodiske oppfølging av høgare utdanning har endra haldningar og åtferd hos institusjonane.

NOKUT har ikkje berre til formål å sikre minstestandardar og stimulere til utvikling

av kvaliteten ved den enkelte institusjonen mot eit høgt nasjonalt og internasjonalt nivå, men også å bidra til vidareutvikling av heile sektoren. Dei samla tilbakemeldingane frå eksterne evalueringar og frå sektoren er i all hovudsak allereie fanga opp i NOKUTs strategi for 2023–2030, om eit enklare regelverk og meir treffsikre og utviklingsorienterte verkemiddel. Ambisjonen for neste periodiske oppfølging er også at arbeidsbelastninga ved institusjonen skal ned – og i alle tilfelle at ho skal opplevast som meir nyttig. [Les meir om NOKUTs periodiske oppfølging i temasaka på side 44.](#)

Analyse av kvalitet i utdanningane

NOKUT jobbar for ein god balanse mellom dei høgare utdanningsinstitusjonane sitt ansvar for kvalitet i utdanningane og rolla vi har som ekstern kvalitetssikrar. Den eksterne kvalitetssikringa vår skal, gjennom rammer for utdanningskvalitet og kunnskap om kvalitet og kvalitetsarbeid, bidra til at institusjonane kan handtere både utvikling og endring.

Tidlegare års analysar av kvalitet viste at NOKUT trong meir informasjon om enkelte høgskular og utdanningane deira. Vi har brukt 2023 på å samle inn data og vil halde fram med dette i 2024. Dataa vi har samla inn til no, går inn i arbeidet med å gjennomføre erfaringsdeling, rettleiing og eventuelt tilsyn.

Vi har førebels ikkje begynt å dokumentere effekten av dette arbeidet, fordi tiltaket strekkjer seg over heile 2023 og 2024.

Evalueringar av utdanningar

Evalueringar av utdanningskvalitet er ein del av NOKUTs arbeid med å sikre og fremje kvalitet i utdanning. Formålet med evalueringane er å få fram kunnskap om kvaliteten i utdanningane og å bidra til kvalitetsutvikling. Evalueringane gir eit meir nyansert bilete av kvaliteten i utdanningane enn tilsyn. Gjennom evalueringane ønskjer NOKUT å leggje til rette for læring, kartlegge utfordringar og gi råd om tiltak.

I 2023 har NOKUT arbeidd med to store evalueringar: evalueringa av grunnskulelærarutdanningane og evalueringa av medisinstudium.

Ein vesentleg del av evalueringssprosessen er, i samråd med sektoren og andre relevante aktørar, å identifisere spesifikke evalueringstema og evalueringsspørsmål som er relevante for den enkelte utdanningstypen.

NOKUT samanliknar og publiserer også informasjon om datagrunnlaget for evalueringane undervegs i evalueringssprosessen i tillegg til å arrangere møteplassar for å stimulere til refleksjon og kvalitetsutvikling ved institusjonane før evalueringane er fullførte. NOKUT har fått tilbakemeldingar frå dei aktuelle utdanningsmiljøa om at desse prosessane er viktige, og at dei har ein positiv innverknad på kvalitetsarbeidet ved institusjonane. Vi får også tilbakemelding om at denne medverknaden bidreg positivt til at institusjonane og utdanningsmiljøa får eigarskap til evalueringssprossane, noko som aukar engasjementet og effekten av arbeidet.

Frå evalueringa av grunnskulelærarutdanningane har vi i 2023 publisert deskriptive rapportar frå datagrunnlaget som er samla inn.

Kunnskapsgrunnlag til arbeidet med stortingsmeldinga om profesjonsutdanningane

I samband med evalueringa av grunnskulelærarutdanningane fekk NOKUT eit oppdrag frå KD om å levere eit kunnskapsgrunnlag til arbeidet med stortingsmeldinga om profesjonsutdanningane. Ein vesentleg del av oppdraget til NOKUT var å kartlegge forskings- og utviklingsarbeidet (FoU-arbeidet) i grunnskulelærarutdanningane. Saman med deskriptive rapportar med informasjon basert på eigenevalueringar frå institusjonane og samanstilling av annan informasjon som har komme fram så langt i evalueringa, utgjer dette eit kunnskapsgrunnlag for KD i deira arbeid med stortingsmeldinga om profesjonsutdanningane. Dette er også eit viktig bidrag til arbeidet til departementet med å vidareutvikle grunnskulelærarutdanningane og det arbeidet med rammeplanane for lærarutdanningane som skjer for tida.

Som ein del av det samla kunnskapsgrunnlaget vi leverer til KD i samband med profesjonsmeldingsarbeidet deira, skal vi også gjennomføre tilsvarande kartlegging av FoU-arbeid for dei to utdanningane sjukepleie og barnevern/sosialt arbeid.

Grunnskulelærarutdanningane

Dette er ei toårig evaluering av kvaliteten i heile grunnskulelærarutdanningane (trinna 1–7 og trinna 5–10). Arbeidet med evalueringa starta hausten 2022 og vil vere ferdig hausten 2024. Ein viktig bakgrunn for evalueringa var NOKUTs utviklingsprosjekt Advisory Panel for Teacher Education (APT), som vi avslutta i 2020.

Delresultat frå evalueringa av grunnskulelærarutdanningane er eit viktig kunnskapsgrunnlag for KDs arbeid med stortingsmeldinga om profesjonsutdanningar og rammeplanarbeidet for lærarutdanningane. Ein vesentleg del av denne leveransen er kartlegging av FoU i grunnskulelærarutdanningane. FoU-kartlegginga har blitt utført av NIFU på oppdrag frå NOKUT.



[Les rapportane og meir om prosjektet på nokut.no](#)

Medisinutdanningane

NOKUT gjennomfører ei nasjonal evaluering av profesjonsstudiet i medisin. Utdanninga blir tilbydd ved Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet, Universitetet i Bergen, Universitetet i Oslo og Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet. Evalueringa starta i januar 2023, og sluttrapporten skal publiserast i februar 2025.

Evaluering av medisinutdanningane inngår som del av nasjonalt rammeverk for evaluering av forskning og høgare utdanning. NOKUT evaluerer utdanningskvaliteten i medisin, og Forskringsrådet evaluerer forskningskvaliteten i medisin og helsefag til same tid (2023 og 2024). Grunngevinga for samkøyring mellom evalueringane av forskning og utdanning er at institusjonane, styresmaktene og samfunnet skal få informasjon om kvalitet i forskning og utdanning innanfor same fagområde på same tid. Dette gir betre moglegheiter til å sjå på vidareutvikling av kvalitet i utdanning og forskning i samheng. Arbeidet med dei to evalueringane går over to år.



[Les meir om prosjektet på nokut.no](#)

STYRINGSPARAMETER 2

God tilgang til kunnskap og kvalitet gjennom rettleiing og erfaringsdeling

For å sikre og vidareutvikle kvaliteten i utdanningane er det viktig at institusjonane og samskipnadene kan la seg inspirere av kva andre i tilsvarende situasjon gjer for å sikre og vidareutvikle kvaliteten. NOKUT tilbyr rettleiing og erfaringsdeling til institusjonar som førebur søknader om akkreditering, og i forkant og etterkant av tilsynet. Målet for dette arbeidet er at fleire får god kunnskap om regelverket og korleis dei kan lykkast med å oppfylle det, oppnå akkreditering og komme godt gjennom tilsyn.

I tillegg pålegg ESG-standardten NOKUT å følgje opp alle prosessar som blir retta mot høgskular og universitet. For alle høgskular og universitet som har gjennomført dei periodiske tilsyna, arrangerer vi eit seminar to år etter gjennomført tilsyn.

Høgare yrkesfagleg utdanning


NOKUT har i 2023 rettleidd både fagskular, studentar og andre aktørar kontinuerleg om mellom anna spørsmål knytt til fagskule-regelverket og NOKUTs ulike prosessar gjennom rettleiingstenesta vår. NOKUT svarer også på førespurnader per e-post, og seks av dei har i år ført til utgreingar av større omfang. I tillegg har vi arrangert 16 rettleiingsmøte i samband

med mellom anna akkrediteringssøknader. Spørsmåla NOKUT får, og temaa vi rettleier om, dreier seg i stor grad om vitnemål, endringar, institusjonsportal, fritak og godkjenning av utenlandsk utdanning, og der NOKUT ikkje er rett instans, viser vi vidare. Gjentakande spørsmål prøver vi mellom anna å omtale på NOKUTs nettsider. NOKUT har også begynt å utforske moglegheitene for å nytte kunstig intelligens for å analysere spørsmåla vi får, for å kunne tilby ei endå meir treffsikker rettleiingsteneste.

I mai i år sende NOKUT også ut ei spørjeundersøking for å få innspel frå institusjonane innanfor høgare yrkesfagleg utdanning om kva dei ser på som behova sine for rettleiing. Formålet med undersøkinga var å kunne innrette rettleiingsaktivitetane slik at dei i størst mogleg grad bidreg til søknader av høg kvalitet. Viktige grep for å møte behovet for rettleiing innanfor høgare yrkesfagleg utdanning har mellom anna vore å synleggjere meir informasjon på nokut.no, setje i gang eit arbeid for å lage betre malar for fagmiljøtabell og kravspesifikasjon, delta på Fagskolekonferansen med ei parallelløkt om krav til innhaldet og strukturen i fagskuleutdanning og lage rettleiingsvideoar med læringsutbytteskildringar.

Høgare utdanning

Å rettleie og leggje til rette for erfaringsdeling er tett knytt til NOKUTs kjerneoppgåver innanfor akkreditering og tilsyn. I 2023 rettleidde vi både studentar og tilsette ved høgskular og universitet og potensielle søkjarar som for første gong ønskjer å søkje om akkreditering av studietilbod fortløpande, om mellom anna spørsmål om regelverket for høgare utdanning og NOKUTs ulike prosessar, gjennom rettleiingstenesta vår. Vi arrangerte 6 seminar for å styrkje kvalitetsarbeidet ved universitet og høgskular – dei fleste som nettseminar. Desse seminara hadde i 2023 ulike målgrupper innafor høgare utdanning. Det systematiske kvalitetsarbeidet med doktorgradsutdanningar og etter- og vidareutdanning knytt til livslang læring ved institusjonane er eit av områda som har blitt løfta frem. På seminara rettleier NOKUT om gjeldande regelverk og deler erfaringar frå akkreditering- og tilsynsarbeid, mens aktørar frå institusjonane bidreg med å dele god praksis frå eiga verksemd.



TEMA

Internasjonalt anerkjent kvalitetsorgan

I juli kom den endelege beskjeden – NOKUT var godkjent av ENQA for fem nye år. Rett etter blei vi godkjende av EQAR og lagde inn i registeret deira. Kva har dette å seie for NOKUT? Kvifor er desse godkjenningane så viktige?

Men før vi går inn på dette – kva er ENQA og EQAR? Det korte svaret er at ENQA er ein medlemsorganisasjon for dei europeiske kvalitetssikringsorgana, og EQAR er registeret over europeiske kvalitetssikringsorgan som oppfyller dei europeiske kvalitetsstandardane, ESG. Ei lengre forklaring kan du finne på nettsidene deira: [ENQA](#) og [EQAR](#).

Kristin Vinje, administrerende direktør i NOKUT, er ikkje tvil om verdien av godkjenningane.

– Med fornøye medlemskap i ENQA og vidare registrering i EQAR har vi fått stadfesting på at NOKUT er eit internasjonalt anerkjent kvalitetssikringsorgan. NOKUTs arbeid er forankra i det europeiske utdanningsområdet, og gjennom dette legg vi til grunn dei euro-

peiske standardane for kvalitetssikring av høgare utdanning i kvalitetssikringsarbeidet vårt, seier ho.

Rosande omtale frå ENQA

ENQA-komiteen som gjennomførte evalueringa av NOKUT, konkluderte med at NOKUT oppfylte alle kriteriana, og framheva at vi har vist vesentleg framgang på fleire av ESG-standardane.

– Vi er veldig glade for tilbakemeldingane og at alle krava til medlemskap i ENQA er oppfylte. Særleg positivt er det at evalueringa viser at vi har klart å innpasse dei ulike kunnskapsbaserte aktivitetane våre i kvalitetssikrings- og utviklingsarbeidet vårt på ein god måte, fortel Vinje som legg til at komiteen var imponert over at NOKUT har teke steget utanfor dei vanlege kvalitetssikringsaktivitetane og

utvikla nye og innovative aktivitetar, som utdanningsevalueringar.

NOKUT fekk også ros for ein open dialog med interessentar og for å jobbe med metodeutvikling. Evalueringspanelet meinte at dette er noko av det som vil bidra til kvalitetsutvikling av sektoren, og som sikrar at kvalitetsarbeidet ikkje berre skjer gjennom kontroll.

Forbetringspunkt

På tre område gir komiteen tilrådingar som NOKUT må følgje opp:

1 NOKUT må saman med institusjonane utvikle ein betre og meir effektiv metode for å samle inn og gjere tilgjengeleg dokumentasjon og analysar. Både NOKUT og institusjonane må i endå større grad



Kristin Vinje saman med ENQA-president Douglas Blackstock på generalforsamlinga i Dublin i oktober 2023.

ENQA-medlemskapet

Kvart femte år må NOKUTs medlemskap i ENQA fornyast. Vi må då gjennom ei evaluering der ein ser på om kvalitetssikringsarbeidet vårt oppfyller krava i dei europeiske standardane for kvalitetssikring av høgare utdanning, Standards and Guidelines for Quality Assurance in the European Higher Education Area (ESG).

Ekstern kvalitetssikring omfattar NOKUT-aktivitetane:

- akkreditering av institusjonar og studieprogram
- periodisk kontroll av det systematiske kvalitetsarbeidet ved institusjonane
- tilsyn med akkrediteringa til institusjonar
- studietilbod og evaluering av utdanningskvalitet

ta i bruk digitale verktøy som bidreg til å lette arbeidet hos institusjonane, og som er meir formålstenleg for NOKUT sidan vi ofte får inn store mengder dokumentasjon frå institusjonane.

2 NOKUT må kommunisere tydelegare tidsplan og arbeidsmengd til institusjonane i utdanningsevalueringane vi gjennomfører, og dessutan at vi aktivt må kommunisere eventuelle endringar i tidsplanen.

3 NOKUT må gjere klageprosessar meir kjent og enklare å finne i dokumentasjonen som blir gitt til institusjonane.

– Dette er gode tilrådingar som NOKUT skal jobbe vidare med. Forslaga til forbetringar og dei innspela vi har fått, er i tråd med den nye strategien vår og korleis vi ønskjer å utvikle NOKUT vidare, seier Vinje.

Eit viktig sertifikat

– NOKUTs ambisjon er å vere eit internasjonalt leiande kvalitetssikringsorgan, og deltakinga vår i organisasjonar som ENQA bidreg til å styrkje oss i denne rolla, held Vinje fram .

På ENQAs generalforsamling i oktober 2023 fekk Vinje overrekket sertifikatet på framleis medlemskap.

– Det er viktig at NOKUT deltar aktivt i relevante forum med andre europeiske og internasjonale kvalitetssikringsorgan. Det gjer at vi kan vere med å utveksle erfaringar og bidra til utviklinga av kvalitetssikring i Europa. Vi opplever at mange av systerorgana våre i andre land er interesserte i korleis vi jobbar og gjerne vil lære av oss, det ser vi på som ein stor heider, seier Vinje.

NOKUT-direktøren inn i ENQA-styret

På same generalforsamling blei Kristin Vinje valt inn som medlem i styret i ENQA.

– Eg er veldig glad for å få moglegheita til å bidra aktivt i det viktige arbeidet til ENQA. NOKUT har gjennom sine 20 år markert seg internasjonalt, og eg meiner vi kan spele ei viktig rolle i utviklinga av kvalitetsarbeidet i det europeiske utdanningsområdet. Eg ser fram til å bli endå betre kjent med organisasjonen og dei andre styremedlemmane, seier Vinje.

Gjennom medlemskapen i ENQA følgjer NOKUT tett med på utviklinga av kvalitetssikring internasjonalt og bidreg aktivt gjennom å dele eigne erfaringar.

– Det å ha ein plass i styret gir ytterlegare moglegheit til å prege utviklinga internasjonalt og styrkjer også vår eiga evne til å utvikle oss som kvalitetssikringsorgan, avsluttar Vinje.

MÅL 2



NOKUTs verkemiddel for ekstern kvalitetssikring er treffsikre og bidreg til utvikling

Vi vurderer at NOKUT har tilfredsstillende måloppnåing for arbeidet som ligg under mål 2 i 2023.

Vi har lagt vekt på utvikling og forbedring av kvalitetsarbeidet hos utdanningsinstitusjonane gjennom tilsyn og ved å leggje til rette for auka erfaringsdeling. Løyving av ekstra midlar i revidert nasjonalbudsjett bidrog til at vi fekk behandla fleire saker enn målet vårt innanfor høgare yrkesfagleg utdanning. Med sterk auke i søknadsmengd har vi hatt utfordringar med å ta unna søknader om

fleire typar akkrediteringar. Framover vil vi gå gjennom tilbakemeldingar som vi har fått frå utdanningsinstitusjonane og dei sakkunnige, for å sjå på om det er mogleg å få til ei raskare og meir effektiv saksbehandling. Alle dei ni regelverks- og kontrolloppgåvene, oppdrag om økonomisk tilsyn og regelverksprosjektet som vi gjennomfører på vegner av KD, er levert.

Kvalitetskontroll gjennom regelmessig tilsyn og føreseieleg system for akkreditering

Tilsyn

NOKUT fører tilsyn med utdanningskvaliteten ved universitet, vitenskaplege høgskular, høgskular og fagskular som både skal kontrollere og stimulere til kvalitetsutvikling. Eit tilsyn inneber mellom anna at vi kontrollerer at utdanningsinstitusjonane har gode system og rutinar for å sikre kvaliteten på nye studietilbod som blir oppretta, og at institusjonane har kontroll på og vidareutviklar kvaliteten i eksisterande studietilbod. NOKUT kan også gjennomføre tilsyn med akkrediterte studietilbod, fagområde og institusjonar for å kontrollere at dei oppfyller akkrediteringskrava. I samband med tilsyn kan vi gi institusjonane pålegg om å rette opp eventuelle manglar vi finn, og vi gir alltid råd om korleis dei kan vidareutvikle kvaliteten. Vi publiserer alle tilsynsrapportane på nettsidene våre, slik at alle institusjonar kan lære av dei og la seg inspirere til vidare kvalitetsutvikling. I tillegg hentar vi systematisk inn tilbakemeldingar frå våre sakkunnige og frå institusjonane som har gått gjennom tilsyn. Resultata bruker vi i det vidare utviklingsarbeidet vårt.

Oppfølging av høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning

Tilsyn med høgare utdanning

Sidan 2003 har NOKUT periodisk følgd opp det systematiske arbeidet til universiteta og høgskulane med å sikre og vidareutvikle utdanningskvaliteten. Institusjonane innanfor høgare utdanning må i samsvar med ESG og norsk regelverk gjennom ei periodisk kvalitets-sikring frå NOKUT kvart sjette til åttande år. Når NOKUT konkluderer med at kvalitetsarbeidet ved ein institusjon er tilfredsstillande, vil det seie at vi vurderer at institusjonen arbeider systematisk med å sikre og vidareutvikle utdanningskvaliteten, og at han oppfyller alle formelle krav til dette arbeidet. Eitt av krava som blir stilte, er at kvalitetsarbeidet skal avdekkje eventuell svikt i utdanningskvaliteten, og at

institusjonen skal rette opp dette i løpet av rimeleg tid. Dersom NOKUT konkluderer med at institusjonen har manglar i kvalitetsarbeidet, gir vi ein frist til å rette opp manglane.

NOKUTs viktigaste verkemiddel i den eksterne kvalitets-sikringa av utdanningskvaliteten innanfor høgare utdanning er periodisk oppfølging av det systematiske kvalitetsarbeidet ved institusjonane, supplert av ulike erfaringsdelings- og rettleiingsaktivitetar. Sidan 2017 har NOKUT nytta tilsyn som verkemiddel i den periodiske oppfølginga.

I den første runden med periodisk oppfølging (2003–2011) la NOKUT stor vekt på om institusjonane hadde kvalitets-systema på plass, mens i den andre runden (2009–2016) la NOKUT meir vekt på den aktive bruken av kvalitets-systema til institusjonane. I begge rundane blei institusjonane vurderte etter evalueringskriterium. Ei viktig endring som gjaldt frå og med runde 3 var at NOKUT i 2017 fastsette forskriftskrav til det interne kvalitetsarbeidet til institusjonane i studietilsynsforskrifta, og at oppfølginga blei gjennomført som tilsyn. For den fjerde runden ønskjer NOKUT meir eksplisitt å stimulere til utvikling av det systematiske kvalitetsarbeidet ved institusjonane, og vi ønskjer no å opne opp for at oppfølginga i denne runden kan bestå av ulike tilnærmingar.

Saman skal den periodiske oppfølginga, rettleiinga og erfaringsdeling bidra til å utvikle og sikre at institusjonane driv eit systematisk kvalitetsarbeid som sikrar kvalitet og vidareutviklar kvaliteten mot eit høgt nasjonalt og internasjonalt nivå.

I 2023 fullførte NOKUT tilsyn med det systematiske kvalitetsarbeidet ved 4 universitet, 1 vitenskapleg høgskule etter vedtak om oppretting og 5 høgskular. I tillegg sette vi i gang 12 nye

slike tilsyn ved høgskular. Dermed har vi følgd opp kvalitetsarbeidet ved institusjonar som til saman husar i overkant av 110 000 studentar innanfor høgare utdanning. Dette utgjer om lag 1/3 av studentane som tek høgare utdanning i Noreg.

Mellom anna har vi gjennomført tilsyn ved dei fire eldste universiteta i Norge, Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU), Universitetet i Bergen (UiB), Universitetet i Oslo (UiO) og Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet (UiT). Desse universiteta er godt kjende med at NOKUT periodisk gjennomfører tilsyn med det systematiske kvalitetsarbeidet deira. Vi erfarer at institusjonane i tida før tilsyna arbeidde med å byggje opp kunnskap om krava til systematisk kvalitetsarbeid og brukte tilsyna for å skape eit større og breiare engasjement rundt kvalitetsarbeidet blant tilsette og studentar. Dei justerte kvalitets-systema sine og deltok på erfaringsdelings- og rettleiingsaktivitetane våre for å lære meir om regelverket og hente inspirasjon til eige kvalitetsarbeid. I tillegg har vi lagt til rette for at institusjonane før, under og etter tilsyna deler erfaringar med kvarandre. Desse aktivitetane fører til auka merksemd og styrkt arbeid med kvaliteten i utdanninga og syner at NOKUTs arbeid har god effekt på kvalitetsarbeidet ved institusjonane. Alle dei fire universiteta fekk vedtak om at det systematiske kvalitetsarbeidet deira med å sikre og vidareutvikle kvaliteten i utdanningane dei tilbyr, er tilfredsstillande.

I 2023 har vi også følgd opp kvalitetsarbeidet ved fleire små høgskular utan egne fullmakter til å akkreditere studietilbod sjølve. Vi har dei siste åra gjennomført fleire rettleiings- og erfaringsdelingsaktivitetar spesielt retta mot desse høgskulane og gjennomfører i 2023 og 2024 tilsyn med det systematiske kvalitetsarbeidet ved høgskulane. I tillegg har vi lagt til rette for


F9

Tilsyn med høgare yrkesfagleg utdanning i 2023

	Talet på ferdigstilt
Økonomisk tilsyn – fullskala	0
Tilsyn med fagskuletilbod	0
Økonomisk tilsyn – skalert	1
Tilsyn med det systematiske kvalitetsarbeidet til fagskulane, oppfølgingstilsyn etter påpeikte manglar	0

F10

Tilsyn i 2023



Tilfredsstillande

Manglar

TILFREDSSTILLANDE betyr at krava er oppfylte og tilsynet er avslutta.

MANGLAR betyr at institusjonane ikkje innfrir krava til kvalitetsarbeid. Det omfattar både vesentlege og enkelte manglar med pålegg om oppretting i det fyrste vedtaket, og endelege vedtak om vesentlege manglar etter fullført tilsyn.

at institusjonane før, under og etter tilsyna deler erfaringar med kvarandre. Samtidig hentar vi også inn utfyllande informasjon om desse høgskulane til kunnskapsbasen vår for å få et meir komplett bilete av institusjonane i høgare utdanning. Fleire av desse høgskulane er ikkje så godt kjende med at NOKUT periodisk gjennomfører tilsyn med det systematiske kvalitetsarbeidet deira. Fleire kjenner ikkje så godt til krava som blir stilte til institusjonar innanfor høgare utdanning, dei har utfordringar med å dokumentere eit systematisk kvalitetsarbeid, og dei er samtidig små og meir sårbare. Effekten av desse tilsyna er at institusjonane får meir kunnskap om kvalitetsarbeid og på lengre sikt kan styrkje sitt eige arbeid med kvalitetsutvikling av utdanninga. Vi har fullført fem tilsyn i 2023, der tre av dei det blei ført tilsyn med,

har fått vedtak om manglar i kvalitetsarbeidet og må gjennom ei oppretting i 2024–2025.

Tilsyn med høgare yrkesfagleg utdanning

Tilsyn med det systematiske kvalitetsarbeidet til fagskulane har sidan 2018 vore heimla i fagskulelova § 5. Det er ikkje lovfesta at NOKUT skal føre *periodisk* tilsyn med kvalitetsarbeidet ved fagskular, slik som i lov og forskrift for universitet og høgskular. Krava som regelverket stiller til kvalitetsarbeidet til fagskulane, er likevel i stor grad dei same som for universitet og høgskular.

I 2023 starta vi tilsynet med eitt høgare yrkesfagleg studieprogram. Det overordna temaet for tilsynet var krav til utdanningskvalitet, og vi avdekte avvik hos institusjonen. Funna frå

tilsynet vil danne grunnlag for vidare rettleiing av denne delen av utdanningssektoren.

Vi starta opp eit nytt tilsyn med NKI-fagskulen, etter klage frå fagskulen på at NOKUT etter førre tilsyn trekte tilbake retten fagskulen hadde til å søkje om akkreditering av nye yrkesfaglege utdanningar. Tilsynet vil bli ferdig våren 2024. Vi tok i 2023 imot 36 bekymringsmeldingar om fagskulesektoren, og det blei vurdert som nødvendig å følgje opp seks av dei med å be om nærmare forklaringar frå institusjonane. Desse forklaringane bidreg til å avklare om det er nødvendig med ytterlegare tiltak frå NOKUTs side. Institusjonane får då høve til å rette opp moglege manglar før det eventuelt blir opna tilsyn.

Akkrediteringar

Å akkreditere studietilbod er ei av NOKUTs kjerneoppgåver, og det bidreg til å sikre kvaliteten i nye studietilbod innanfor høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning.

NOKUT tek imot søknader om akkreditering av studietilbod frå nye aktørar som vil tilby høgare yrkesfagleg utdanning eller høgare utdanning, og eksisterande institusjonar som ikkje har dei faglege fullmaktene til sjølve å akkreditere det aktuelle studietilbodet. Ei akkreditering inneber at søkjaren kan starte opp eit utdanningstilbod som dei har utvikla. Ved ei akkreditering kvalitetssikrar NOKUT utdanningstilbodet.

Fagskulane kan søkje om akkreditering av eit fagområde, mens høgskular gjennom institusjonsakkreditering kan søkje om å bli ein akkreditert høgskule, vitskapleg høgskule eller universitet. Om dei får eit positivt vedtak om institusjonsakkreditering og innvilga endring i institusjonskategori, får institusjonen utvida fullmakter til å akkreditere studietilbod sjølv.

Ei akkreditering av ph.d. innanfor høgare utdanning inneber også større faglege fullmakter ved at institusjonen får fullmakter til å akkreditere mastergradutdanningar innanfor fagområdet til ph.d.-en.

Akkreditering av studietilbod på bachelor-, master- og doktorgradsnivå

I starten av året hadde vi ein ambisjon om å fullføre alle søknader om akkreditering av studietilbod på bachelor- og masternivå som hadde komme inn i 2022. Vi blei ferdige med å behandle alle søknadane frå 2022, totalt 14 vedtak. Vi fekk ikkje begynt å saksbehandle søknadene som vi fekk inn våren og hausten 2023 – til saman 21 søknader.

Vi hadde også sett oss som mål å fullføre saksbehandlinga av to søknader om akkreditering av ph.d. frå 2022 og begynt på ein søknad frå våren 2023. På grunn av kapasitetsutfordringar

blei dette arbeidet noko forseinka sett opp mot ambisjonen. Ingen ph.d.-saker er ferdig saksbehandla i 2023, og tidsplanen er forskoven. Justert mål er no å ferdigbehandle alle tre sakene i 2024.

Institusjonsakkrediteringar for høgare utdanning

Når ein institusjon oppnår ei institusjonsakkreditering, viser han at han har eit visst fagleg nivå, er robust nok og har rutinar på plass for å handtere fullmaktene dei ulike institusjonsakkrediteringane gir. Med utvida fullmakter kan NOKUT forvente å få færre søknader om akkreditering av studietilbod frå desse institusjonane i framtida. Institusjonane bruker normalt sett mange år med systematisk arbeid for å sikre og vidareutvikle kvaliteten for å tilfredsstille krava som blir stilte til den institusjonskategorien dei ønskjer å bli ein del av. Effekten av slike prosessar bidreg sånn sett til ei kvalitetsheving av UH-sektoren.

Akkreditering av høgskular

Forskrifta om vilkår for statstilskot til private høgskular frå 2020 slo fast at høgskular som skal få statstilskot, må vere institusjonsakkrediterte, og gav høgskular som får statstilskot og ikkje har ei slik akkreditering, ein frist til å oppnå ei slik akkreditering innan utgangen av 2024. Denne fristen blei av KD i 2023 forlengd til 2030. Det er framleis seks høgskular med statstilskot som manglar dette og må søkje NOKUT om slik akkreditering. Høgskulane kan også søkje KD om unntak frå denne regelen. Førebels har ingen fått dette.

Når det gjeld søknader om institusjonsakkreditering, er Høgskolen for ledelse og teologi ferdig behandla. Dei fekk eit positivt svar på søknaden sin og blei ein akkreditert høgskule med dei utvidingane i fullmaktene som ei slik akkreditering inneber. Søknaden frå Bergen Arkitektshøgskole vil bli ferdigbehandla i 2024. Søknaden om akkreditering som høgskule frå Steinerhøgskolen kom seint i 2023, og arbeidet med søknaden vil starte opp i 2024.

Universitetsakkrediteringar

Søknaden om universitetsakkreditering frå Høgskolen i Innlandet (HINN) er noko forseinka. Vedtak er planlagt hausten 2024.

Akkreditering av høgare yrkesfaglege studietilbod

NOKUT har jobba intensivt med å handtere fleire saker enn det opphavelege målet for akkreditering av høgare yrkesfagleg utdanning for 2023. Dei auka midlane NOKUT fekk gjennom revidert nasjonalbudsjett, har bidrege til at NOKUT tok fleire grep for å redusere saksbehandlingstida.

Totalt sett har NOKUT dermed redusert køen med 58 søknader, som er 41 saker meir enn målet. I tillegg har 71 søknader om fagskuleutdanning frå 2022 og 2023 blitt gjennomgått, og det er identifisert seks saker som ikkje gjekk vidare til sakkunnig vurdering.

NOKUT evaluerer saksbehandlingsprosessen etter kvar behandlingrunde med grunnlag i mellom anna undersøkingane til dei aktuelle fagskulane og dei sakkunnige, men i år har også ytterlegare moglege grep blitt vurderte. Dette har resultert i at NOKUT mellom anna har klart å vurdere fleire nye søkjarar, produsert nye standardtekstar og lagt opp til ein tettare dialog med dei sakkunnige. Det har også vore jobba med å vidareutvikle saksbehandlingssystemet for å gjere prosessane meir effektive og få ein betre saksbehandlingsslyt.

Endringar om høgare yrkesfaglege studietilbod

Fagskulane må melde frå til NOKUT om enkelte endringar i studietilbodet sitt, slik at vi kan vurdere om endringane er så omfattande at studietilbodet må gjennom ei ny akkreditering. Ved at NOKUT vurderer endringane som er gjorde i eit studietilbod, blir kvaliteten sikra i dei aktuelle studietilboda. Det bidreg også til at fagskulane kan vidareutvikle fagskuleutdanningane sine. NOKUT har i 2023 behandla 208 endringar i studietilbod.

Fagområdeakkrediteringar

NOKUT har jobba systematisk med å stimulere fagskulane til å søkje fagområdeakkrediteringar. Det har gitt resultat. Det er no ei positiv utvikling at fleire fagskular jobbar strategisk og langsiktig med mål om å oppnå fagområdeakkrediteringar. Dette gir spennande moglegheiter for tverrfaglege, arbeidslivsrelevante utdanningar på tvers av etablerte fag- og yrkesfelt. Fleire studietilbod kjem raskare på plass, og næringslivet får betre tilgang til kandidatar med rett kompetanse.

NOKUT kan truleg også forvente færre søknader om akkreditering av fagskuleutdanningar frå desse fagskulane.

NOKUT fekk inn ni søknader om fagområdeakkreditering til søknadsfristen 1. november 2022. NOKUT gjorde vedtak for fem av desse søknadene i 2023. Dette inneber at tre fagskular fekk fullmakt til å opprette fagskuleutdanningar innanfor helse, og to fagskular fekk fullmakt til å opprette fagskuleutdanningar innanfor økonomi og administrasjon. Vi har i tillegg sett i gang saksbehandlinga av tre søknader om fagområde innanfor tekniske fag og éin innanfor maritime fag. Vedtak i desse sakene vil etter planen bli gjorde våren 2024. NOKUT har også fått inn éi endring av fagområde, og denne vil bli behandla i 2024.

Ved søknadsfristen 1. november 2023 fekk NOKUT 20 søknader om akkrediteringar av fagområde, noko som er ein vesentleg auke frå tidlegare år.


Fagskuleutdanning er høgare yrkesretta utdanningar som byggjer på vidaregåande opplæring eller tilsvarande realkompetanse, kompetanseinnhald og omfang som svarer til inntil to års utdanning på fulltid. Høgare yrkesretta utdanning er utdanning som gir kompetanse som kan takast i bruk i arbeidslivet utan ytterlegare generelle opplæringstiltak. Tradisjonelt var fagskulane små og med ulik bakgrunn og ulike grunngevingar for at dei blei oppretta. Ofte blei utdanningstilbod oppretta for å dekkje eit bestemt behov i arbeidslivet. I 2004 kom fagskulelova, som definerte fagskuleutdanning som ein del av høgare utdanning

F11


Søknader og akkrediteringar 2019-2023

■ Søknadar ■ Akkrediteringar


Bachelorgradar




Mastergradar




Ph.d




Institusjonsakkrediteringar




Endringer i utdanningar ved fagskule.
Antall meldinger.




Utdanningstilbod ved fagskule



Fagområdeakkrediteringar





Høgare yrkesfagleg utdanning

Nye utdanningstilbud	Høgskule eller universitet	Studiested
Modul: E-helse og velferdsteknologi. Hva, hvorfor og hvordan	Fagskolen i Agder avd Grimstad	Grimstad
Modul: Personsentrert velferdsteknologi og samarbeid	Fagskolen i Agder avd Grimstad	Grimstad
Modul: Batteriteknologi – spesialisering innen produksjon i batteriverdikjeden	Fagskolen i Agder avd Grimstad	Grimstad
Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse innen akvakultur	Fagskolen i Nord	Skjervøy
BIM Anlegg	Fagskolen i Nord	Tromsø
Bygningsvern i Nord I	Fagskolen i Nord	Tromsø
Barberfaget	Fagskolen i Viken	Fredrikstad
Prosessteknikk	Fagskolen Rogaland studiested Stavanger	Stavanger, Haugesund
Vindkraft og energilagring	Fagskolen Rogaland studiested Stavanger	Stavanger, Haugesund
3D-modellering og teknisk tegning med DAK (CAD)	Fagskolen Vestfold og Telemark avd Porsgrunn	Internett
Gastronomisk reiseliv	Fagskolen Vestland Nordnes	Hjeltnes
Norsk Pommelier Utdanning	Fagskolen Vestland Nordnes	Hjeltnes
Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre	Fagskolen Vestland Nordnes	Os, Nordnes
QA Programvaretesting	Gokstad Akademiet AS	Sandefjord
UI-Design	Gokstad Akademiet AS	Sandefjord
UX-Design	Gokstad Akademiet AS	Sandefjord
Bar Manager - operativ drift av bar	Norges Fagakademi AS	Internett
Redesign, søm og tekstil	Norges Fagakademi AS	Oslo, Trondheim
Digital Product Management	Noroff Fagskole AS	Oslo, Internett
Cloud Foundations	Noroff Fagskole AS	Oslo, Internett
Service Design	Noroff Fagskole AS	Oslo, Internett
Tindevegleder	Norsk Fjellfagskole AS	Åndalsnes
Hovslager for økt prestasjon, helse og velferd	Stiftelsen Norsk Hestesenter	Starum
Yrkesstudium - visuell kunst	Stiftelsen Ytre Kunstfagskole	Ålesund
Adventure Guide	Trøndelag Høyere Yrkesfagskole	Oppdal



Høgare utdanning

Nye utdanningstilbud	Høgskule eller universitet	Studiestad
Master i avansert klinisk intensivsykepleie	Lovisenberg Diakonale Høgskole	Oslo
Master i avansert klinisk operasjonssykepleie	Lovisenberg Diakonale Høgskole	Oslo
Master i barnevernsarbeid	Høgskulen i Volda	Volda
Master i natur, kultur og sosial berekraft	Høgskulen i Volda	Volda
Master i helsesykepleie	Høgskolen i Molde	Kristiansund
Master i barnehagepedagogikk og småbarnsvitenskap	Høgskolen i Østfold	Halden
Master i skrivekunst	Høyskolen Kristiania	Oslo
Master i rettsvitenskap	BI	Oslo
Master i rettsvitenskap	Universitetet i Agder	Kristiansund
Master i rettsvitenskap	Universitetet i Stavanger	Stavanger
Bachelor i Digital etterforskning og hendelsehåndtering	Noroff	Kristiansund, Internett
Bachelor i ledelse av tekniske og bærekraftige bygningsinstallasjoner	Høyskolen for yrkesfag	Gjøvik
Bachelor i Digital informasjonssikkerhetsstyring og -tilsyn	Noroff	Internett
Bachelor i HR, ledelse og organisasjonspsykologi	Oslo Nye Høgskole AS	Oslo

Institusjonane sine erfaringar med systemet for ekstern kvalitetssikring

Verkemidla våre må vere lett å forstå og nytte, og NOKUT må kunne tilby rettleiingar innanfor systemet, slik at institusjonane blir kjende med krava vi stiller. Dersom prosessane våre eller regelverket vårt er vanskeleg å forstå og etterleve, kan det bety at vi bør utvikle, forbetre og forenkle systemet for ekstern kvalitetssikring.

Tilbakemeldingane frå Riksrevisjonen og ENQA peikar på noko av dette. Fleire av dei spurde opplevde at tilsynsprosessen kravde mykje arbeid, mellom anna i samband med dokumentasjon som blir sendt til NOKUT, og at mange krav i regelverk fører til store og komplekse kvalitetssystem. Riksrevisjonen og ENQA meiner begge at NOKUT bør vurdere om endringar i regelverk, tilsyn og rettleiing kan bidra til at kvalitetssystemet til institusjonane får ei meir formålstenleg innretning. Desse funna er i tråd med det vi sjølv erfarer gjennom egne evalueringar av tilsyna, og det er i all hovudsak allereie fanga opp i siktemåla i NOKUTs strategi

for 2023–2030, om eit enklare regelverk og meir treffsikre og utviklingsorienterte verkemiddel. Ambisjonen inn mot den neste runden er også at arbeidsbelastninga ved institusjonen skal ned – og i alle tilfelle opplevast som meir nyttig. I alt NOKUTs arbeid med ekstern kvalitetssikring er tilbakemeldingar frå institusjonane viktig.

Etter kvar runde med oppfølging samanfattar vi derfor eigne erfaringar frå arbeidet og dei tilbakemeldingane vi har fått frå institusjonane og dei sakkunnige. Overordna gir institusjonane og sakkunnige tilbakemelding om at tilsyna har bidrege til å vidareutvikle systema og kvalitetsarbeidet. Dei meiner at prosessen har vore ein slags katalysator, slik at institusjonane på relativt kort tid har fått på plass endringar, forbetringar og utvikling som ein har ønskt og planlagt, men som har vore vanskeleg å prioritere i ein hektisk kvardag. Arbeidet har bidrege til betre rolleforståing, større vektlegging av forankring i leiinga og større interesse for kvalitetsarbeidet i alle

delar av institusjonane. På den andre sida opplever institusjonane at dagens prosess er arbeidskrevjande, og trekkjer spesielt fram den omfattande dokumentasjonsmengda dei opplever er nødvendig for å svare på alle krav i lov og forskrift.

Dei sakkunnige seier også at sakkunnigoppdraget har ført til meir engasjement og deling av kunnskap ved eigen institusjon, og studentsakkunnige melder at det har ført til større forståing for kva kvalitetsarbeid inneber, og korleis kvalitetsarbeidet fungerer ved eigen institusjon. Dette har vore viktig for deira vidare arbeid i studentdemokratiet og det generelle arbeidet til studentdemokratiet ved institusjonen.

Desse samanfalla med funn i Riksrevisjonen sin rapport om «Universiteta og høgskulane sitt arbeid med å vidareutvikle kvaliteten i studieprogramma» og ENQAs evaluering av NOKUT i 2023.



Etterleving av regelverk og forskrifter som NOKUT forvaltar

NOKUTs arbeid for å sikre at regelverket blir etterlevd, omfattar regelverksutvikling, rettleiing, erfaringsdeling og ulike typar tilsyn. I 2023 gjorde vi ei rekke regelverksutviklingsoppgåver på direkte oppdrag frå KD og kontrollerte regelverksetterlevinga på økonomi- og samfunnstryggleiksområdet i tråd med ambisjonane for året. Gjennomføring av regelverksoppdraga kan styrkje heimelsgrunnlaget for NOKUTs kjerneaktivitetar og gi positive effektar for andre aktørar innanfor høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning.

NOKUT har forvaltningsansvaret for desse forskriftene:

- forskrift om private universiteter, høyskoler og fagskoler – krav til regnskap mv.
- forskrift om studentsamskipnader
- forskrift om høgere yrkesfaglig utdanning
- forskrift om akkreditering av og tilsyn med høgere yrkesfaglig utdanning
- forskrift om tilsyn med utdanningskvaliteten i høgere utdanning (studietilsynsforskriften)

Forvaltningsarbeidet omfattar at vi utviklar og held ved like regelverket slik at det er treffsikkert og brukarvennleg. KD har likevel ansvaret for å fastsette forskriftene, med unntak av forskrift om akkreditering av og tilsyn med høgere yrkesfaglig utdanning og forskrift om tilsyn med utdanningskvaliteten i høgere utdanning, som blir fastsette av NOKUT.



Sjå meir på nokut.no

Økonomisk tilsyn

NOKUT startar økonomisk tilsyn med private høgskular og fagskular basert på risikovurderingar. I tillegg gjennomfører vi skalerte tilsyn dersom det blir avdekt konkrete avvik i gjennomgangen av årsrekneskapane. Dei økonomiske tilsyna skal bidra til at institusjonane følgjer regelverket. Tilsynsrapportane kan vere til nytte for andre institusjonar slik at dei lettare forstår kva som blir kravd for å følgje regelverket.

I 2023 gjennomførte vi to tilsyn med private høgskular som får offentleg tilskot. Dei overordna temaa for tilsyna var krav til styret, økonomi

og internkontroll og dessutan rettsstillinga til studentane. Det blei avdekt avvik hos begge institusjonane. På slutten av året opna vi også tilsyn med ein privat fagskule som får offentleg tilskot. Dette tilsynet vil i hovudsak bli gjennomført i 2024.

Basert på funn i gjennomgangen av årsrekneskapane for 2022 opna vi skalert tilsyn med ytterlegare éin privat fagskule som får offentleg tilskot. Eit skalert tilsyn inneber at vi berre følgjer opp eitt eller fleire konkrete funn ved institusjonen, i motsetning til dei ordinære tilsyna som blir planlagde og opna på bakgrunn av ei risikovurdering vi gjer kvart år. Fagskulen klaga inn vedtaket til KD, men dei fekk ikkje medhald. NOKUT opna i 2021 eit skalert tilsyn med ein privat fagskule som får offentleg tilskot på bakgrunn av funn i den årlege kontrollen vår av årsrekneskapen til fagskulane for 2020. Fagskulen klaga inn vedtaket til KD, og KD gav dei medhald i klagen i desember 2023.

Regelverksprosjektet

NOKUT har gjennom «Regelverksprosjektet» identifisert utfordringar ved dagens regelverk med verknad for utføringa av NOKUTs kjerneoppgåver. Regelverksendingane vil styrkje heimelsgrunnlaget for NOKUTs tilsyns- og akkrediteringsprosessar og forenkla og effektivisere regelverket NOKUT forvaltar.

I dialog med departementet har vi i 2023 identifisert behov for endringar i fagskulelova, i samband med det pågåande lovarbeidet. På bakgrunn av denne utgreiinga sende vi før sommaren enkelte innspel til endringar i gjeldande fagskulelov til departementet.

Vi har også begynt arbeidet med å greie ut eit mogleg behov for å presisere kravet til internkontroll i universitets- og høgskulelova og fagskulelova. I samband med dette har vi kartlagt kva brot på internkontrollavgjerdene vi har funne hos tilsynsobjekta våre i perioden 2019–2022. Utgreiinga blir vidareført i 2024.

Det er behov for større aktivitet, men regelverksoppdraga frå departementet bind mykje av den juridiske kapasiteten vår og avgrensar omfanget av denne aktiviteten.

Regelverksoppdrag frå KD

NOKUT får årleg ei rekke regelverksoppdrag frå Kunnskapsdepartementet, både gjennom tildelingsbrevet og i særskilde oppdragsbrev. I 2023 gjennomførte vi fem oppdrag frå KD:

- rapportering i lys av tillitsreforma
- tilskotsordninga for private høgskular

- personalforskrifta for universitet og høgskular
- bidrag i ekspertgruppa for akkreditering
- utgreiing av rammer og vilkår for institusjonsakkreditering av fagskular

Rapportering i lys av tillitsreforma

NOKUT har i ein rapport til Kunnskapsdepartementet gått gjennom verksemda si og vurdert NOKUTs aktivitetar og verkemiddel retta mot universitet, høgskular og fagskular, i lys av måla og prinsippa for tillitsreforma til regjeringa i offentleg sektor. Rapporten tek utgangspunkt i dei av NOKUTs verkemiddel med underliggjande aktivitetar retta mot universitet, høgskular og fagskular som i størst grad er relevante for å nå måla med tillitsreforma.

Tilskotsordninga for private høgskular

NOKUT greidde ut dagens retningslinjer om tilskotsordninga for private høgskular med tanke på forskriftsfesting. I samband med dette undersøkte vi om det finnast rettsleg grunnlag for forskriftsfesting, med utgangspunkt i forvaltningslova og i lys av regelverk for økonomistyring i staten. Resultatet av utgreiinga, og dessutan NOKUTs vurdering, blei sendt til Kunnskapsdepartementet i februar 2023.

Personalforskriftene for universitet og høgskular

NOKUT leverte utkast til ny samla personalforskrift og merknadar til dei enkelte avgjerdene, til HK-dir i desember 2022. I tråd med føringar frå Kunnskapsdepartementet har NOKUT våren 2023 støtta HK-dir i det vidare arbeidet med forskrifta og vore tilgjengeleg for å avklare spørsmål før klargjering for høyringsrunden.

Utgreiing av rammer og vilkår for institusjonsakkreditering for fagskular

NOKUT fekk i oppdragsbrev av august 2023 i oppdrag å foreslå kriterium for institusjonsakkreditering av fagskular i forskrift om høgare yrkesfagleg utdanning. Forslaget skulle innehalde ei evaluering av ordninga for fagområdeakkreditering, relevante erfaringar frå institusjonsakkreditering i sektor for høgare utdanning, forslag til kriterium, prosedyrekrav for sjølvakkrediteringsmyndigheita og ei vurdering av om det er behov for tilpassingar i tilsynsverksemd.

Dette har vore eit omfattande prosjekt med brei involvering av sektoren, som skal resultere i forskriftsfesta vilkår for institusjonsakkreditering som gir fagskulesektoren tilstrekkeleg føreseieleg prosess, og som er enkle for NOKUT å operasjonalisere og handheve. Forslaget blir etter avtale sendt til departementet i løpet av våren 2024.

Kontrollar gjennomført på oppdrag frå KD **Kontroll av økonomiforvaltninga ved statlege utdanningsinstitusjonar**

NOKUT har ansvaret for kontroll av økonomiforvaltninga ved statlege utdanningsinstitusjonar som er underlagde KD. Dette inneber kontroll av kvaliteten på rapporteringa for verksemdene om styring og kontroll. I tillegg består kontrollen av ein analyse av økonomien for verksemdene knytt til enkelte indikatorar. Vi påpeiker også svakheiter og foreslår forbetringar i rapporteringskrav.

Økonomikontrollen er eigna til å avdekkje enkelte innhaldsmessige manglar, manglande rapportering og om innhaldet i årsrapporten er i samsvar med rapporteringskrava frå KD. Av dei 26 verksemdene vi kontrollerte i 2023, fann vi manglar ved alle. Vi har rapportert til KD kva institusjonar som har svak økonomi eller svakheiter ved rapporteringa.

NOKUT kontrollerer og rapporterer til KD på økonomiforvaltninga ved statlege og private universitet og høgskular, studentsamskipnadene og private fagskular. I rapportane kjem vi med forslag til korleis KD/NOKUT kan følgje opp funna i kontrollane. Oppfølginga av funna kan sikre betre økonomistyring og betre økonomisk situasjon for institusjonane.

Kontroll av eigarskapsforvaltninga ved statlege utdanningsinstitusjonar

NOKUT har gjennomført eit arbeid med å skrive utkast til meldingar som Kunnskapsdepartementet årleg sender til Riksrevisjonen om eigarskapsforvaltninga til høgskular og

universitet. I tillegg har NOKUT utført ein kontroll og analyse av selskapsøkonomien og eigarskapsforvaltninga til institusjonane av desse selskapa.

NOKUTs arbeid med meldingane har bidrege til at universiteta og høgskulane har fått ei klarare bestilling knytt til meldingane, og styresmaktene har fått betre rapportering om eigarskapsforvaltning frå universiteta og høgskulane. Kontrollen og analysen av eigarskapsforvaltninga har vidare bidrege til auka kunnskap for departementet om selskapa og eigarskapsforvaltninga til institusjonane.

Kontroll av arbeidet med samfunstryggleik for statlege utdanningsinstitusjonar og verksemdar

NOKUTs kontrollmetode gjer at vi kan kontrollere arbeidet med samfunstryggleik for statlege verksemdar. Den årlege kontrollen vår av årsrapportane for verksemdene inkluderer ei samla oversikt over talet på avvik frå rapporteringskravet til departementet på området, og indikerer korleis verksemdene arbeider med samfunstryggleik.

I tillegg gjennomførte vi i 2023 ein meir inngående kontroll av fire verksemdar, basert på ei risikovurdering. Ein slik kontroll gjer at vi kan vurdere om dei utvalde verksemdene formelt etterlever krava og forventningane til departementet. Kontrollen viste enkelte manglar ved alle verksemdar, og dei fire verksemdene fekk separate tilbakemeldingar frå NOKUT i etterkant av kontrollane. Kontrollane gir KD oversikt over arbeidet

med samfunstryggleik, betre grunnlag for etatsstyring, auka beredskap og auka forståing for samfunstryggleiksarbeidet i sektoren. For å seie meir presist kva effekt kontrollarbeidet vårt har på samfunstryggleiksarbeidet, blir det kravd ei måling over lengre tid.

Ansvaret for kontroll av samfunstryggleiksarbeidet inkluderer også kontroll med informasjonstryggleiken. Vi ventar på ei avklaring frå KD om kva forventningar dei har til NOKUT på dette området, og har derfor ikkje gjennomført nokon kontroll med informasjonstryggleiken i 2023.

Kontroll av årsrekneskap og rekneskap ved private utdanningsinstitusjonar og studentsamskipnader

Økonomikontrollen er eigna til å avdekkje enkelte innhaldsmessige manglar, manglande rapportering, svakheiter i økonomien og om innhaldet i årsmeldinga frå styret er i samsvar med rapporteringskrava frå KD og NOKUT. Dette kjem i tillegg til tilsynsverksemda vår. I 2023 kontrollerte vi alle private fagskular som får offentleg tilskot, 25 i alt, og fann manglar ved 20 av dei. I tillegg kontrollerte vi 14 studentsamskipnader. Vi fann at 11 av dei hadde manglar.

NOKUT har i tillegg gjort ein analyse av økonomien til dei ni private høgskulane som ikkje får offentleg tilskot. NOKUT avdekte svakheiter ved økonomien hos sju av dei. På grunn av ressursmanglar blei det ikkje gjennomført kontroll med dei private høgskulane i 2023.



TEMA

Kunstig intelligens og datadeling i NOKUT

I NOKUT jobbar vi for å utnytte potensialet i både dagens teknologi og moglegheitene i framtida. Det blir mellom anna gjort ved å ta i bruk kunstig intelligens (KI) i analysearbeid og å sørge for betre bruk av våre egne data.

NOKUT har det siste året sett på kva potensial KI og maskinlæring har for arbeidet vårt. Resultatet av dette arbeidet er at vi på kort tid har utvikla spennande metodar og bruksområde for KI som styrker analysearbeidet til NOKUT.

– Det skjer mykje spennande teknologisk no, og NOKUT har eit mål om å levere analysar av høg kvalitet. Då må vi vere med på utviklinga, og det synest vi er spennande, seier analysedirektør i NOKUT, Ole-Jacob Skodvin.

NOKUT gjennomfører kvart år Studiebarometeret, som går ut til om lag 100 000 studentar på fagskular, høgskular og universitet. I desse undersøkingane kan studentane både gi tilbakemeldingar på ein fastsett skala og i form av fritekst.

Å analysere tusenvis av fritekstsvaer er svært tidkrevjande for eit menneske, men for ein godt programmert språkmodell er dette ei relativt smal sak.

NOKUT tok i 2023 i bruk to ulike maskinlæringsmetodar, som er brukte med data frå Studiebarometeret. Under lanseringa av Studiebarometeret for fagskulestudentar i september blei KI brukt til å svare på to spørsmål: 1) Kva påverkar overordna tilfredsheit? 2) Kva skriv studentane om utdanninga?

For å svare på det første spørsmålet blei det brukt ein maskinlæringsmodell som reknar ut kor viktige enkelte indeksar og spørsmål er for studentane. Ein slik modell gir solide resultat og kontrollerer for alle moglege samspeleffektar.

– Konklusjonen var at det viktigaste for overordna tilfredsheit var god informasjon i forkant av og undervegs i studiet, engasjerande undervisning og god fagleg rettleiing, seier Skodvin.

For å svare på det andre spørsmålet blei det brukt ein maskinlæringsmodell som kan analysere tekstdata. Modellen såg på såkalla bigram, dvs. to ord som førekjem saman.

Det var fritekstsvara på spørsmålet «Har du nokon ønske eller idear for å forbetre studiet?» som blei analyserte, og dette omfatta ca. 2500 svar.

Dei tre vanlegaste kombinasjonane var betre kommunikasjon/informasjon, enkelte lærarar og veldig fornøgd. Svara viser at engasjerte



KUDAF

KUDAF står for Kunnskapssektorens datafellesskap og er eit program som skal sørge for betre oversikt over kva data kunnskapssektoren sit på. Gjennom etableringa av ein felles infrastruktur og metadatakatalog vil det bli enklare å sjå det totale biletet og utveksle data trygt og enkelt.

I 2023 fekk NOKUT tildelt midlar frå HK-dir med bakgrunn i KUDAF-programmet for å sjå på korleis NOKUT betre skal kunne levere data til utdanningssektoren og eit nytt nasjonalt utdanningsregister. Dette prosjektet støttar opp under målet til KUDAF om å stimulere til å gjere kunnskapssektoren meir datadriven, noko som er i tråd med ambisjonane til Kunnskapsdepartementet om auka deling av data.

lærarar og god informasjon/kommunikasjon er viktige tema for kor tilfredse studentane er med utdanninga.

Betre samordning og deling av data

NOKUT jobbar også med å bruke om att dataa vi eig, på ein meir formålstenleg måte, både internt og eksternt. Saman med HK-dir, Lånekassen og Sikt (tenesteleverandør til kunnskapssektoren) planlegg NOKUT eit nytt nasjonalt utdanningsregister.

I samband med utdanningsregisteret søkte NOKUT om stimuleringsmidlar frå Kunnskapssektorens datafellesskap (KUDAF). Vi fekk innvilga midlar og er i gang med å gjennomføre eit prosjekt for å sjå korleis NOKUT betre skal kunne levere data til utdanningssektoren, der det planlagde nasjonale registeret vil bli ein viktig del.

– Prosjektet starta med å identifisere kva datakjelder og dokument som blir brukte internt i NOKUT. Kartleggingsprosessen var nyttig og nødvendig både for å få ei oversikt over kva data NOKUT behandlar og lagrar, og for å forstå korleis data i NOKUT kan brukast på ein endå betre måte, forklarar prosjekteigar og IT-sjef i NOKUT, Salam Ali.

Kartlegginga viste at det er eit breitt spekter av strukturerte og dokumentbaserte data som med fordel kunne samanliknast og gjerast tilgjengelege på ein betre måte enn i dag. Dei områda vi ser er viktigast å prioritere,

er akkrediteringar og tilsyn, dataflyt mellom eksisterande system og historiske data internt i NOKUT som viser livsløpet til utdanningar.

– Ut frå dei valde dataområda kom vi fram til fleire tilrådingar for korleis vi kan samanlikne og gjere dataa betre tilgjengelege internt i NOKUT og gjere NOKUT klar for å utveksle data med det nye nasjonale utdanningsregisteret, så fort dette er på plass. Når dataa er gjorde tilgjengelege internt, vil ein også lettare kunne vise dei eksternt, forklarar Ali.

Totalt enda prosjektet opp med ni tilrådingar. Det dreier seg mellom anna om å etablere eit akkrediteringsregister, forenkle og standardisere akkrediteringsprosessar, slå saman søknadsportalane for høgare yrkesfagleg utdanning og høgare utdanning og å forbetre informasjonsflyten internt i NOKUT. For å komme i mål med alle tilrådingane vil det krevje ressursar i form av personell og investeringar, og arbeidet vil bli planlagt gjennomført over fleire år. NOKUT jobbar no med ein digitaliseringsstrategi som skal bidra til at ein kjem i mål med tilrådingane.

– Tilrådingane er av både større og mindre karakter og forma slik at dei gir verdi kvar for seg, men også samla. Alt kan ikkje gjerast samtidig, men ei trinnvis gjennomføring av tilrådingane vil gjere at NOKUT og resten av kunnskapssektoren får betre nytte av dataa våre enn det tilfellet er i dag, avsluttar Ali.

MÅL 3



Samfunnet er godt informert om kvaliteten i norsk høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning

Vi vurderer at NOKUT har god måloppnåing for arbeidet som ligg under mål 3 i 2023.

Vi har gjennomført dei nasjonale undersøkingane og analysane som vi har ansvaret for, og lagt godt til rette for at resultatane blir spreidde og tekne i bruk i mellom anna forbetningsarbeid hos utdanningsinstitusjonane.

Kunnskap om kvalitet blir formidla til og blir brukt av sektor og samfunn

NOKUT samanfattar og systematiserer tilgjengeleg kunnskap, og vi skal bruke denne kunnskapen til å skape merksemd om gode praksisar, kvalitetsutfordringar og særskilt relevante tema. I tillegg skal vi samarbeide med andre aktørar om etablering og deling av kunnskap om utdanningskvalitet. Dette gir moglegheiter og utfordringar på det faglege, tekniske og juridiske området. NOKUT skal samarbeide med utdanningsinstitusjonane og aktørar innanfor kunnskapsforvaltninga for å utvikle og styrkje god forvaltning og deling av data. Vi vil jobbe for at meir data blir tilgjengelege innanfor sikre rammer.

NOKUT vil arbeide for at høgare yrkesfagleg utdanning blir meir kjent i samfunnet, og for at kvalitetsperspektivet i fagskuleutdanningane får eit løft. Det vil primært innebære at vi gjennom kunnskapsdeling, rettleiing og erfaringsdeling set søkjelys på fagskulane sitt oppdrag med å sikre og utvikle eiga utdanning, men vi vil også bruke NOKUTs ulike verkemiddel for å underbygge dette.

Dei nasjonale undersøkingane

NOKUT gjennomfører fire nasjonale undersøkingar:

- Studiebarometeret for fagskulestudentar
- Studiebarometeret for høgare utdanning
- Undersøkinga om høgare utdanning
- Nasjonal deleksamen

Dei to studentundersøkingane viser korleis studentane opplever utdanningskvaliteten på studiet sitt. Undersøkinga om høgare utdanning gir eit representativt bilete av dei vitskapleg tilsette sine vurderingar av kvaliteten på studieprogram ved høgskular og universitet. Dei nasjonale deleksamenane er viktige for å sikre ein fagleg

standard innanfor dei utvalde emna og bidreg til høgare eksamens- og vurderingskvalitet i sektoren.

Undersøkinga om høgare utdanning blir gjennomført om lag kvart fjerde år og blei sist gjennomført i 2021. Undersøkinga kartlegg korleis undervisarane jobbar med undervisning og læring, kva slags prioriteringar og vurderingar dei gjer, kva moglegheiter og kva hindringar som finst, og kva faglege eller andre ressursar dei har tilgjengeleg. Oppfatningane og tilbakemeldingane til undervisarane er til hjelp for styresmakter, institusjonar og fagmiljø i arbeidet med vidareutvikling av kvaliteten i norsk høgare utdanning.

Studiebarometeret

Studiebarometeret skal bidra til å styrkje arbeidet med kvalitetsutvikling i høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning ved å gi institusjonane, fagmiljøa og studentane nyttig informasjon til eige kvalitetsarbeid. Vi arbeider kontinuerleg for at resultatane skal vere nyttige for sektorane, og for at så mange som mogleg skal svare på undersøkingane. Studiebarometerdata blir brukte til forskings- og analyseformål og er viktige for kunnskapsgrunnlaget vårt, for andre styresmakter, for resten av sektoren og for samfunnet elles. Erfaring viser at resultatane er særskilt viktige for studentane og for utdanningsinstitusjonane. Institusjonane bruker informasjonen som kjem fram i kvalitetsarbeidet sitt og får verdifull innsikt som kan bidra til å heve kvaliteten i kvart enkelt studieprogram. Studiebarometeret gir studiesøkjjarar informasjon som gir dei eit betre grunnlag for å velje studieprogram og

studiestad. Resultata ligg tilgjengeleg på ei eiga nettside, studiebarometeret.no.

Høgare utdanning: Om lag 28 000 andre- og femteårsstudentar svarte på årets undersøking, noko som utgjer ein svarprosent på 40. Undersøkinga dekkjer ca. 1900 studieprogram på så godt som alle norske universitet og høgskular. For å lykkast med undersøkinga er NOKUT heilt avhengig av at universiteta og høgskulane bidreg med å motivere studentane til å svare på spørjeundersøkinga og dessutan ved å gi innspel til utviklinga av spørjeskjemaet.

Fagskule: Spørjeskjemaet blei sendt til alle fagskulestudentar som hadde studert meir enn eitt semester, og til enkelte fagskulestudentar som var i det første semesteret sitt. Totalt inngjekk omtrent 23 000 studentar frå 56 fagskular og ca. 800 utdanningstilbod i populasjonen. Studentar frå alle fagskular deltok i undersøkinga. 9 158 studentar svarte på årets undersøking, noko som svarer til 40 prosent av populasjonen.

Dei nasjonale deleksamenane

I 2023 heldt vi eksamenar både vår og haust for dei eksamenane vi er ansvarlege for. Dermed gjennomførte vi totalt åtte eksamenar med til saman 8 402 kandidatar. For å få dette til involverte vi rundt 247 sensorar, fire eksamensgrupper, tre referansegrupper og mange emneansvarslege, undervisarar, eksamenskontor og eksamensvakter.

Hausten 2023 blei eksamen i rettsbruk for barnevernfagleg arbeid gjennomført i full skala for første gong. Det vil seie at alle institusjonane som har oppretta dei aktuelle masterprogramma, var med i den nasjonale gjennomføringa.

Studiebarometeret

Studiebarometeret for høgare utdanning

Årleg gjennomfører NOKUT ei nasjonal studentundersøking for høgare utdanning som blir sendt ut til rundt 75 000 studentar. Det har NOKUT gjort sidan 2013, så 2023 var 11. gongen. I 2023 er det arbeidd med å forbetre spørjeskjemaet for 2024 basert på resultat og innspel i den eksterne evalueringa som blei gjort i 2022. Endringane skal forbetre nytta av undersøkinga for studentar og institusjonar.



[Les meir på nokut.no](https://nokut.no)

Studiebarometeret for høgare yrkesfagleg utdanning

Årleg gjennomfører NOKUT ei nasjonal studentundersøking for høgare yrkesfagleg utdanning som blir sendt til rundt 23 000 studentar. Ei viktig oppgave for NOKUT er å gjennomføre og spreie resultat frå denne undersøkinga, noko som har bidrege til kvalitetsutvikling og generell merksemd for fagskulesektoren. Undersøkinga gir NOKUT ei viktig kunnskapskjelde til tilsynsaktivitetane på fagskular, der dataa som blir brukte, må vere så ferske som mogleg.



[Les meir på nokut.no](https://nokut.no)

Nasjonal deleksamen

Dette er ein obligatorisk eksamen eller deleksamen innanfor eit emne eller fag for alle studentar innanfor spesifikke utdanningar i Noreg. Eksamenen blir gitt på same tidspunkt for alle studentar på alle studiestader. Eksamen i dei ulike faga blir gjennomført to gonger i året, vår og haust.

Sidan 2015 har NOKUT hatt ansvaret for ordninga med nasjonale deleksamenar i høgare utdanning. I 2023 gjennomførte vi eksamenar for

- matematikdidaktikk og algebraisk tenking for lærarstudentar for trinn 1-7 og trinn 5-10
- anatomi, fysiologi og biokjemi for sjukepleiestudentar
- rettsbruk i barnevernsfagleg arbeid for masterutdanningane i barnevern og sosialt arbeid



[Les meir på nokut.no](https://nokut.no)

Resultata frå eksamenane bidreg til kvalitets-sikring og tillit til kvaliteten i utdanningane ved å gi ein einskapleg og felles standard for måling av kunnskapen til studentane på tvers av institusjonar. Gjennom analysar og erfaringsdeling får institusjonane og styresmaktene kunnskap om faktorar som har betydning for eksamensprestasjonar og eit kunnskapsgrunnlag for vidareutvikling av kvaliteten i utdanningane. Ordninga fører vidare til auka kunnskap og dialog i sektoren om kvalitet på eksamen og vurdering meir generelt, og eit fagleg fellesskap på nasjonalt nivå om vurderingskvalitet og læring.

Nasjonal eksamen i anatomi, fysiologi og biologi for sjukepleiestudentar kom som eit ønske frå studentane sjølve, og dei ønskjer å halde på ein nasjonal eksamen fordi dei meiner dette er eit viktig verktøy som sikrar framtidige sjukepleiarar livsnødvendig kunnskap og kompetanse – som igjen styrker pasienttryggleiken.

Studentane meiner at kvalitetsforbetringa på skulane før og etter nasjonal samanlikning og offentlig konkurranse var større enn ein kunne sjå for seg. Nasjonal eksamen skaper også arenaer for viktige faglege diskusjonar rundt innhald i emne, læring, undervising og vurdering. I tillegg er resultata frå eksamenane ein måte å skaffe kunnskap om læring og undervising på, slik at ein kan leggje til rette for og støtte læringa til sjukepleiarstudenten i dei naturvitskaplege faga.

Spreie resultat og analysar frå dei nasjonale undersøkingane

Samla er dei nasjonale spørjeundersøkingane ein viktig del av NOKUTs kunnskapsgrunnlag i samband med evalueringar, tilsyn og tilrettelegging for erfaringsdeling og for å kunne identifisere potensial for vidareutvikling av kvalitet og kvalitetsarbeid. Like viktig er det at kunnskapen også går den andre vegen. I

tilsyn og evalueringar fangar vi opp utvikling og trendar, og denne kunnskapen om kvalitet og kvalitetsarbeid bruker vi til å vidareutvikle dei nasjonale undersøkingane, slik at dei blir relevante for kvalitetsarbeidet til institusjonane, i tillegg til NOKUTs og andre styresmakter sitt behov for informasjon.


Data og resultat blir nytta til eige kvalitetsarbeid av sektorane, NOKUT og KD. I tillegg når kunnskapen ut meir breitt til samfunnet elles. Spreiing av resultata bidreg til kunnskapsbasert kvalitetsarbeid.

Resultata og analysane frå undersøkingane blir spreidde via ulike kanalar, til dømes som rapportar og råmateriale frå undersøkingane som er lagt til rette på Studiebarometeret.no eller nokut.no, som informasjon som er lagd til rette for institusjonar, og som informasjon og kunnskapsgrunnlag for KD til politikkutforming og oppfølging av institusjonane og

F14

Talet på deltakarar på nasjonale deleksamenar i 2023

■ 2022 ■ 2023



andre styresmakter, kunnskapssektoren og interesseorganisasjonar.

Resultata frå Studiebarometeret får stor regional og nasjonal merksemd, mellom anna gjennom nyheiter i dei nasjonale mediehusa, av institusjonane sjølve og i lokalaviser. Fleire av resultata frå dei nasjonale deleksamenane har også ført til merksemd og debatt i riksdekkjande medium som nyheitssendingar og innlegg.

Gjennom dialog og kontakt med fagskulane ser vi ein aukande tendens til at resultata frå Studiebarometeret blir brukte aktivt i kvalitetsarbeidet ved fagskulane og dei ulike utdanningane.

Resultata frå Studiebarometeret er nyttige og viktige for kvalitetsarbeidet ved lærestadene. Dette kjem også fram i evalueringa til Technopolis av Studiebarometeret for høgare utdanningsstudentar i 2022. Evalueringa viser at data frå studiebarometeret er heilt sentrale i kvalitetsarbeidet i utdanningsinstitusjonane på studieprogramnivå og også i den faglege porteføljestyringa deira av utdannings-tilbod.

I tillegg peiker evalueringa på at Studiebarometeret er eit viktig kunnskapsgrunnlag for NOKUTs eksterne kvalitetssikringsaktivitetar (tilsyn og utdanningsevalueringar). Det blei også påpeikt i ENQAs nyleg avslutta evaluering av NOKUT, der undersøkinga blir sett som ei svært viktig kjelde til den kunnskapsbaserte tilnærminga vår til dei eksterne kvalitetsaktivitetane våre, som skal vere i tråd med dei europeiske standardane (ESG). Høgskulane, universiteta, KD og NOKUT får oppdaterte data og resultat til arbeid med kvalitetssikring og utvikling. Når studentundersøkingane er gjennomførte, blir rådata og genererte analyse-rapportar sende til kvar enkelt institusjon. Det er viktig for NOKUT at desse dataa blir brukte til å forbetre kvaliteten på studieprogramma ved lærestadene, som grunnlag for forskning og avgjerdsgrunnlaget til styresmaktene. Derfor blir data og kunnskap leverte på ei rekkje ulike måtar utover at resultata blir publiserte i rapportar.

NOKUT

- legg ut data på studieprogramnivå i portalen Studiebarometeret.no
- sender ut grafiske rapportar og anonymiserte rådata til kvar enkelt lærestad for alle studieprogram
- legg til rette for bruk av data i UH-institusjonane sitt eige datavarehus STAR
- sender rådata til forskingsformål til Sikt

Resultat frå dei nasjonale deleksamenane blei sende til institusjonane slik at dei kan samanlikne seg med andre og bruke det som utgangspunkt for vidareutvikling.

I 2023 såg vi nærare på kva som har innverknad på eksamensprestasjonar i matematikkdidaktikk. Resultatet av dette arbeidet blei presentert på ein konferanse våren 2023. Eit hovudfunn frå analysen er at forkunnskap frå vidaregåande skule har stor innverknad. Det gjeld både karakterpoeng, studieretning, gjennomsnittskarakter i matematikk og type matematikk.

I oktober samla NOKUT representantar frå fagmiljøa i matematikk knytte til grunnskulelærarutdanningane til eit erfaringsdelingsseminar på Gardermoen. Temaa for samlinga var kva som skaper god læring for studentane, og arbeidet med nasjonal deleksamen.

Les rapportane på nokut.no

- Studiebarometeret for fagskulestudentar: [hovudtendensar og tematisk analyse](#)
- Studiebarometeret for høgare utdanning: [hovudtendensar og dokumentasjonsrapport](#)
- Nasjonal deleksamen: [verdien av forkunnskapar](#)

Tematiske analysar

Tematiske analysar gir eit godt grunnlag for erfaringsdelinga og rettleiinga vår. Institusjonane og andre relevante aktørar kan bruka desse analysane inn i sitt eige kvalitetsarbeid. NOKUT bruker analysane inn i arbeidsoppgåvene våre og som grunnlag for fagpolitiske råd.

Kartlegging av kvalitetstilstanden ved praktisk-pedagogisk utdanning (PPU)
Kartlegginga av PPU er ein del av NOKUTs tematiske arbeid med lærarutdanningane, der formålet har vore å få fram kunnskap om lærarutdanningane ved norske lærestader.

Hovudrapporten blei publisert våren 2023 og gir verdifull innsikt i kva både studentar, kandidatar og skuleleiarar meiner gir god kvalitet i PPU, og kva som fremjar og hemmar kvalitet i desse utdanningane. Rapporten gir også innsikt i samarbeidet mellom utdanningsinstitusjonane og praksisfeltet, der det kjem fram at samarbeidet generelt sett er godt, men at det er behov for betre forankring i leiinga og auka informasjonsflyt.

Som ein del av kunnskapsgrunnlaget for kartlegginga har vi gjennomført fleire spørjeundersøkingar, som vil gi institusjonane og andre interessentar nyttig kunnskap om PPU. Denne kunnskapen kan brukast til å utvikle kvaliteten i PPU, både av lærestadene og som kunnskapsgrunnlag for politikktutforming. Stortingsmeldinga om profesjonsutdanningane og KDs arbeid med rammeplanar for lærarutdanningane er sentralt her. Kartlegginga omfatta tre undersøkingar der vi bad ferdige PPU-kandidatar, PPU-studentar og utdanningsleiarar om å svare på spørsmål

om utdanningskvaliteten ved utdanningane og overgangen til arbeidslivet.

PPU-institusjonane, KD og andre interessentar vil bruke resultat frå kartlegginga i arbeidet med å sikre og utvikle utdanninga.



[Les rapporten på nokut.no](#)

Offentleg ph.d.-prosjekt om sensur ved eksamen

I 2023 starta ein NOKUT-medarbeidar på eit offentleg ph.d.-prosjekt med tittelen «Inconsistencies in grading – is co-grading the answer?». Prosjektet har som mål å undersøkje korleis bruk av to sensorar i høgare utdanning påverkar kvaliteten på sensur ved eksamen, og om det finst andre mekanismar som kan takast i bruk som er mindre kostnads- og tidkrevjande for universitet og høgskular. Prosjektet vil utnytte unike datasett frå Nasjonal deleksamen. Kunnskapen som blir utvikla frå prosjektet, vil vere nyttig for sektoren, styringsorgan og NOKUT. Prosjektet er finansiert av Forskningsrådet og blir gjennomført i samarbeid med CEMO – Senter for pedagogiske målingar ved Universitetet i Oslo.

LOBSTER-prosjektet

Å delta i relevante internasjonale samarbeid er viktig for NOKUT. I 2021 fekk NOKUT innvilga prosjektmidlar frå EU-kommisjonen til det treårige Erasmus+ prosjektet «Learning Outcomes: Best practice Schemes, Transparency, Experience and Research» (LOBSTER). Prosjektet varte ut 2023 og hadde som mål å produsere informasjon og rettleiing til personar som jobbar med å utvikle, gjennomføre og revidere studietilbod.

Gjennom prosjektet har NOKUT mellom anna kartlagt forskning og annan eksisterande kunnskap om bruken og utviklinga av læringsutbytteskildringar. I samarbeid med aktørar frå utdanningssektoren har vi gjennom verkstader, evalueringar, interne og eksterne kunnskapsoppsummeringar og møte med referansegruppa samla og kategorisert kunnskap om læringsutbytteskildringar og gjort han tilgjengeleg gjennom ulike kanalar. Vi har laga rettleiingsvideoar, nye rettleiingstekstar på nokut.no og informasjonsbrosjyrar som inneheld både tips om korleis ein lagar gode læringsutbytteskildringar, og informasjon om kvar det finst meir rettleiing om både formål, regulering, bruk og utforming av læringsutbytteskildringar.



[Les meir på nokut.no](#)

Kunnskap om kvalitet blir brukt i fagpolitisk utvikling

NOKUT er pådrivar for kvalitet i utdanning. Pådrivarrolla handlar om å bruke kunnskapen NOKUT bringar fram, til å setje kvalitetsutfordringar, gode praksisar og andre viktige tema på dagsordenen og å gi fagpolitiske råd.

Som eit fagleg uavhengig styresmaktsorgan ønskjer NOKUT å vere nytenskjande og prøve ut nye løysingar og tenester gjennom dialog og samspel med sektoren og arbeidslivet. På område der vi har spesiell fagkompetanse, ser vi det som ei viktig oppgave å gi råd til KD og gi departementet og andre avgjerdestakarar eit så godt grunnlag som mogleg før dei tek avgjerder.

Gjennom spreing av resultatata og analysar frå dei nasjonale undersøkingane som Studiebarometeret og nasjonal deleksamen bidreg NOKUT til å setje aktuelle tema på dagsordenen, som er ein viktig del av pådrivarrolla vår.

I tillegg til å vere eit viktig fagpolitisk verktøy for studentane gir undersøkingane eit viktig kunnskapsgrunnlag for å vidareutvikle kvalitet både for institusjonane, KD og andre styresmaktsorgan. I tillegg bruker KD data i styring og politikktutforming, mellom anna som eit viktig bidrag til arbeid med stortingsmeldingar, NOU-ar og liknande.

I 2023 har vi også gjennomført to oppgåver på oppdrag frå KD:

- Vi har levert eit kunnskapsgrunnlag til arbeidet med stortingsmeldinga om profesjonsutdanningane: grunnskulelærer- og medisinutdanningane og dei to utdanningane i sjukepleie og barnevern og sosialt arbeid.
- Vi har evaluert det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket (NKR).

Du kan lese meir om dei nasjonale undersøkingane tidlegare i [mål 3](#) og om evalueringar av grunnskulelærer- og medisinutdanningane og kartlegginga av forskings- og utviklingsarbeidet i fire profesjonsutdanningar under [mål 1](#). Informasjon om nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk finn du rett nedanfor.

Evalueringa av nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk

Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (NKR) er eit rammeverk som skal bidra til læring heile livet og på alle arenaer i livet. Både studentar, lærarar, arbeidsgivarar og samfunnet er ein del av dette. Det å setje utbyttet av ulike former for læring i sentrum skal auke kvaliteten og gjennomslakta i alle læringsløpa vi møter gjennom livet.

Våren 2021 starta NOKUT på evalueringa der vi såg nærare på kva funksjonar og effektar NKR har i dag. I evalueringa har vi vurdert om desse verknadene er i tråd med formåla med NKR og lagt til rette for kunnskapsbasert vidareutvikling av NKR på områda regulering av utdanning og utdanningskvalitet, og mobilitet og livslang læring.

Resultata frå evalueringa viser at det er stor avstand mellom formålet med og effektane av NKR. Rammeverket verkar som ei inngripande regulering av utdanning og er i hovudsak eit utdanningsrammeverk for høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning. Effektane på utdanningskvalitet er generelt lite tydelege, men evalueringa finn at innføringa av NKR har gitt større forståing for studieprogramdesign og samstemt undervisning. Effektane på mobilitet og livslang læring er svært lite tydelege.

Om Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk

Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (NKR) blei innført i 2011. Med det etablerte Noreg ein fullstendig nivåstruktur som gjorde slik at alle utdanningskvalifikasjonar har eit nivå. Samtidig blei det innført læringsutbyteskildringar for alle utdanningar, på alle nivå. NKR består av sju nivå (nivå 2 til nivå 8), og det er berre formelle utdanningskvalifikasjonar som er plasserte inn i rammeverket. NOKUT er nasjonalt kontaktpunkt for NKR og det europeiske kvalifikasjonsrammeverket (EQF).

Evalueringa kjem med eit sett med tilrådingar til KDs arbeid med vidareutvikling av NKR. Ei av hovudtilrådingane er å spisse formålet – det er krevjande å realisere formål som gjeld utdanning, arbeidsliv og livslang læring på same tid. Evalueringa anbefaler mellom anna også å avvikle delnivåa i NKR og opne for høgare utdanning på nivå 5 og høgare yrkesfagleg utdanning på nivåa over 5. Her presiserer evalueringa at nivåa bør dreie seg om kompleksiteten på læringsutbyttet, og at dette i seg sjølv ikkje utfordrar forskjellane mellom eller særprege til høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning, som blir regulerte gjennom andre lover og forskrifter.

Sluttrapporten blei levert til KD og presentert på ein NOKUT-frukost i samarbeid med OsloMet. På lanseringa blei det presentert hovudfunn og tilrådingar frå evalueringa. Rapporten er eit omfattande kunnskapsgrunnlag for vidareutviklinga av NKR. I rapporten skisserer vi tre ulike scenario for utviklinga av rammeverket, i tillegg til fem konkrete tilrådingar til departementet som skal gi klarare retning for kva NKR skal vere, og bygge opp under meirverdien det kan ha for ulike avtakarar.

F15

Talet på treff i nyhendeartiklar i norske medium i 2023


NOKUT	980
Nasjonal deleksamen	58
Studiebarometeret	131
Akkreditering høgare utdanning	73
Akkreditering høgare yrkesfagleg utdanning/fagskule/fagskuleutdanning	50

Søkjeord

Nyhendeartiklar



[Les meir på nokut.no](https://nokut.no)



STYRINGSPARAMETER 8

Gode arenaer og plattformer for kunnskapsspreiing til ulike målgrupper

NOKUT bruker ulike kanalar for å nå ut med informasjon om kvalitetstilstanden i norsk høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning. Gjennom undersøkingar, evalueringar, tilsyn og andre kjelder til kunnskap får NOKUT eit godt innblikk i tilstanden i norsk høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning.

Vi er opptekne av at den kunnskapen vi tileignar oss, når ut til samfunnet, og legg derfor stor vekt på formidling gjennom mellom anna frukostmøte og andre arrangement, egne nettsider, podkastar, sosiale medium og NOKUT-bloggen, i tillegg til å delta med fråsegner og kronikkar i samfunnsdebatten. Formidlinga er tett knytt saman med kunnskapproduksjonen – vi ønskjer at insikta vår

skal komme heile Utdannings-Noreg til gode og dermed bidra til å auke kvaliteten ytterlegare.

Vi kommuniserer også aktivt alle resultat og vedtak, råd og høyringssvar. Dette er blant dei mest lesne nyheitene på nettsida vår. Vi jobbar målretta for at fleire skal kjenne til NOKUT og resultatata av arbeidet vårt. Ulike medium, tradisjonelle som nye, er viktige i dette arbeidet. Studiebarometeret er eit tydeleg døme på korleis vi har lukkast godt over tid.





Å delta i relevante internasjonale samarbeid er også viktig for NOKUTs måloppnåing. NOKUT har eit godt og nyttig samarbeid med systerorganisasjonane våre i Europa.



[Sjå opptak frå arrangementa på nokut.no](#)

Nokut.no

NOKUTs nettsider inneheld mellom anna informasjon om tenestene til NOKUT og dei ulike verkemidla til NOKUT innanfor kvalitetssikring og utvikling, rettleiing for akkrediteringssøkjjarar og oversikt over regelverk og krava som blir stilte til utdanningsinstitusjonar. Det er også oversikt over alle akkrediterte fagskuletilbod og fagområde, og institusjonar innan høgare utdanning og kva faglege fullmakter dei har. På nettsidene er det også egne område som presenterer kunnskapen vår om ulike

	 Frukost	 Blogg	 Podkast	 Webinar og seminar
2019	8	10	10	-
2020	3	15	11	-
2021	6	17	10	-
2022	4	7	10	47
2023	4	11	10	7

NOKUT-konferansen 2023

– Neste trekk –


#nokut20

NOKUT 20^{ÅR}




F18


Besøk på nokut.no
i 2023




Nasjonal deleksamen i anatomi,
fysiologi og biokjemi




Nasjonal deleksamen for grunnskule-
lærerutdanningane (GLU 1-7 og 5-10)



Nasjonal studentundersøking
(innloggingsside Studiebarometeret
høgare utdanning)



Nasjonal deleksamen
(hovudsida)



Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk
for livslang læring

Tabellen inneheld ikkje besøkstal for perioden 5. juli til 19. oktober 2023.

tema innanfor høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning – på tvers av dei ulike arbeidsoppgåvene våre. Innhaldet er primært henta frå NOKUTs evalueringar, spørjeundersøkingar, analysar og tilsynsarbeid.

NOKUTs nettsider er også tilgjengelege på engelsk, men desse sidene er noko enklare enn dei norske. Tidlegare var dei engelske sidene primært retta mot og brukte av personar som søkte godkjenning av utanlandsk utdanning eller ønskte informasjon om godkjenningsprosessen. I dag rettar sidene seg mot dei som vil vite meir om kvalitetssikring i Noreg, lære meir om det norske utdanningssystemet, lære meir om NOKUT eller finne rapportar og siste nytt frå NOKUT.



[Sjå nokut.no](https://www.nokut.no)

NOKUTs 20-årsjubileum

I 2023 var det 20 år sidan NOKUT blei etablert. Samtidig gjekk NOKUT gjennom den mest omfattande endringa i historia si, då alt arbeid med godkjenning av utanlandsk utdanning frå 1. januar 2023 blei flytt over til HK-dir. For å markere 20-årsjubileet og den store endringa i arbeidsoppgåver arrangerte vi NOKUT-konferansen 2023 – Neste trekk.

Temaet for konferansen var korleis utdanningskvalitet skal sikrast og utviklast i framtida. På konferansen blei det presentert erfaringar med kvalitetssikring på tvers av landegrensar og

diskutert kva europeiske universitetsalliansar kan bidra med for norske utdanningsinstitusjonar. I tillegg blei det sett på utviklingstrekk som pregar utdanningssektoren i Noreg, med ulike perspektiv på kvalitet og kvalitetsutvikling frå utdanningsinstitusjonar, studentar og arbeidslivet.

Konferansen gav dei rundt 300 deltakarane innsikt i trendar og utviklinga på utdanningskvalitet, både for høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning.

Konferansen fekk i all hovudsak gode tilbakemeldingar frå deltakarane. Det blei ein god og relevant konferanse som stimulerte til diskusjon om kvalitetsutvikling i sektoren, og som såg tilbake på tida som har vore, kvar vi står no, og kva som kjem framover. Samfunnet vil vere informert om «Nye NOKUT», og NOKUT vil setje dagsorden med tematikk knytt til konferansen.

Gjennom året har NOKUT halde fleire arrangement, og dei fleste av dei har vore i samarbeid med utdanningsinstitusjonar. Arrangementa er viktige verkemiddel for å nå måla våre som formidlar av kunnskap og pådrivar for utdanningskvaliteten. Det bidreg til at vi kan setje søkjelyset på tema vi meiner er viktige for utdanningskvaliteten i Noreg. Det er også gode arenaer for å leggje til rette for erfaringsdeling og å ha kontakt med målgrupper og brukarar. Til saman har NOKUT halde åtte arrangement gjennom året. Med dei har vi nådd ut til fleire hundre personar fysisk og nokre tusen digitalt.

NOKUT-podden

Heilt sidan den spede byrjinga i 2017 har NOKUT-podden etablert seg som eit viktig formidlingsverktøy. Gjennom samtalar med undervisarar har podkasten blitt ein arena for erfaringsdeling om utdanningskvalitet. Målet er å spreie gode idear og inspirasjon til andre undervisarar landet rundt. Totalt er det produsert 59 episodar. I 2023 tok vi opp følgjande tema:

- #59 Den om studentar og tilsette som utviklar studium SAMAN
- #58 Den om video som læringsressurs i matematikk
- #57 Den om aktiv læring på labben


- #56 Den om blogging som læringsverktøy
- #55 den om byggje ein trygg læringskultur gjennom analogt spel
- #54 Den om pedagogisk escaperoom
- #53 Den om internpraksis
- #52 Den om minne, repetisjon og flash cards
- #52 Den om tilbakemeldingar som dialog
- #50 Den om utfordringsbasert læring



[Høyr episodane](#)

F19

Totale lyttartal for NOKUT-podden for åra 2018–2023



Kort om historia til NOKUT

NOKUT blei oppretta i 2003 som ei følge av Bolognaprosessen og kvalitetsreforma i høgare utdanning. Vi skulle vere eit fagleg uavhengig tilsyns- og akkrediteringsorgan og bidra til å sikre autonomien til utdanningsinstitusjonane.

I 2004 fekk NOKUT også ansvar for ekstern kvalitetssikring av høgare yrkesfagleg utdanning. Det blei seinare opna for at fagskulane kunne søkje om akkreditering av fagområde. Dette gav fagskulane utvida fullmakter innanfor det akkrediterede området. Det første fagområdet blei akkreditert i 2012. Høgskulane har ei tilsvarande ordning der dei kan søkje om å bli akkreditert høgskule.

I 2017 førte strukturreforma til ei endring i kjerneverksemda til NOKUT. Oppgåvene som gjaldt kvalitetssikring av høgare utdanning,

gjekk frå å vere hovudsakleg akkrediteringsoppgåver til å utgjere eit meir systematisk og breitt tilsyn med kvalitetsarbeidet ved institusjonane. I tillegg til kontrolloppgåvene blei det lagt større vekt på å stimulere til kvalitetsutvikling gjennom å føre tilsyn og gjennomføre undersøkingar, analysar og evalueringar.

Dei siste åra har det vore gjennomført ei omorganisering der fleire organ med ansvar for ulike delar av kunnskapsforvaltninga og tenesteleveransar til sektoren har blitt samla i større einingar. Frå skipinga i 2003 var også NOKUT godkjenningstyresmakt for utanlandsk utdanning. Desse oppgåvene blei saman med delar av regelverksforvaltninga overførte til HK-dir frå 2023. Samtidig blei mandatet og oppgåveporteføljen til NOKUT meir spissa mot ekstern kvalitetssikring og kvalitetsutvikling.

TEMA

NOKUTs periodiske oppfølging bidreg til at samfunnet kan ha tillit til utdanningskvaliteten

NOKUTs periodiske oppfølging med det systematiske kvalitetsarbeidet til institusjonane skal bidra til at samfunnet kan ha tillit til at norsk høgare utdanning held eit høgt internasjonalt nivå, og at både NOKUT og utdanningsinstitusjonane følgjer opp forplikingane sine.

Sidan etableringa i 2003 har NOKUT gjennomført ekstern oppfølging av norske universitet og det systematiske arbeidet til høgskular med å sikre og vidareutvikle kvaliteten på deira eigen studieportefølje. Oppfølginga blir gjennomført periodisk.

– NOKUT er lovpålagt å følgje opp kvalitetsarbeidet ved alle universitet og høgskular minst kvart åttande år. Då sjekkar vi at institusjonane har kvalitetssikringsystem og eit kvalitetsarbeid som både sikrar og bidreg til å vidareutvikle kvaliteten i studia dei tilbyr, slik ESG-standardane og det norske regelverket krev, seier Nina Waaler, direktør for avdeling for akkreditering og tilsyn.

Den første runden med oppfølging starta vi i 2003, og NOKUT er no i ferd med å fullføre den tredje runden. Denne starta i 2017 og har vore gjennomført som tilsyn. Når runden er

ferdig, har totalt 48 universitet og høgskular vore gjennom tilsyn med det systematiske kvalitetsarbeidet. Waaler meiner at mange utdanningsinstitusjonar arbeider godt med kvaliteten.

– Mange universitet og høgskular har no vore gjennom ei periodisk NOKUT-oppfølging tre gonger. Vi ser at arbeidet med kvalitet hos mange har styrkt seg, og dei fleste institusjonane har for det meste velutvikla kvalitetssystem, seier ho.

Planlegg ny runde

Samtidig som den tredje runden blir avslutta, er planlegging av den fjerde runden i gang. Den vil starte opp i 2025 og skal etter planen vere ferdig i 2032. I arbeidet med den fjerde runden bruker NOKUT omgrepet periodisk oppfølging i staden for periodisk tilsyn. Dette

blir gjort for å ta høgde for at det kan vere betre måtar å følgje opp at norske universitet og høgskular oppfyller standardane i ESG på enn ved å berre føre tilsyn.

– Målet er ei oppfølging som er endå meir treffsikker, tilpassa eigenarten og dei faglege fullmaktene til dei ulike institusjonane og i større grad stimulerer til utvikling. Vi er opne for at dette kan gjerast på ein annan måte enn ved berre å føre tilsyn, forklarar Waaler.

I arbeidet med utviklinga av ein ny oppfølgingsmetodikk er NOKUT godt i gang med å få innspel frå og lytte til sektoren. Mellom anna er det etablert to eksterne referansegrupper.

– Medlemmene i dei to referansegruppene rår over supplerande kompetanse og ekspertise innanfor forskning, utdanning, ekstern og intern kvalitetssikring og utvikling nasjonalt



Periodisk oppfølging av høgare utdanning

Etter at interne system for sikring og utvikling av utdanningskvalitet blei lovpålagt i 2004, har NOKUT gjennomført tre rundar med periodisk oppfølging av høgare utdanning og planlegg den fjerde runden.

2003–2011: Første runde: evaluering av kvalitetssikringssystem (76)

2009–2016: Andre runde: evaluering av kvalitetssikringssystem (62)

2017–2024: Tredje runde: tilsyn med det systematiske kvalitetsarbeidet til institusjonane (48)

2025–2033: Fjerde runde: periodisk oppfølging av høgare utdanning (truleg 48)

og internasjonalt, og dessutan administrasjon og leing innanfor høgare utdanning. Vi har også fått innspel frå sentrale aktørar som Universitets- og høgskolerådet (UHR) og Norsk studentorganisasjon (NSO), seier Waaler.

Kunnskapen NOKUT no opparbeider seg, skal bidra til å få på plass ein mest mogleg treffsikker metodikk for den periodiske oppfølginga og sørje for at NOKUT på ein kunnskapsbasert måte bidreg til Kunnskapsdepartementets arbeid med å vidareutvikle regelverket. Med dette blir det lagt til rette for at den kommande runden med periodisk oppfølging vil bidra til å både sikre og ikkje minst vidareutvikle utdanningskvaliteten ved alle norske høgskular og universitet, slik at samfunnet kan ha vidare tillit til kvaliteten i norsk høgare utdanning.

Institusjonane sine forventningar til neste runde

Torsdag 5. desember arrangerte NOKUT eit frukostmøte om arbeidet vårt med vidareutvikling av periodisk oppfølging. Det blei mellom anna diskutert kva ønske og forventningar institusjonane har til NOKUTs neste periodiske oppfølging.

På arrangementet deltok Anne Kristine Børresen, dekan ved Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet, Bjørn Stensaker, viserektor for utdanning ved Universitetet i Oslo, Hege Brodahl, seksjonssjef i NOKUTs seksjon for høgare utdanning, Nina Waaler, NOKUTs direktør for akkreditering og tilsyn, Oline Sæther, leiar av Norsk studentorganisasjon og Sander Sværi, rektor ved Oslo Nye Høyskole.



[Sjå opptak frå frukostmøtet](#)

4

Styring og kontroll i verksemda

Overordna vurdering

NOKUT nyttar mål- og resultatstyring som grunnleggjande styringsprinsipp og har eit godt etablert system med rutinar og prosessar for verksemdsstyring tilpassa organisasjonens eigenart, risiko og grunnleggjande forhold. Alle disposisjonar i NOKUT blir forvalta og kontrollerte i eit elektronisk økonomisystem som følgjer krava til økonomiregelverket. Vi avlegg rekneskapen i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane og vurderer resultat- og rekneskapsinformasjonen vår som relevant og påliteleg.

Det er ikkje avdekt vesentlege svakheiter eller manglar ved interne og eksterne kontrollaktivitetar. Riksrevisjonen sin revisjon av NOKUT for 2022 blei gjennomført utan revisjonsmerknader.

I 2023 var NOKUT inne i det første året i den nye strategien for perioden 2023–2030, og strategien blir operasjonalisert gjennom strategiske prioriteringar i dei årlege planane. Måloppnåing og risikovurderingar blir jamleg drøfta i NOKUTs styre. Kunnskapsdepartementet (KD) har i 2023 hatt særskilde forventningar til NOKUTs arbeid retta mot høgare utdanning, høgare yrkesfagleg utdanning og som fagleg rådgivar for departementet. KD er gjennom året halde kontinuerleg underretta om vesentlege forhold i styringa av NOKUT, medrekna dei økonomiske og faglege konsekvensane av ei ønskt prioritering av akkreditering av fagskular.

I 2023 har NOKUT lagt særleg vekt på å leggje til rette for auka styringsinformasjon for å sikre effektiv ressursbruk. Gjennom bruk av DFØ Tidsstyring har vi etablert nye rutinar som skal bidra til at vi i 2024 får

auka informasjon om på kva prosjekt og aktivitetar vi bruker ressursane våre. Vidare har vi også lagt vekt på forbetringar i NOKUTs årshjul og har starta arbeidet med å finne betre måtar å kommunisere interne rutinar og prosessar på. Hensikta med løysingane er å oppnå betre styring og kontroll i verksemda.

Samla sett vurderer vi at tilstanden for styring og kontroll er god.

NOKUTs kvalitetsstyringssystem

NOKUTs kvalitetsstyringssystem sikrar at leveransane våre har god kvalitet, at vi har gode prosessar for læring og forbetringar, og at vi held oppe ei god og effektiv styring av verksemda. Mål, resultatkrav og fullmakter blir formaliserte i årlege planar og disponeringsskriv. Dette dannar grunnlaget for rapportering internt og eksternt om måloppnåing og budsjett.

Internkontroll er ein integrert del av styringssystemet og tilpassa risiko, grunnleggjande forhold og NOKUTs eigenart.

Kvalitetsstyringssystemet består av

- tildelingsbrev og andre oppdrag med formelle føringar, inkludert KDs økonomi- og verksemdsinstruks, som blir lagde til grunn for styring og kontroll i verksemda
- NOKUTs strategi, som konkretiserer samfunnsoppdraget, overordna mål og strategiske prioriteringar
- andre interne retningslinjer, prosess- og rutineskildringar, som sikrar god intern kontroll i det daglege arbeidet

- årshjul, som sikrar systematikk i planlegging, gjennomføring og evaluering av eiga verksemd

NOKUTs system for risikovurdering

Ein viktig del av NOKUTs internkontroll er jamlege risikovurderingar, der vi identifiserer, vurderer og handterer forhold som kan oppstå, og som dermed kan påverke måloppnåinga. Det overordna risikokartet har blitt oppdatert kvartal. NOKUTs leiing og styre er tett involvert i risikovurderingane og etterfølgjande tiltak.

Utover dette gjer NOKUT også risikovurderingar på utviklingsprosjekt, samfunnstryggleik og beredskap, så vel som innanfor informasjonstryggleik i systema våre. Leiinga i NOKUT får gjennom året status og tiltaksplanar for informasjonstryggleik, samfunnstryggleik og beredskap.

Risikoområde i 2023

I 2023 har NOKUT identifisert og følgd opp dei største risikoområda for å kunne auke sannsynet for å få ei tilfredsstillande måloppnåing. I tillegg til dei faglege risikoane innanfor kvart av NOKUTs mål har vi også lagt vekt på omdømmerisiko, den økonomiske risikoen og risiko for NOKUT som organisasjon.

NOKUT skal gjennom verkemidla sine mellom anna bidra til kvalitetskontroll gjennom regelmessig tilsyn og føreseieleg system for akkreditering. Talet på akkrediteringssøknader vi har fått dei siste åra, overstig det vi per no har kapasitet og midlar til å kunne handtere innanfor rimelege tidsfristar. Dermed oppstår det køar, som skaper ein mindre føreseieleg situasjon for søkerane, og på sikt ein risiko for at vi ikkje i tilstrekkeleg grad klarer å bidra til utvikling i sektoren. NOKUT har gjort fleire tiltak for å betre situasjonen i 2023, men vi går likevel inn i 2024 med eit vesentleg etterslep av ubehandla akkrediteringssøknader. Det er framleis ein risiko for at lang behandlingstid og akkrediteringskøar gjer at NOKUT kan bli oppfatta som eit byråkratisk hinder som står i vegen for fagskular, høgskular og universitet som vil opprette nye studium. Det er også risiko for dårleg omdømme i arbeidslivet fordi NOKUT forseinkar tilgang til kandidatar med riktig og oppdatert kompetanse i arbeidsmarknaden. For å motverke dette har NOKUT vore tydeleg i kommunikasjonen og informerer om situasjonen og dei tiltaka som er gjorde. Vi vil halde fram med dette i 2024.

NOKUTs kostnader til gjennomføringa av nasjonal deleksamen har auka både som følgje av prisstigning og som følgje av at vi i 2023 også fekk ansvar for nasjonal deleksamen i rettsbruk i barnevernsarbeid. For å halde oppe leveransane på nasjonal deleksamen har NOKUT nedprioritert ressursar på analysar og erfaringsdeling. NOKUT har i 2023 gjort greie for utviklinga dei siste åra for KD. Utan ei

endring i økonomien for prosjektet vil det framover vere ein risiko for at NOKUTs evne til å spreie resultat som bidrar til høgare eksamens- og vurderingskvalitet i sektoren, blir mindre.

NOKUT har ambisjonar om å tileigne seg, ta i bruk og dele kunnskap og data og dessutan forbetre og utvikle metodar og prosessar. Dei stramme økonomiske rammene i 2023 førte til at det ikkje blei prioritert å setje i gang nye utviklingsprosjekt i 2023. Dersom dette held fram og NOKUT ikkje kjem i gang med større langsiktig IT-utvikling, vil dette også påverke måloppnåinga på sikt.

NOKUT gjekk inn i 2023 med ei stram økonomisk ramme. Gjennom året blei den økonomiske risikoen redusert, noko særleg midlar over revidert nasjonalbudsjett bidrog til. Totalt sett opplever vi at den økonomiske risikoen i 2024 er redusert samanlikna med 2023. NOKUT har gjennomgått alle faste kostnader og sikra at nivået er tilpassa ny organisasjon. Dette gjeld særleg ny avtale for leige av lokale, som er inngått for mellom anna å oppnå reduserte utgifter til husleige.

I den kommande perioden vil NOKUT arbeide med å løyse utfordringar som gir risiko for redusert måloppnåing og omdømmetap innanfor den økonomiske ramma vi har til rådvelde.

Rapportering om andre føresetnader og krav Lærlingar og studentar

NOKUT har god erfaring med både lærlingar og studentar. NOKUT hadde ein lærling i kontor- og administrasjonsfaget som gjennomførte og bestod fagprøva i 2023. Ved utgangen av 2023 har NOKUT ein lærling som følgjer læreplan for innholdsproduksjon. Det blir kontinuerleg vurdert å auke talet på lærlingar innanfor dei eksisterande fagområda. NOKUT er knytt til Opplæringskontoret for statlege verksemd (OK stat).

NOKUT har i fleire år teke imot studentar i praksis, både masterstudentar og bachelorstudentar. I 2023 har vi hatt to studentar i praksis og deretter ein student som sommarvikar. NOKUT held fram med praksisstudentar og lyser ut praksisstillingar også i 2024.

NOKUT har også ein medarbeidar som i 2023 begynte på eit doktorgradsprosjekt gjennom ordninga offentleg sektor-ph.d. (OFFPHD).

Redusere konsulentbruken

NOKUT arbeider for å redusere konsulentbruken på område der det ligg til rette for å nytte interne ressursar og kompetanse, og har interne retningslinjer for kjøp av konsulenttenester som er baserte på DFØs rettleiing for kjøp av konsulenttenester i staten. Vi går unntaksvis til innkjøp av konsulenttenester, og då skjer det fordi det er behov for spisskompetanse på område som NOKUT treng sporadisk, eller for

å støtte i prosessar der vi ikkje har kapasitet eller kompetanse internt. Dette gjeld i stor grad konsulentar innanfor systemutvikling og IT-tenester som er område NOKUT ikkje har moglegheit til å erstatte med eigne tilsette. NOKUTs kjøp av konsulenttenester vil derfor variere frå år til år.

I 2023 har NOKUT også kjøpt andre konsulenttenester. Dette gjeld oppdrag utført på vegner av NOKUT i samband med evalueringar og undersøkingar. Vidare har det vore behov for støtte frå Statsbygg til å skaffe nye lokale. NOKUT har også fått KUDAF-midlar frå HK-dir til prosjektet «Data i NOKUT». Vi har i mindre grad nytta eksterne konsulentar til omsetjing og grafisk design og har ikkje nytta konsulentar til kommunikasjonsrådgiving.

Tilrettelegging av desentralisert arbeid

NOKUT har ingen tilsette som utfører fjernarbeid frå ein annan geografisk stad enn på den ordinære kontorstaden til NOKUT eller til den tilsette. NOKUT har ikkje lyst ut stillingar med høve til desentralisert arbeid i 2023. For 2023 har NOKUT lagt vekt på å etablere ein stabil og robust organisasjon etter omstruktureringa, der 1/3 av NOKUTs tilsette vart overførte til HK-dir frå 1. januar 2023.

NOKUT vil vurdere kor gode forhold verksemda har for desentralisert arbeid. NOKUT vil avklare korleis arbeidsforma skal tilpassast behovet og eigenarten for verksemda. Dette vil skje i dialog med dei tillitsvalde. Ut frå juridisk rammeverk, arbeidsfelt, oppgaver og kompetansebehov vil NOKUT ta ansvar for å leggje rammene rundt korleis auka bruk av desentralisert arbeid skal gjennomførast i verksemda, dersom dette blir vurdert som aktuelt.

Tryggleik og beredskap

NOKUT har eit styringssystem som tek vare på elementa som er beskrivne i styringsdokument for arbeidet med tryggleik og beredskap i KDs sektor. Saman med styringssystem for informasjonstryggleik er dette retningslinjer, prosessar og rutinar for å sikre at NOKUT tek hand om alle sider av samfunnstryggleik, nasjonal tryggleik, informasjonstryggleik og personvern for verksemd som er underlagde tryggingsslova. Tryggingarbeidet i NOKUT er godt forankra i styret og i leiinga, og det blir årleg gjennomgått i samsvar med NOKUTs årshjul.

NOKUT gjennomførte ei verdivurdering i 2022 for å kartleggje og rangere verdiar og avhengnader innanfor førebyggjande nasjonal tryggleik, samfunnstryggleik og beredskap, og informasjonstryggleik og personvern. Vi legg til grunn at det ikkje er vesentlege endringar i verdivurderinga i 2023.

NOKUTs risiko- og sårbarheitsanalyse blei oppdatert i 2023. Den reviderte ROS-analysen avdekte ingen område med høg risiko. ROS-analysen blei nytta som grunnlag for innretning av

krise- og beredskapsøving i 2023. Evaluering av øvinga viser at metodikken for krisehandtering og ansvar for NOKUTs oppgåver blei tekne godt hand om av kvar enkelt funksjon. Dette saman med god og ansvarleg styring i beredskapsgruppa viste at NOKUT har ei god evne til å handtere alvorlege uønskte hendingar. Læringspunkta var at organiseringa i beredskapsgruppa med fordel kan vere tydelegare, og at det bør utarbeidast malverk for gjennomføring av statusmøte. I tillegg vil det bli utvikla kontinuitetsplanar for langvarig bortfall av system. Totalt sett gav øvinga deltakarane auka kompetanse og evner i å handtere ei alvorleg hending.

Erfaringar frå handteringa av covid-19-pandemien er tekne med i beredskapsplanane våre.

Informasjonstryggleik og personvern

NOKUT jobbar systematisk for ytterlegare å styrkje arbeid med å førebyggje, oppdage og handtere alvorlege IT-tryggingshendingar og brot på personopplysningstryggleiken. Vi merkar oss at HK-dir i vurderinga si av arbeidet i 2022 framhevar at NOKUT har jobba systematisk med informasjonstryggleik og personvern over ein lengre periode. NOKUT har vidareført denne innsatsen i 2023 og vil i 2024 ytterlegare leggje vekt på ulike forbettringsområde som vil bidra til høgare måloppnåing av egne tryggingsmål og KDs policy for informasjonstryggleik og personvern.

Likestilling og mangfald

NOKUT følgjer aktivitets- og forklaringsplikta etter likestillings- og diskrimineringslova. Vi arbeider aktivt for å motverke diskriminering og sikre mangfald og likestilling. Likestillings- og diskrimineringsarbeidet i rekrutteringsprosessane blir gjort saman med tilsetjingsrådet, som skal sikre at retningslinjene blir følgde, og at diskriminering ikkje finst.



[Les om korleis vi oppfyller krava, på nokut.no](#)

Oppfølging av berekraftsmåla til FN

NOKUTs arbeid bidrar til at KD kan følgje opp FNs berekraftsmål 4 om god utdanning. Dette inneber at det er mogleg å oppnå tilgang til relevant kompetanse for å sikre omstillingsevna i samfunns-, nærings- og arbeidslivet og å sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og tilgang til livslang læring for alle.

Gjennom mandatet vårt bidreg vi til god utdanningskvalitet på norske lærestader, både innanfor høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning.

Vi sikrar inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremjar mogleheita for livslang læring for alle ved å

- akkreditere og føre tilsyn med høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning
- evaluere utdanningar og studieprogram
- administrere dei nasjonale del-eksamenane, studiebarometeret og undervisarundersøkinga
- evaluere ordningar for livslang læring
- administrere regelverk for norske lærestader

NOKUTs internasjonale engasjement er også med på å støtte opp under FNs berekraftsmål. Kvalitetssikring av høgare utdanning på tvers av landegrenser eit nyttig verktøy for å støtte universitet og høgskular i å utføre samfunnsoppdraget sitt, som igjen bidreg til ei berekraftig samfunnsutvikling.

Klima og miljø

Det langsiktige arbeidet med NOKUTs klima- og miljøavtrykk er forankra i NOKUTs strategi, og vi vurderer at vi bidreg godt til arbeidet med klima og miljø.

NOKUT har sidan 2017 vore sertifisert som miljøfyrtårn. Etter resertifisering i 2023 vil vi følgje opp forslag til forbettringsområde

for å redusere klima- og miljøavtrykket vårt. I første omgang vil vi sjå etter måtar å redusere karbonavtrykket på og prioritere berekraft i innkjøp. I arbeidet med å skaffe nye lokale har vi lagt vekt på gjenbruk og resirkulering av utstyr og inventar.

Strategi for digital omstilling

Digitaliseringsarbeidet vårt er i tråd med «Strategi for digital omstilling i universitets- og høyskolesektoren 2021–2025». NOKUT har lagt vekt på orden i eige hus, deling av data, brukarinvolvering, infrastruktur og digital kompetanse. Vi deltek i KDs etatsgruppe for digital transformasjon i kunnskapssektoren og programmet for Kunnskapssektorens datafellesskap (KUDAF). Vi arbeider kontinuerleg med informasjonstryggleik og personvern slik at personvernprinsippa blir tekne vare på i all behandling av personopplysningar.

I 2023 gjennomførte NOKUT eit prosjekt finansiert gjennom stimuleringsmiddel frå KUDAF-programmet, som innebar å kartleggje data internt for å kunne dele akkrediteringsdata med eit nasjonalt utdanningsregister som er under utvikling. I tråd med prinsippet om orden i eige hus har prosjektet kartlagt det meste av data som blir forvalta i NOKUT, og dermed gitt ei god skildring av dagens situasjon. Prosjektet har i tillegg også utarbeidd tilrådingar for samordning og tilgjengeleggjering av data internt i NOKUT og tilgjengeleggjering av relevante data for utdanningsregisteret. Kartlegginga gjer NOKUT i stand til å komme vidare, har skapt ny innsikt for leinga i NOKUT og konkretisert kvar NOKUT bør setje inn innsats framover.

F20

Konsulenttenester 2023

(tal i 1 000 kroner)

Konto	2020	2021	2022	2023
670 Konsulenttenester innan økonomi, revisjon og juss	317	130	734	385
671 Konsulenttenester til utvikling av programvare, IKT-løysingar osv.	464	32	45	146
672 Konsulenttenester til organisasjonsutvikling, kommunikasjonsrådgiving osv.	1 867	1 424	1 383	469
673 Andre konsulenttenester	5 640	5 302	2 711	4 270
Sum	8 288	6 888	4 873	5 270

Hovuddelen av utgifter under andre konsulenttenester omfattar eksternt utførte evalueringar og undersøkingar på vegner av NOKUT, bistand frå Statsbygg til anskaffing av nye lokale og KUDAF-midlar frå HK-dir til prosjektet Data i NOKUT.



Sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremme moglegheit for livslang læring for alle

Eksempel på tiltak

- Akkrediterer og fører tilsyn med høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning
- Evaluerer utdanningar og studieprogram
- Administrerer dei nasjonale deleksamenane, studiebarometeret og undervisarundersøkinga
- Evaluerer ordningar for livslang læring
- Administrerer regelverk for norske lærestader



Oppnå likestilling og styrke stillinga til jentene og kvinnene i samfunnet

- Lønns- og personalpolitikk som fremmar likestilling og sikrar lik lønn for likt arbeid



Fremme varig, inkluderande og berekraftig økonomisk vekst, full sysselsetjing og anstendig arbeid for alle

- Aukar den økonomiske effektiviteten gjennom digitalisering og automatisering av søknads- og saksbehandling



Redusere ulikskap i og mellom land

Eksempel på tiltak

- Medlem i ENQA og andre internasjonale organisasjonar som arbeider for god utdanningskvalitet i Noreg og internasjonalt
- Deler kompetanse og beste praksisar med utdanningsinstitusjonane og sektorane på tvers av landegrensar
- Tilsyns- og akkrediteringsoppgåvene bidrar til desentraliserte utdanningstilbod



Handle umiddelbart for å kjempe mot klimaendringane og konsekvensane av dei

- Sertifisert som Miljøfyrtårn
- Gjenbruk eller resirkulering av brukt inventar og IT-utstyr (PC, mobil)
- Klima- og miljøvennlege innkjøp og drift av verksemda

5

Vurdering av framtidsutsikter

Samfunn i endring

NOKUTs rolle som nasjonalt kvalitetssikringsorgan for kvalitet i utdanninga skal sikre og bidra til å utvikle utdanningskvalitet. Måten vi løyser samfunnsoppdraget vårt på, skal bidra til at regjeringa står sterkt i møte med dei samfunnsutfordringane kunnskapssektoren står overfor. I tillegg til utfordringar som vil påverke sektoren, ser vi at tida framover vil vere prega av strammare økonomiske rammer, grøn omstilling, forandra demografisk samansetning, rask teknologisk utvikling og ei ustabil verd. Både som kvalitetssikrar av norsk høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning og som offentlig aktør vil NOKUT bli påverka av samfunnsendringane og ambisjonane til regjeringa i møte med dei. I eit slikt landskap blir det viktig at vi jobbar for å styrkje omstillingsevna vår og auke produktiviteten.

NOKUT skal vere ein organisasjon som er utviklingsorientert, arbeider kunnskapsbasert og samhandlar godt. Det vil krevje at vi prioriterer forbetningsarbeid på lik linje med dei sentrale oppgåvene våre som evaluering, akkreditering, kvalitetssikring og tilsyn. Vi må jobbe for å gjere vegen frå nye idéar til endringar og forbetningar raskare og gjennom forbetningsarbeid sikre kvalitet og skape tillit.

Eit forandra tryggleiksbiote, der risiko og truslar som tidlegare har blitt opplevde som lite sannsynlege – til dømes risiko for dataangrep, forsyningsvikt og naturkatastrofar, har no blitt meir aktuelle. Vi blir i aukande grad avhengige av digitale tenester og ønskjer å dra nytte av dei moglegheitene som ligg i ny teknologi, samtidig som dette vil krevje auka kunnskap om moglege risikoar som følgjer med slik bruk. Vi må vere meir merksame på risikoar for mellom anna personvern, nettkriminalitet, desinformasjon og teknologi frå autoritære statar.

Betere utdanningskvalitet

Høg kvalitet på og stort tilgjenge til forskning og høgare utdanning er ein føresetnad for å sikre framtidig verdiskaping, og dette inngår også som eit av måla til regjeringa for kunnskapssektoren. Målet omfattar mellom anna ambisjonar om å skape fleire framifrå fagmiljø og styrkje kvaliteten på forskning og utdanning. Internasjonale samarbeid blir trekt fram som eit viktig verkemiddel i denne samanhengen.

Ansvar for å forvalte faglege fullmakter og for å sikre og utvikle kvaliteten i utdanningane som blir tilbodne, ligg hos institusjonane. NOKUTs rolle er å gjennomføre den eksterne kvalitetssikringa og sørge for at kvalitetsarbeidet ved institusjonane er i tråd med krava som blir stilte.

Internasjonale standardar ligg til grunn for kvalitetsarbeidet i sektorane, både det vi i NOKUT gjer, og det institusjonane gjer sjølve. NOKUT oppfyller standardane i European Standards and Guidelines, og vi vil systematisk følgje opp tilrådingane vi fekk ved siste ENQA-godkjenning. Tilbakemeldingane er sentrale i NOKUTs eige utviklingsarbeid, mellom anna i utviklinga av neste runde for periodisk oppfølging av det systematiske kvalitetsarbeidet til institusjonane og i vidare utvikling av evalueringar for å vurdere utdanningskvalitet. Endringane skal sikre at vi er godt rusta ved neste evaluering av ENQA i 2028, slik at vi kan dokumentere både etterleving og utvikling av arbeidet vårt. Eit viktig bidrag til denne utviklinga er å utveksle erfaringar med internasjonale kvalitetssikringsorgan og bidra aktivt i utviklinga av kvalitetssikring i Europa.

NOKUT vil leggje vekt på å utvikle arbeidsprosessane og verkemidla sine for å sikre at institusjonane driv godt kvalitetsarbeid, og stimulere til vidareutvikling av utdanningskvalitet. Vi vil vere medvitne om rolla vår som ekstern kvalitetssikrar og skilje mellom ansvaret

vårt og det ansvaret utdanningsinstitusjonane sjølve har for internt kvalitetsarbeid.

NOKUT forvaltar ei rekkje forskrifter. Det vidare arbeidet med utvikling av regelverket skal bidra til å styrkje NOKUTs heimelsgrunnlag og leggje til rette for ein effektiv bruk av andre verkemiddel. Regelverket skal gi gode rammer for kvalitetssikring og utvikling og vere føreseieleg og enkelt å forstå og etterleve for alle brukarar.

Endringar i utdanningslandskapet

Det er viktig at høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning er tilgjengeleg for menneske i heile landet i ulike livssituasjonar og med ulike behov for kompetanseutvikling. Utvikling av digitale, desentraliserte og fleksible utdanningsløp, og kortare og spissa studietilbod som svarer på spesifikke behov for kompetanseutvikling, er verkemiddel som kan bidra til dette. Høg kvalitet i forskning og utdanning må ligge til grunn for tilboda i heile landet. Tydelege rammer og god rettleiing om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling av slike studietilbod er noko NOKUT vil leggje vekt på i åra framover.

Institusjonslandskapet i norsk høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning er variert. Fleire institusjonar har vide faglege fullmakter, samtidig som mange er små og har avgrensa faglege fullmakter. NOKUT ønskjer å leggje til rette for å gi utvida fullmakter til fleire institusjonar, med særleg vekt på fagområde- og institusjonsakkrediteringar av fagskular. Formålet er at det skal bli lettare for institusjonane å dimensjonere og tilpasse eigen studieportefølje i takt med behova i arbeidslivet, slik regjeringa ønskjer. Auka sjølvstyre og myndigheit til institusjonane bidreg til å auke handlingsrommet, gir meir fagleg fridom og kan knytast direkte til målet i tillitsreforma – at offentleg sektor samla sett skal bli meir brukarvennleg.

Kunnskapsdeling og fagpolitiske råd

Tillit er eit omgrep som vi ofte bruker i skildringa av tenestene våre – det å sikre at befolkninga kan ha tillit til at norsk utdanning held høg kvalitet. Målingar vi har gjort, viser høg tillit til norsk utdanning i befolkninga, men det er ikkje gitt at denne tilliten vil halde fram for alltid. I ei tid der desinformasjon og svekkingar

av demokratiske verdiar er aktuelle truslar, må også NOKUT jobbe aktivt for å halde på tilliten.

NOKUT skal framleis bidra til at samfunnet kan ha tillit til kvaliteten i høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning gjennom formidling av relevant og oppdatert kunnskap og spreing av informasjon om utdanningskvalitet. Vi vil utvikle og skape møteplassar for informasjons- og kunnskapsspreiing. Formålet er å styrkje kontakten med – og gi rettleiing til – alle institusjonstypar, å leggje til rette for erfaringsdeling mellom dei og å bidra til kunnskapsbasert kvalitetsarbeid.

NOKUT vil halde fram som fagleg rådgivar overfor departementet ved å bidra til at KD har eit godt grunnlag for politikuttforminga.

Verdifulle tenester

Den store veksten i nye utdanningar (særleg høgare yrkesfaglege utdanningar), aktørar med overlappande ansvar, ny teknologi og forandra rammevilkår for NOKUTs drift, både juridiske og økonomiske, vil framover setje preg på arbeidet vårt. Effektiv drift, kva verktøy vi bruker for å



løyse arbeidsoppgåvene, og korleis vi bruker dei, vil påverke heile sektoren.

Ei auka satsing på deling og gjenbruk av data mellom ulike verksemdar står sentralt her. Det er forventa auka effektivitet og auka verdiskaping dersom data berre blir henta inn når det er nødvendig, og dersom data som allereie er henta inn, kan brukast om att i større grad. NOKUT vil i 2024 halde fram arbeidet med å leggje til rette for at våre eigne data blir systematiserte i større grad, og for å gjere data tilgjengeleg internt og eksternt.

Vi må jobbe for å halde oppe tilliten til NOKUT ved å sikre effektiv bruk av ressursane våre og ved å levere verdifulle tenester som treffer behovet til brukarane våre.

Budsjett 2024

Vi omtaler kort driftsinntektene og driftskostnadene slik dei kjem fram av budsjettet for 2024.

Driftsinntekter

Hovuddelen av NOKUTs inntekter i 2024 kjem igjennom tildeling frå KD som driftsmidlar og øyremerkte midlar. Det blir ikkje budsjettert med overføringar frå 2023 til 2024 på den normale driftsramma. Det var heller ikkje overføringar frå 2022 til 2023 på den normale driftsramma. Summen av løyvingar før investeringar og avskrivningar i 2024 er 1,8 millionar kroner lågare enn i 2023.

Driftsinntektene frå andre kjelder enn KD varierer frå år til år avhengig av prosjekt og samarbeid. I 2024 har vi budsjettert med andre inntekter på 5,0 millionar kroner. Dette omfattar eksterne inntekter frå Forskningsrådet i samband med støtte til å gjennomføre ein offentlig ph.d. og meirinntekter på nasjonal deleksamen. Vi betaler ut honorar til sensorane på nasjonal deleksamen for deretter å fakturere institusjonane for deira del av beløpet. Sensorarbeid og tilsvarande inntekt er på nivå med 2023.

I budsjettet er det også rekna inn investeringar og avskrivningar. Dette gjeld spesielt IT-utvikling. I rekneskapen inngår avskrivningar for 2024 på linja for sum inntekt frå løyvingar etter investeringar og avskrivningar.

Driftskostnader

NOKUT har eit verksemdsbudsjett i 2024 som totalt sett ligg 3,7 prosent lågare enn rekneskapen for 2023. Midlar disponerte til NOKUTs kjerneoppgåver er likevel auka samanlikna med 2023 ved å redusere kostnader til fellestenester. Budsjettet reflekterer både NOKUTs strategiske prioriteringar og særskilde forventningar frå Kunnskapsdepartementet.

Vi har redusert andre driftskostnader med 4,7 millionar kroner samanlikna med rekneskapen i 2023. Ny leigekontrakt som gjeld frå 1. desember 2023, gir ein reduksjon i leigekostnadane frå 2023 til 2024 og bidrar til at NOKUT har kunna auke midlane til kjerneoppgåvene.

Lønnsbudsjettet til tilsette og sakkunnige, som har oppdrag innanfor dei faglege oppgåvene våre, er om lag på same nivå. Det er i 2024 budsjettert med tilsetjing i nokre stillingar som blei haldne ledige i 2023, samtidig som stillingar er flytta frå stabsfunksjonar til kjerneverksemd. Dette gir ein generell auka kapasitet til å levere på kjerneoppgåvene, mellom anna til å prioritere arbeidet med høgare yrkesfagleg utdanning. Dette er også ein konsekvens av tildelinga som skal gå til bidrag frå sakkunnige med akkreditering og tilsyn i høgare yrkesfagleg utdanning.

NOKUT meiner at høvet til å omprioritere ressursar både i 2024 og på lengre sikt ligg i evna vår til å forenkle og digitalisere prosessane våre. Vi har derfor også prioritert å auke midlane til IT-løysingar og IT-utvikling og forvaltning av arkiva våre i 2024 samanlikna med 2023.

I 2023 hadde NOKUT 2,5 millionar kroner i kostnader til omstilling i samband med overføring av oppgåvene med godkjenning av utanlandsk utdanning til HK-dir. Dette arbeidet er ferdig og fører ikkje til kostnader i 2024.



Samanstilling av periodisert verksemdsbudsjett for 2024

Driftsinntekter	Revidert budsjett 2023	Rekneskap 2023	Budsjett 2024
<i>Beløp i 1 000 kroner</i>			
Ordinære driftsmidler	115 236		121 439
Overføringer, inntil 5 % av ordinære driftsmidler førre år	0		0
Prisstigningskompensasjon	1 053		
Kompensasjon for arbeidsgivaravgift	218		
Omstillingsmidlar	3 500		
Lønnskompensasjon	3 173		
Felles tiltak for fagskular			1 000
Øyremerkte midlar til evaluering av grunnskulelærarutdanningane (GLU)	1 800		1 000
Øyremerkte midlar til Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR)	500		
Øyremerkte midlar til Studiebarometeret for fagskulestudentar	1 500		1 500
Særskilde driftskostnader frå oppdrag (knytte til Nasjonal deleksamen)	4 106		4 352
Sum løyving før investeringar og avskrivningar	131 086		129 291
Investeringar som ikkje blir resultatførte	-5 136		-7 725
Utsette inntekter frå forpliktingar som er knytte til investeringar (avskrivningar)	4 469		5 411
Sum inntekt frå løyvingar etter investeringar og avskrivningar	130 419	124 846	126 977
Prosjektmidlar, tilskot frå EU-prosjekt, Europarådet og andre bidragsytarar	350	708	
Tilskot frå Forskingsrådet til utdanninga offentleg ph.d.	460	460	473
Salsinntekter kurs og konferansar*		536	
Sal av anleggsmidler og andre driftsrelaterte inntekter		68	
Periodens tilskot/overføring frå HK-dir (KUDAF)		1 228	
Inntekter frå tilskot og overføringer, nasjonal deleksamen og KUDAF (beløp utover tildeling frå KD)	4 915	9 258	4 573
Sum anna inntekt	5 725	12 260	5 046
Sum driftsinntekter	136 144	137 106	132 023
Driftskostnader			
<i>Beløp i 1 000 kroner</i>			
Lønn og sosiale kostnader, inkl. honorar til sakkunnige for alle verksemdsområde	94 645	100 476	99 664
Sum lønn og sosiale kostnader	94 645	100 476	99 664
Husleige	11 021	7 925	5 394
Andre kostnader til drift av lokale	3 426	2 247	1 963
Leige av maskinar, inventar og liknande	2 414	2 608	2 893
Mindre utstyrsinnkjøp	326	241	350
Reparasjon og vedlikehald	65	528	0
Kjøp av eksterne tenester	12 762	13 250	9 441
Kontorrekvisita, trykksaker, kurs og seminar	3 513	2 175	3 171
Telefon og porto	616	614	519
Reisekostnader	1 937	1 315	2 241
Profilering og bevertning	446	163	544
Kontingentar og gåver	193	303	168
Andre driftskostnader	311	280	263
Sum andre driftskostnader	37 030	31 650	26 948
Utrekna avskrivningar på eigedelar	4 469	4 980	5 411
Sum avskrivningar	4 469	4 980	5 411
Sum driftskostnader	136 144	137 106	132 023
Ordinært driftsresultat	0	0	0
Inntektskrav salsinntekter, kurs og konferansar og refusjonar	665		694

Årsrekneskapen 2023

6

Leiingskommentarar

Avlegging av rekneskap

Rekneskapen er avlagd i samsvar med føresegnar om økonomistyring i staten, rundskriv frå Finansdepartementet, statlege rekneskapsstandardar og krav frå overordna departement. Rekneskapen gir, slik leiinga ser det, eit dekkjande bilete av heilskapen i NOKUTs disponible løyvingar, rekneskapsførte kostnader, inntekter, eigedelar og gjeld per 31. desember 2023.

NOKUTs økonomiske drift

Som følgje av overføringa av ansvaret for dei utanlandske godkjeningsordningane til HK-dir 31. desember 2022 blei NOKUTs ramme redusert med 50 millionar kroner i 2023. Denne overføringa var etter NOKUTs berekningar om lag 7 millionar kroner meir enn dei direkte og indirekte kostnadene knytte til oppgåvene. Denne innstramma har bidratt til at NOKUT har hatt eit krevjande år med å tilpasse kostnader til forventningar og prioriteringar i organisasjonen. Det har vore særleg krevjande å dekkje behovane på fagskuleområdet, men også innan høgare utdanning har det vore utfordrande. Det har vore viktig å disponere NOKUTs samla ressursar effektivt, så derfor er det gjennom året gjort omdisponeringar på tvers av organisasjonen og mellom oppgåver. I tillegg er det teke i bruk nye arbeidsmetodar, og prosessar er forenkla. Trass i mange kontinuerlege prosessar og vekst i dei ordinære oppgåvene, stigande tal på søknader og eit stramt budsjett har NOKUT levert godt og kan vise til god måloppnåing.

NOKUT fekk 3,5 millionar kroner i revidert nasjonalbudsjett til arbeidet med å etablere institusjons-

akkreditering i høgare yrkesfagleg utdanning, handtere restansen av søknader om akkreditering av nye fagskuleutdanningar og dekkje omstillingskostnader i verksemda for overføring av ansvaret for godkjeningsordningane for utanlandsk utdanning som kom i første halvdel av 2023. Midlane blei nytta i tråd med tildelinga. I tillegg fekk NOKUT kompensasjon for prisstigning og arbeidsgivaravgift på 1,271 millionar kroner.

NOKUTs normalbemanning er 97 faste stillingar. For året 2023 blei det vedteke å ikkje retilsetje 5 faste stillingar for å redusere faste lønnskostnader og tilpasse drifta til dei tildelte midlane.

NOKUT har nytta øyremerkte midlar i 2023 i tråd med løyvingane. NOKUTs økonomi per 31. desember 2023 blir vurdert som stram, men vi går inn i 2024 med eit mindre stramt budsjett enn det vi hadde i 2023.

Vesentlege avvik mellom periodisert budsjett og rekneskap

NOKUTs kostnader til lønn og sosiale kostnader for tilsette viser i den periodiserte rekneskapen eit meirforbruk på 5,2 millionar kroner. Dette kjem i hovudsak av at vi har prioritert bruk av vikarar på enkelte aktivitetar for å sikre god måloppnåing. Det er også nytta noko overtid for å gjennomføre planlagde aktivitetar.

Andre driftskostnader i den periodiserte rekneskapen viser eit mindreforbruk på 5,4 millionar kroner. Dette kjem særleg av at kostnader til leige og drift av lokale, reiseverksemd og seminar har vore lågare enn bud-

sjettert. Husleigekostnader har totalt sett blitt lågare enn budsjettert som følge av ny husleigekontrakt. Kostnader for tilpassing av nye lokale og tilbakestilling av gamle lokale ved avslutning av leigekontrakt blei høgare enn budsjettert. Andre driftskostnader til lokale blei også lågare som følge av lågare stramprisar og lågare fellesutgifter enn forventa.

NOKUT har omdisponert midlar mellom postane for å dekkje behovet på prioriterte oppgåver. Utover lønnsbudsjettet har vi prioritert å gjennomføre Studiebarometeret for høgare utdanning, som opphavleg ikkje var budsjettert.

Rekneskapen viser noko høgare kostnader til kjøp av eksterne tenester enn budsjettert, noko som primært gjeld IT-kostnader. Det er gjort

fleire tiltak for å redusere IT-driftskostnadene i 2023, noko som vil ha effekt på lengre sikt. Kostnader til seminar og reise er lågare enn budsjettert som følge av auka bruk av digitale møte, og i tillegg førte redusert kapasitet til at planlagde seminar ikkje blei gjennomførte.

Gjennomførte investeringar i perioden og planlagde investeringar

Investeringar i immaterielle eigedelar er på 5,5 millionar kroner – noko høgare enn opphavleg plan. Investeringane gjeld i hovudsak vidareutvikling av systemet for fagskuleakkreditering, «Mimir». I løpet av 2023 har vi fått på plass ei rekkje nye funksjonar i systemet, som behandling av endringsmeldingar, behandlingsrundar og integrasjon med PowerBI, slik at

Mimir i dag fungerer som eit meir heilskapleg saksbehandlingssystem. I tillegg har det vore lagt vekt på å redusere teknisk gjeld. NOKUT har også planlagt og utvikla løysingar som vi skal ta i bruk i 2024. Dette gjeld kontakt- og reservasjonsregister og nytt akkrediteringsregister, som på sikt skal integrerast med nytt nasjonalt utdanningsregister.

I åra framover ønskjer NOKUT å investere vidare i digitale system for norsk utdanning.

Ekstern revisor

Riksrevisjonen er ekstern revisor og reviderer årsrekneskapen for NOKUT.

Lysaker 14. februar 2024

Lise Kulbrandstad
Styreleder

Saira Basit

Øystein E. Søreide

Dag Husebø

Mads Danbolt

Vegard Iversen

Eilif H. Finnseth

Cecilia Christersson

Prinsippnote for oppstilling av løyvings-rapportering og artskontorrapportering

Rekneskavar for statlege verksemdar er utarbeidd og avlagde etter nærare retningslinjer som er fastsette i føresegnene om økonomistyring i staten («føresegnene»). Rekneskaven er i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.4.1, nærare føresegnene i Finansdepartementets rundskriv R-115 av desember 2022 og eventuelle tilleggskrav som er fastsette av Kunnskapsdepartementet. Det er utarbeidd ein eigen prinsippnote til verksemdsrekneskaven som blir ført i tråd med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS).

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i føresegnene punkt 3.4.2 – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskaven:

- Rekneskaven følgjer kalenderåret (eittårsprinsippet).
- Rekneskaven inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret (fullstendigprinsippet).
- Rekneskaven er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.
- Utgifter og inntekter er førte i rekneskaven med bruttobeløp (bruttoprinsippet).

Oppstillingane av løyvings- og artskontorrapportering er utarbeidd etter dei same prinsippa, men gruppert etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krav i føresegnene punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskaven. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingsrekneskaven» er lik i begge oppstillingane.

NOKUT er knytt til staten si konsernkontoordning i Noregs Bank i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.7.1. Bruttobudsjetterte verksemdar blir ikkje tilførte likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på sin konsernkonto. I overgangen til nytt år blir saldoen på kvar enkelt oppgjerskonto nullstilt.

Løyvingsrapporteringa

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingsrapporteringa og ein nedre del som viser behaldningar NOKUT står oppført med i kapitalrekneskaven. Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som NOKUT har rapportert til statsrekneskaven. Det blir stilt opp etter dei kapitla og postane i løyvingsrekneskaven NOKUT har fullmakt til å disponere. Kolonnen «Samla tildeling» viser kva NOKUT har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle eigedelar og forpliktingar verksemda står oppført med i statens kapitalrekneskap.

Mottekne fullmakter til å belaste ei anna verksemd sin kombinasjon av kapittel/post (belastningsfullmakter) blir ikkje vist i kolonnen for samla tildeling, men er omtalt i note B til løyvingsoppstillinga. Utgiftene som er knytte til motteken belastningsfullmakt er bokførte og rapporterte til statsrekneskaven, og viste i kolonnen for rekneskap.

Gitte belastningsfullmakter er inkluderte i kolonnen for samla tildeling, men blir ikkje bokførte og rapporterte til statsrekneskaven frå verksemda sjølv. Gitte belastningsfullmakter

blir bokførte og rapporterte av verksemda som har fått belastningsfullmakta og blir derfor ikkje viste i kolonnen for rekneskap. Dei gitte fullmaktene kjem fram i note B til løyvingsoppstillinga.

Artskontorrapporteringa

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskaven etter standard kontoplan for statlege verksemdar, og ein nedre del som viser eigedelar og forpliktingar som inngår i mellomvære med statskassen. Artskontorrapporteringa viser rekneskapstal NOKUT har rapportert til statsrekneskaven etter standard kontoplan for statlege verksemdar. NOKUT har ein trekkrett på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelte midlar på utgiftssida blir ikkje rapporterte som ei inntekt til statsrekneskaven og er derfor ikkje viste som inntekt i artskontorrapporteringa.

NOKUT utarbeider ikkje notar til oppstillinga av artskontorrapporteringa fordi verksemda har ein verksemdsrekneskap etter dei statlege rekneskapsstandardane (SRS) med tilhøyrande notar. Det er utarbeidd eigen prinsippnote til verksemdsrekneskaven.

Det går fram av artskontorrapporteringa at det er ein større nedgang i rekneskapstala for 2023 samanlikna med 2022. Dette har samband med verksemdsoverdraginga som er nemnd i prinsippnote SRS.



Oppstilling av løyingsrapportering for bruttobudsjetterte verksemder

Beløp i 1000 kroner

Utgifts- kapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling	Rekneskap 31.12.2023	Meirutgift (-) og mindreutgift
241	Felles tiltak for fagskulesektoren	21	Spesielle driftsutgifter	A, B	2 000	2 000	0
271	Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga	01	Driftsutgifter	A, B	123 180	123 105	75
271	Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga	21	Spesielle driftsutgifter	A, B	4 207	10 663	-6 456
275	Tiltak for høgare utdanning	21	Spesielle driftsutgifter	A, B	1 800	1 800	0
1633	Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift	01	Driftsutgifter		0	6 973	
Sum utgifter					131 187	144 541	

Inntekts- kapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst		Samla tildeling for 2023	Rekneskap 31.12.2023	Meirinntekt og mindreinntekt (-)
3271	Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga	01	Inntekter frå oppdrag		4 120	10 663	6 543
3271	Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga	02	Salsinntekter mv.		665	569	-96
5309	Tilfeldige inntekter	29	Ymse		0	149	
5700	Arbeidsgivaravgift	72	Arbeidsgivaravgift		0	12 221	
Sum inntekter					4 785	23 602	

Netto rapportert til løyingsrekneskapen

120 939

Kapitalkontoar

60080301	Noregs Bank KK / innbetalingar					20 117	
60080302	Noregs Bank KK / utbetalingar					-142 544	
702811	Endring i mellomvære med statskassen					1 488	
Sum rapportert						0	

Behaldningar som er rapporterte til kapitalrekneskapen

Konto		Rekneskap 31.12.2023	Rekneskap 31.12.2022	Endring
702811	Mellomvære med statskassen	-7 242	-8 730	1 488



Note A

Forklaring av samla tildeling – utgifter

Beløp i 1000 kroner

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Tildelingar i år	Samla tildeling
241.21	500	1500	2 000
271.01		123 180	123 180
271.21		4 207	4 207
275.21	800	1 000	1 800
Sum			131 187



Note B

Forklaring til brukte fullmakter og utrekning av mogleg overførbart beløp til neste år for bruttobudsjetterte verksemder

Beløp i 1000 kroner

Kapittel og post	Stikkord	Meirutgift (-)/ mindre-utgift	Utgiftsført av andre i samsvar med gitte belastningsfullmakter	Meirutgift (-)/ mindreutgift etter gitte belastningsfullmakter	Meirinntekter i samsvar med meirinntektsfullmakt	Omdisponering frå post 01 til 45 eller til post 01/21 frå løyvinga for neste år	Innsparingar	Sum grunnlag for overføring	Maksimalt overførbart beløp*	Mogleg overførbart beløp utrekna av verksemda
241.21		0		0				0		
271.01		75		75				75	6159	75
271.21/ 3271.01		-6 456		-6 456	6 543			87	210	87
275.21		0		0				0		

* Maksimalt beløp som kan overførast, er 5 prosent av årets løyving på driftspostane 01–29, sett bort frå post 24 eller summen av løyvinga for dei siste to åra for postar med stikkordet «kan overførast». Sjå rundskriv R-2 for meir detaljert informasjon om overføring av ubrukne løyvingar.

Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

Fullmakt til å overskride driftsløyvingar mot tilsvarande meirinntekter

Under kapittel 271 post 21 blir det ført utgifter som er knytte til oppgåver der NOKUT får eksterne midlar. Meirutgiftene er dekte inn med meirinntekt på kapittel 3271 post 01, jf. fullmakt frå KD.

Mogleg overførbart beløp

Kapittel 271 post 01 har eit mindreforbruk på 75 000 kroner, mens inntektskapittel 3271 post 02 har ei mindreinntekt på 96 000 kroner. Dette gjer at overføring av mindreforbruket ikkje er mogleg.

Nettoføring ved utskifting av utstyr

NOKUT har i 2023 hatt fullmakt til nettoføring ved utskifting av inventar i samband med verksemdsoverdraging av utlandsavdelinga til HK-dir og ny leigekontrakt. Det er inntektsført 62 495 kroner på kapittel 271 post 01.



Oppstilling av artskontorapporteringa for bruttobudsjetterte verksemder

Beløp i 1000 kroner

	Note	31.12.2023	31.12.2022
Driftsinntekter som er rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Innbetalinger frå gebyr		0	0
Innbetalinger frå tilskot og overføringar		10 663	9 964
Sals- og leigeinnbetalningar		474	199
Andre innbetalningar		157	0
Sum innbetalningar frå drift		11 294	10 163
Driftsutgifter som er rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Utbetalningar til lønn		98 301	133 890
Andre utbetalningar til drift		33 454	42 942
Sum utbetalningar til drift		131 755	176 832
Netto rapporterte driftsutgifter		120 461	166 669
Investerings- og finansinntekter som er rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Innbetaling av finansinntekter		0	0
Sum investerings- og finansinntekter		0	0
Investerings- og finansutgifter som er rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Utbetalt til investeringar		5 875	13 786
Utbetaling av finansutgifter		0	0
Sum investerings- og finansutgifter		5 875	13 786
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		5 875	13 786
Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten			
Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.		0	0
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten		0	0
Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten			
Utbetalningar av tilskot og stønader		0	0
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten		0	0
Inntekter og utgifter som er rapporterte på felleskapittel			
Arbeidsgivaravgift – konto 1986 (jf. kap. 5700)		12 221	16 427
Gruppelivsforsikring – konto 1985 (jf. kap. 5309)		149	172
Nettoføring for meirverdiavgift – konto 1987 (jf. kap. 1633)		6 973	9 757
Sum inntekter og utgifter som er rapporterte på felleskapittel		-5 397	-6 842
Netto utgifter som er rapporterte til løyvingsrekneskapen		120 939	173 613

Fortsett neste side

Framhald frå forrige side

Oversikt over mellomvære med statskassen	31.12.2023	31.12.2022
Eigedelar og gjeld		
Fordringar på tilsette	2	0
Skuldig skattetrekk og andre trekk	-4 703	-5 663
Skuldige offentlege avgifter	-56	-53
Avsett pensjonspremie til Statens pensjonskasse	-2 485	-2 306
Mottekte forskotbetalingar	0	0
Anna gjeld som inngår i mellomvære	0	-708
Sum mellomvære med statskassen	-7 242	-8 730
Kontrollsum		
Netto rapportert til løyvingerekneskapen (frå løyvingrapportering)	120 939	
Netto rapportert til løyvingerekneskapen (frå artskontorrapportering)	120 939	
Kontrollsum	0	

Prinsippnote - SRS

GENERELT

Verksemdsrekneskapen er sett opp i samsvar med dei gjeldande statlege rekneskapsstandardane (SRS).

PRINSIPP FOR REKNEKAPEN

Transaksjonsbaserte inntekter

Transaksjonar skal resultatførast til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekt skal resultatførast når ho er opptent. Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet der overføring av risiko og kontroll er overført til kjøparen. Sal av tenester blir inntektsført i takt med utføringa.

Inntekter frå løyvingar og inntekt frå tilskot og overføringar

Inntekt frå løyvingar og inntekt frå tilskot og overføringar skal resultatførast etter prinsippet om motsett samanstilling. Dette inneber at inntekt frå løyvingar og inntekt frå tilskot og overføringar skal resultatførast i takt med at aktivitetane som blir finansierte av desse inntektene, blir utførte, altså i same periode som kostnadene kjem (motsett samanstilling).

Bruttobudsjetterte verksemder har ei forenkla praktisering av prinsippet om motsett samanstilling ved at inntekt frå løyvingar blir rekna ut som differansen mellom kostnadene for perioden og opptente transaksjonsbaserte

inntekter og eventuelle inntekter frå tilskot og overføringar til verksemda. Ein konsekvens av dette er at resultat av aktivitetane i perioden blir null.

Kostnader

Utgifter som gjeld transaksjonsbaserte inntekter, blir kostnadsførte i same periode som den tilhøyrande inntekta.

Utgifter som blir finansierte med inntekt frå løyving og inntekt frå tilskot og overføringar, blir kostnadsførte i same periode som aktivitetane er gjennomførte og ressursane er forbrukte.

Pensjonar

SRS 25, «Behandling av ytelser til ansatte», legg til grunn ei forenkla rekneskapsmessig tilnærming til pensjonar. Statlege verksemder skal ikkje balanseføre netto pensjonsforpliktingar for ordningar til Statens pensjonskasse (SPK).

NOKUT resultatfører arbeidsgivardelen av pensjonspremien som pensjonskostnad. Pensjon blir kostnadsført som om pensjonsordninga i SPK var basert på ein innskotsplan.

Frå 2022 har SPK lagt om pensjonspremiemodellen for statlege verksemder. Frå 1. januar 2022 betaler NOKUT ein hendingsbasert arbeidsgivardel som er spesifikk for verksemda, som del av pensjonspremien. At premien er

spesifikk for verksemda, vil seie at han blir rekna ut basert på forholda i kvar enkelt verksemd, ikkje for grupper av verksemder samla. At han er hendingsbasert, vil seie at han tek omsyn til dei faktiske hendingsane i gruppa av medlemmer i verksemda, slik at premiereserven er à jour i forhold til oppteninga til medlemmen.

Leigeavtalar

NOKUT har valt å nytte forenkla metode i SRS 13 om leigeavtalar og klassifiserer alle leigeavtalar som operasjonelle leigeavtalar.

Klassifisering og vurdering av anleggsmiddel

Anleggsmiddel er varige og vesentlege eigedelar som verksemda disponerer. Med varige eigedelar meiner ein eigedelar med utnyttbar levetid på tre år eller meir. Med vesentlege eigedelar forstår ein eigedelar med innkjøpskost på 50 000 kroner eller meir. Anleggsmiddel er balanseført til innkjøpskost fråtrekt avskrivningar.

Kontorinventar og datamaskinar (PC-ar, serverar m.m.) med utnyttbar levetid på tre år eller meir er balanseført som egne grupper.

Varige driftsmiddel blir nedskrivne til verkeleg verdi ved endra bruk eller utnytting, dersom verkeleg verdi er lågare enn balanseført verdi.

Eigenutvikling av programvare

Kjøp av støtte til utvikling av programvare er

balanseført. Bruk av egne tilsette til utvikling av programvare er kostnadsført.

Klassifisering og vurdering av omløpsmiddel og kortsiktig gjeld

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eit år etter innkjøpstidspunktet. Andre postar er klassifiserte som anleggsmiddel / langsiktig gjeld.

Omløpsmiddel blir vurderte til det lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld skal balanseførast til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Behaldning av varer og driftsmateriell

Behaldningar omfattar varer for sal og driftsmateriell som blir nytta i eller utgjør ein integrert del av den offentlege tenesteytinga til verksemda. Innkjøpte varer er verdsette til innkjøpskost ved bruk av metoden først inn, først ut (FIFO). Behaldningar av varer er verdsette til det lågaste av innkjøpskost og netto realisasjonsverdi. Behaldningar av driftsmateriell er verdsette til innkjøpskost.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er førte opp i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetninga til tap blir gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane.

Valuta

Pengepostar i utanlandsk valuta er vurdert til kursen ved slutten av rekneskapsåret. Her er Noregs Banks spotkurs per 31. desember lagd til grunn.

Statens kapital

Statens kapital utgjør nettobeløpet av NOKUT sine eignedelar og gjeld, og kjem fram i rekneskapslinja for avrekningar i balanseoppstillinga. Bruttobudsjetterte verksemder presenterer ikkje konsernkontoane i Noregs Bank som bankinnskot. Konsernkontoane inngår i rekneskapslinja «Avrekna med statskassen».

STATLEGE RAMMEVILKÅR

Sjølvassurandørprinsipp

Staten opererer som sjølvassurandør. Det er følgeleg ikkje inkludert postar i balanse eller resultatrekneskap som søker å reflektere alternative netto forsikringskostnader eller forpliktingar.

Konsernkontoordninga til staten

Statlege verksemder blir omfatta av konsernkontoordninga til staten. Konsernkontoordninga inneber at alle innbetalingar og utbetalingar dagleg blir gjorde opp mot oppgjerskontoane for verksemda i Noregs Bank.

NOKUT blir ikkje tilført likvidar gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. For bruttobudsjetterte verksemder blir saldoen på den enkelte oppgjerskontoen i Noregs Bank nullstilt ved overgang til nytt rekneskapsår.

VERKSEMDSOVERDRAGING

NOKUT har frå 1. januar 2023 vore del av ei verksemdsoverdraging, der utlandsavdelinga blei flytta til HK-dir. Utlandsavdelinga hadde ca. 50 stillingar, og lønnskostnadene er følgeleg reduserte i 2023. I tillegg har det vore avgang i anleggsmiddel, der sakshandsamingssystemet e-Sam er det mest vesentlege i beløp. Det er lagt inn merknad i dei notane som har større endringar pga. verksemdsoverdraginga. Dei rekneskapsmessige verdiane er overført HK-dir med kontinuitet.

SAMANLIKNINGSTAL

Ifølge SRS 1, "Presentasjon av virksomhetsregnskapet", skal samanlikningstal i verksemdsrekneskapan omklassifiserast dersom det har vore endringar, med mindre det ikkje er praktisk mogleg.

Verksemdsoverdraginga per 1. januar 2023 påverkar rekneskapstala ettersom 1/3 av dei tilsette blei overførte til HK-dir, men NOKUT sine felleskostnader har ikkje vore førte på kvar avdeling, berre sentralt. Å omklassifisere 2022-rekneskapan ville såleis innebere vurderingar og utrekningar. Vi peiker derfor på at samanlikningstala frå 2022 i verksemdsrekneskapan også inkluderer utlandsavdelinga, som då var ein del av NOKUT.

NOTAR TIL REKNEKAPEN

NOKUT har nytta Kunnskapsdepartementet sin mal for oppstilling av årsrekneskapan for 2023. Alle notar i oppgjerspakken er likevel ikkje aktuelle for NOKUT, jf. notetilvising på linjer utan beløp.



Resultatrekneskap

Org.nr: 985 042 667

Beløp i 1000 kroner

	Note	31.12.2023	31.12.2022
Driftsinntekter			
Inntekt frå løyvingar	1	124 846	187 224
Inntekt frå tilskot og overføringar	1	11 654	9 965
Inntekt frå gebyr	1	0	0
Sals- og leigeinntekter	1	536	0
Andre driftsinntekter	1	68	0
Sum driftsinntekter		137 104	197 189
Driftskostnader			
Varekostnader		0	0
Lønnskostnader	2	100 474	132 938
Avskrivningar på varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar	4,5	4 980	19 068
Nedskrivningar av varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar	4,5	0	0
Andre driftskostnader	3	31 650	45 183
Sum driftskostnader		137 104	197 189
Driftsresultat		0	0
Finansinntekter og finanskostnader			
Finansinntekter	6	0	0
Finanskostnader	6	0	0
Sum finansinntekter og finanskostnader		0	0
Resultat av aktivitetane i perioden		0	0
Avrekningar og disponeringar			
Avrekning med statskassen (bruttobudsjettet)	7	0	0
Sum avrekningar og disponeringar		0	0
Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten			
Avgifter og gebyr direkte til statskassen	9	0	0
Avrekning med statskassen innkrevjingsverksemd	9	0	0
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten		0	0
Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten			
Tilskot til andre	10	0	0
Avrekning med statskassen for tilskotsforvaltning	10	0	0
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten		0	0

Reduserte inntekter og kostnader i 2023 samanlikna med 2022 har samanheng med verksemdsoverdraging, jf. prinsippnote SRS.



Balanse – Egedelar

Beløp i 1000 kroner

	Note	31.12.2023	31.12.2022
A. ANLEGGSMIDDEL			
I Immaterielle egedelar			
Programvare og liknande rettar*	4	14 810	33 416
Immaterielle egedelar under utføring	4	0	0
Sum immaterielle egedelar		14 810	33 416
II Varige driftsmiddel			
Tomter, bygningar og annan fast egedom	5	0	0
Maskiner og transportmiddel	5	0	0
Driftslausøyre, inventar, verktøy og liknande*	5	2 081	3 347
Anlegg under utføring	5	0	0
Infrastrukturegedelar	5	0	0
Sum varige driftsmiddel		2 081	3 347
III Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i aksjar og andelar	11	0	0
Obligasjonar		0	0
Andre fordringar		0	0
Sum finansielle anleggsmiddel		0	0
Sum anleggsmiddel		16 891	36 763

Fortsett neste side

Framhald frå forrige side

	Note	31.12.2023	31.12.2022
B. OMLØPSMIDDEL			
I Behaldningar av varer og driftsmateriell			
Behaldningar av varer og driftsmateriell	12	0	0
Sum behaldning av varer og driftsmateriell		0	0
II Fordringar			
Kundefordringar	13	58	1
Opptente, ikkje fakturerte inntekter	16	992	0
Andre fordringar	14	1217	5 154
Sum fordringar		2 267	5 155
III Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskot (utanfor konsernkontoordninga til staten)	17	0	0
Kontantar og liknande	17	0	0
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		0	0
Sum omløpsmiddel		2 267	5 155
Sum egedelar drift		19 158	41 918
IV Fordringar med omsyn til innkrevjingsverksemd og andre overføringar			
Fordringar med omsyn til innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten	9	0	0
Sum fordringar rundt innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten		0	0
Sum egedelar		19 158	41 918

*Reduserte egedelar i 2023 samanlikna med 2022 har samanheng med verksemdsoverdraging, jf. prinsippnote SRS.



Balanse – Statens kapital og gjeld

Beløp i 1000 kroner

	Note	31.12.2023	31.12.2022
C. STATENS KAPITAL			
I Verksemdskapital			
Sum verksemdskapital		0	0
II Avrekningar			
Avrekna med statskassen (bruttobudsjettet)*	7	-2 805	9 610
Sum avrekningar		-2 805	9 610
Sum statens kapital		-2 805	9 610
D. GJELD			
I Avsetning for langsiktige forpliktingar			
Avsetningar for langsiktige forpliktingar		0	0
Sum avsetning for langsiktige forpliktingar		0	0
II Anna langsiktig gjeld			
Anna langsiktig gjeld		0	0
Sum anna langsiktig gjeld		0	0
III Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		3 195	9 319
Skuldig skattetrekk		4 454	5 331
Skuldige offentlege avgifter		1 648	1 862
Avsette feriepengar*		7 235	9 588
Motteken forskotsbetaling	16	137	199
Anna kortsiktig gjeld*	18	5 294	6 009
Sum kortsiktig gjeld		21 963	32 308
Sum gjeld		21 963	32 308
Sum statens kapital og gjeld til drift		19 158	41 918
IV Gjeld med omsyn til tilskotsforvaltning og andre overføringar			
Gjeld med omsyn til tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten	10	0	0
Sum gjeld med omsyn til tilskotsforvaltning og andre overføringar		0	0
Sum statens kapital og gjeld		19 158	41 918

*Reduksjonen i statens kapital og gjeld i 2023 samanlikna med 2022 har samanheng med verksemdsoverdraging, jf. prinsippnote SRS.



Note 1

Spesifikasjon av driftsinntekter

Beløp i 1000 kroner

	31.12.2023	31.12.2022
Inntekt frå løyvingar		
Løyvingane i perioden*	124 846	187 224
Sum inntekt frå løyvingar	124 846	187 224
<small>Under tilvising til SRS 10 paragraf 6 skal inntekt frå løyvingar for bruttobudsjetterte verksemder reknast ut som differansen mellom kostnadene i perioden og opptente transaksjonsbaserte inntekter og eventuelle inntekter frå tilskot og overføringar til verksemda.</small>		
<small>* Reduserte kostnader i samband med verksemdsoverdraging gjer at også inntektsført løyving blir redusert, jf. prinsippnote SRS.</small>		
Inntekt frå gebyr		
Gebyr	0	0
Lisensar	0	0
Sum inntekt frå gebyr	0	0
Tilskot og overføringar frå andre statlege forvaltningsorgan		
Tilskot/overføring i perioden frå HK-dir	1 228	1 091
Tilskot/overføring i perioden i samband med nasjonal deleksamen	8 170	7 094
Netto tilskot i perioden frå andre statlege etatar	9 398	8 185
Tilskot/overføring i perioden direkte frå Noregs forskingsråd (NFR)	460	0
+ tilskot i perioden frå NFR via andre verksemder (+)	0	0
Netto tilskot i perioden frå NFR	460	0
Sum tilskot og overføringar frå statlege etatar	9 858	8 185
Tilskot og overføringar frå andre		
Tilskot/overføring i perioden frå regionale forskingsfond (RFF)	0	0
Netto tilskot/overføring i perioden frå RFF	0	0
Tilskot/overføring i perioden frå kommunale og fylkeskommunale etatar	0	0
Tilskot/overføring i perioden frå organisasjonar og stiftelsar	0	0
Tilskot/overføring i perioden frå næringsliv og private i samband med nasjonal deleksamen	1 088	1 022
Tilskot/overføring i perioden frå andre bidragsytarar	0	63
Netto tilskot/overføring i perioden frå diverse bidragsytarar	1 088	1 085
Tilskot/overføring i perioden frå EU til undervisning og anna	708	695
+ tilskot/overføring i perioden frå EU til undervisning og anna frå andre (+)	0	0
Netto tilskot/overføring i perioden frå EU til undervisning og anna	708	695
Sum tilskot til annan bidragsfinansiert aktivitet	1 796	1 780
Sum inntekt frå tilskot og overføringar	11 654	9 965
Sals- og leigeinntekter		
Konferanseinntekter	536	0
Sum andre sals- og leigeinntekter	536	0
Sum sals- og leigeinntekter	536	0
Andre driftsinntekter		
Gevinst ved avgang anleggsmiddel	57	0
Andre inntekter	11	0
Sum andre driftsinntekter	68	0
Sum driftsinntekter	137 104	197 189



Note 2

Lønnskostnader

Beløp i 1000 kroner

DEL I

	31.12.2023	31.12.2022
Lønn*	60 272	84 920
Feriepengar*	8 606	11 505
Arbeidsgivaravgift*	12 519	16 292
Pensjonskostnader ¹ *	5 379	7 730
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-4 535	-5 605
Andre ytingar	18 233	18 096
Sum lønnskostnader	100 474	132 938
<hr/>		
Mengd utførte årsverk:	78	122

¹ Premiesatsen for arbeidsgivardelen utgjorde i 2023 9 prosent (arbeidsgivardel av pensjonspremien/ pensjonsgrunnlaget i 2023 rapportert til SPK). For rekneskapsåret 2022 utgjorde premiesatsen 8,5 prosent.

* Reduserte kostnader i 2023 har samband med verksemdsoverdraging, jf. prinsippnote SRS.

DEL II

Lønn og godtgjeringar til leiande personar	Lønn	Andre godtgjeringar
Styreleiar	129 000	
Administrerande direktør	1 669 055	4 392

Lønn og godtgjeringar til leiande personar er ført opp i kroner for budsjettåret 2023.



Note 3

Andre driftskostnader

Beløp i 1000 kroner

	31.12.2023	31.12.2022
Husleige	7 925	10 671
Vedlikehold og ombygging av leigde lokale	527	54
Andre kostnader til drift av eiedom og lokale	2 247	3 303
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr osv.	1	14
Mindre utstysinnkjøp	242	669
Tap og liknande	53	0
Leige av maskiner, inventar og liknande	2 607	1 784
Kjøp av konsulenttenester	4 440	5 538
Kjøp av andre framande tenester	8 810	15 522
Reiser og diett	1 315	2 272
Ytterlegare driftskostnader	3 483	5 356
Sum andre driftskostnader*	31 650	45 183

* Reduksjonen i kostnader i 2023 er knytt til verksemdsoverdraging, jf. prinsippnote SRS.

Tilleggsinformasjon om operasjonelle leigeavtaler

	TYPE EIGEDEL					Sum
	Immaterielle egedelar	Tomter, bygningar og annan fast eiedom	Maskiner og transport-middel	Driftslausøyre, inventar, verktøy og liknande	Infrastruktur-eigedelar	
Varigheit inntil 1 år	2 436	7 421		171		10 028
Varigheit 1-5 år						0
Varigheit over 5 år		504				504
Kostnadsført leigebetaling for perioden	2 436	7 925	0	171	0	10 532

NOKUT har frå 1. desember 2023 inngått ny husleigeavtale som gjeld for 10 år, og tidlegare husleigeavtale blei avslutta 18. desember 2023. Årleg husleigekostnad for 2023 er 7 925 000 kroner.



Note 4

Immaterielle egedelar

Beløp i 1000 kroner

	Programvare og liknande rettar	Immaterielle egedelar under utføring	Sum
Innkjøpskost 31.12.2022	107 296	0	107 296
+ tilgang i 2023 (+)	5 050	0	5 050
- avgang innkjøpskost verksemdsoverdraging 2023 (-)*	-88 887	0	-88 887
- avgang innkjøpskost 2023 (-)	0	0	0
+/- frå egedel under utførelse til anna gruppe (+/-)	0	0	0
Innkjøpskost 31.12.2023	23 459	0	23 459
- akkumulerte nedskrivningar 31.12.2022 (-)	0	0	0
- nedskrivningar i 2023 (-)	0	0	0
- akkumulerte avskrivningar per 31.12.2022 (-)	-73 880	0	-73 880
- ordinære avskrivningar i 2023 (-)	-3 738	0	-3 738
+ akk. avskrivning avgang verksemdsoverdraging i 2023 (+)*	68 969	0	68 969
+ akkumulert avskrivning avgang i 2023 (+)	0	0	0
Balanseført verdi 31.12.2023	14 810	0	14 810

Avskrivingssatsar (levetider)	5 år / lineært	Ingen
-------------------------------	----------------	-------

Avhending av immaterielle egedelar i rekneskapsåret:

Salssum ved avgang anleggsmiddel	0	0	0
- Bokført verdi avhende anleggsmiddel	0	0	0
Rekneskapsmessig gevinst/tap	0	0	0

* Avgang som har samband med verksemdsoverdraging er vist på egne linjer, jf. prinsippnote SRS.



Note 5

Varige driftsmiddel

Beløp i 1000 kroner

	Tomter	Bygninger og annen fast eiendom	Maskiner og transportmiddel	Drifts- lausøyre, inventar, verktøy o.l.	Anlegg under utføring	Infras- struktur- eigedeler	Sum
Innkjøpskost 31.12.2022	0	0	0	11 672	0	0	11 672
+ tilgang i 2023(+)	0	0	0	337	0	0	337
- avgang innkjøpskost verksemdsoverdraging 2023(-)*	0	0	0	-1 693	0	0	-1 693
- avgang innkjøpskost i 2023(-)	0	0	0	-3 304	0	0	-3 304
+/- frå anlegg under utføring til anna gruppe(+/-)	0	0	0	0	0	0	0
Innkjøpskost 31.12.2023	0	0	0	7 012	0	0	7 012
- akkumulerte nedskrivningar per 31.12.2022(-)	0	0	0	0	0	0	0
- nedskrivningar i 2023(-)	0	0	0	0	0	0	0
- akkumulerte avskrivningar 31.12.2022(-)	0	0	0	-8 325	0	0	-8 325
- ordinære avskrivningar i 2023(-)	0	0	0	-1 242	0	0	-1 242
+ akk. avskr. avgang verksemdsoverdraging 2023(+)*	0	0	0	1 474	0	0	1 474
+ akkumulert avskrivning avgang i 2023(+)	0	0	0	3 162	0	0	3 162
Balanseført verdi 31.12.2023	0	0	0	2 081	0	0	2 081

Avskrivingssatsar (levetider)	Inga avskrivning	10-60 år dekomponert lineært	3-15 år lineært	3-15 år lineært	Inga avskrivning	Verksemds-spesifikt	Sum
Avhending av varige driftsmiddel i rekneskapsåret							
Salssum ved avgang anleggsmiddel	0	0	0	146	0	0	146
- bokført verdi av avhenda anleggsmiddel(-)	0	0	0	-142	0	0	-142
Rekneskapsmessig gevinst/tap	0	0	0	4	0	0	4

* Avgang som har samband med verksemdsoverdraging er vist på egne linjer, jf. prinsippnote SRS.



Note 7A

Samanheng mellom avrekning med statskassen og mellomvære med statskassen (bruttobudsjetterte verksemder)

Beløp i 1000 kroner

Del A Forklaring til at resultatet frå perioden ikkje er lik endring i avrekninga med statskassen i balansen (kongruensavvik)

	31.12.2023	31.12.2022	Endring
Avrekninga med statskassen i balansen ¹	-2 805	9 610	-12 415

Bakgrunnen for at resultatet frå perioden ikkje er lik endring i avrekninga med statskassen i balansen for bruttobudsjetterte verksemder er at konsernkontoane i Noregs Bank inngår som ein del av avrekninga med statskassen i balansen. I tillegg blir det teke omsyn til enkelte transaksjonar som ikkje er knytte til drifta og transaksjonane for verksemda, og som ikkje medfører ut- eller innbetaling. Nedanfor kan ein sjå dei ulike postane som er grunnen til at endring i avrekninga med statskassen i balansen ikkje er lik resultatet frå perioden.

Endring i avrekninga med statskassen

	Endring
Konsernkontoar i Noregs Bank	
Konsernkonto utbetaling (-)	-142 544
Konsernkonto innbetaling (+)	20 117
Netto trekk konsernkonto	-122 427
Innbetalinger og utbetalinger som ikkje inngår i drifta for verksemda (er gjennomstrøymingspostar)	
Innbetaling innkrevjingsverksemd og andre overføringar (-)	0
Utbetaling tilskotsforvaltning og andre overføringar (+)	0
Bokføringar som ikkje går over bankkonto, men går direkte mot avrekning med statskassen	
Inntektsført frå løyving (underkonto 1991 og 1992)(+)	124 846
Gruppeliv/arbeidsgivaravgift (underkonto 1985 og 1986)(-)	-12 370
Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift (underkonto 1987)(+)	6 398
Verksemdsoverdraging - avgang anleggsmiddel (underkonto 1990)*	20 138
Verksemdsoverdraging - tilbakeført avsetjing for ubrukte feriedagar/fleksitid (underkonto 1990)*	-863
Verksemdsoverdraging - korrigerings av avsetjing for feriepengar (underkonto 1993)*	-3 307
Andre avstemmingspostar	
Spesifikasjon av andre avstemmingspostar	0
Forskjell mellom resultatført og netto trekk på konsernkonto	12 415
Resultat av aktivitetane i perioden før avrekning mot statskassen	0
Sum endring i avrekning med statskassen ¹	12 415

¹ Sum endring i avrekning med statskassen skal stemme med sum i endringskolonnen ovanfor

Kontroll: 0

* Postane har samanheng med verksemdsoverdraging, jf. prinsippnote SRS.



Note 7B

Samanheng mellom avrekning med statskassen og mellomvære med statskassen (bruttobudsjetterte verksemder)

Beløp i 1000 kroner

Del B Forskjellen mellom avrekning med statskassen og mellomvære med statskassen

	31.12.2023	31.12.2023	
	Spesifisering av bokført avrekning med statskassen	Spesifisering av rapportert mellomvære med statskassen	Differanse
Immaterielle egedelar, varige driftsmiddel			
Immaterielle egedelar	14 810	0	14 810
Varige driftsmiddel	2 081	0	2 081
Sum	16 891	0	16 891
Finansielle anleggsmiddel			
Investering i aksjar og eigarpartar	0	0	0
Obligasjonar	0	0	0
Andre fordringar	0	0	0
Sum	0	0	0
Omløpsmiddel			
Behaldning av varer og driftsmateriell	0	0	0
Kundefordringar	58	0	58
Andre fordringar	1 217	2	1 215
Opptente, ikkje fakturerte inntekter	992	0	992
Bankinnskot, kontantar og liknande	0	0	0
Fordringar rundt innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten	0	0	0
Sum	2 267	2	2 265
Langsiktige forpliktingar og gjeld			
Anna langsiktig gjeld	0	0	0
Avsetningar til langsiktige forpliktingar	0	0	0
Sum	0	0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-3 195	0	-3 195
Skuldig skattetrekk og andre trekk	-4 454	-4 703	249
Skuldige offentlege avgifter	-1 648	-56	-1 592
Avsette feriepengar	-7 235	0	-7 235
Motteken forskotsbetaling	-137	0	-137
Anna kortsiktig gjeld	-5 294	-2 485	-2 809
Gjeld med omsyn til tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten	0	0	0
Sum	-21 963	-7 244	-14 719
Sum	-2 805	-7 242	4 437

Mellomvære med statskassen omfattar kortsiktige fordringar og gjeld som etter økonomiregelverket er rapportert til statsrekneskapen (S-rapport). Avrekna med statskassen viser finansiering av netto egedelar og gjeld for verksemda.



Note 13

Kundefordringar

Beløp i 1000 kroner

	31.12.2023	31.12.2022
Kundefordringar til pålydande	58	1
Avsett til latent tap (-)	0	0
Sum kundefordringar	58	1



Note 14

Andre kortsiktige fordringar

Beløp i 1000 kroner

	31.12.2023	31.12.2022
Forskotsbetalt lønn	0	0
Reiseforskot	2	0
Personallån	0	0
Andre fordringar på tilsette	0	0
Forskotsbetalt leige	786	3 525
Andre forskotsbetalte kostnader	190	898
Andre fordringar	239	731
Sum andre kortsiktige fordringar	1 217	5 154



Note 16

Opptente, ikkje fakturerte inntekter / motteken forskotsbetaling

Beløp i 1 000 kroner

Del I

	31.12.2023	31.12.2022
Opptente, ikkje fakturerte inntekter		
Statlege etatar	992	0
Kommunale og fylkeskommunale etatar	0	0
Organisasjonar og stiftelsar	0	0
Næringsliv/private	0	0
Andre prosjekt	0	0
Sum opptente, ikkje fakturerte inntekter	992	0

Del II

	31.12.2023	31.12.2022
Motteken forskotsbetaling		
Statlege etatar	0	0
Kommunale og fylkeskommunale etatar	0	0
Organisasjonar og stiftelsar	0	0
Næringsliv/private	0	0
Andre prosjekt	137	199
Sum motteken forskotsbetaling	137	199



Note 18

Anna kortsiktig gjeld


Beløp i 1 000 kroner

	31.12.2023	31.12.2022
Skuldig lønn	0	0
Anna gjeld til tilsette	4 296	3 979
Påkomne kostnader	998	1 322
Anna kortsiktig gjeld	0	708
Sum	5 294	6 009



Drammensveien 288
Postboks 578
1327 lysaker
Tlf. 21 02 18 00

nokut.no



DESIGN: Apriil | FOTO: Christopher Hansen, NOKUT-arkiv, Pixabay og Unsplash.

